Kor stor del av forbruket av frukt og bær som er importert vare, ser ein av figur 5 og tabell 9. Mykje av importen er vareslag som ikkje blir dyrka her i landet. Dette gjeld i første rekkje citrusfrukter, bananar og druer, men det er og ein god del suppleringsimport utanom sesongen av vareslag vi sjøl kan dyrke. Importen var svært liten dei første etterkrigsåra, men har sidan auka sterkt, slik at i 1974 utgjorde han vel 2/3 av forbruket, rekna som frisk vekt. I dei siste førkrigsåra utgjorde importen ca. halvparten av forbruket.

Importen av eple har auka jamt. I starten på 1970-talet var om lag 40 prosent av epleforbruket dekt av utanlandsk vare. For pære har og importen auka sterkt slik at vel halvparten av forbruket dei seinare åra har vore importert vare, medan det i 1948/50 ikkje blei registrert nokon nettoimport. Også for plommer, kirsebær og jordbær er det registrert litt import dei siste åra.

Den største importen gjeld annan frukt og bær (medrekna tørka, hermetisk og sylta frukt). Av desse vareslaga var 90 prosent importert i 1972/74.

Tabell 9. Frukt og bær. Del av forbruket som er importert. Prosent. 1937/39 - 1972/74 *Fruits and berries. Part of consumption imported. Per cent. 1937/39 - 1972/74*

Frukt- og bærslag <i>Sort of fruits and berries</i>	1937- 1939	1948- 1950	1958- 1960	1968- 1970	1972- 1974
I alt <i>Total</i>	49,5	19,5	51,8	63,5	70,3
Eple <i>Apples</i>	16,9	2,6	22,5	30,5	41,6
Pære <i>Pears</i>	15,7	-	34,4	42,5	56,2
Plomme <i>Plums</i>	0,3	0,1	0,7	2,8	5,6
Kirsebær <i>Cherries</i>	-	-	0,4	3,7	5,5
Jordbær <i>Strawberries</i>	-	-	1,1	4,8	8,5
Annan frukt og bær <i>Other fruits and berries</i>	76,3	50,3	82,6	88,8	90,7

Tabell 10. Grønnsaker. Del av forbruket som er importert. Prosent. 1937/39 - 1972/74 *Vegetables. Part of consumption imported. Per cent. 1937/39 - 1972/74*

Grønsslagslag <i>Sort of vegetables</i>	1937- 1939	1948- 1950	1958- 1960	1968- 1970	1972- 1974
I alt <i>Total</i>	13,6	9,5	15,3	16,5	18,2
Kål <i>Cabbage</i>	2,2	0,6	7,2	5,1	6,3
Gulrot <i>Carrots</i>	3,7	0,5	3,7	2,8	1,8
Tomat <i>Tomatoes</i>	10,1	3,9	17,4	24,2	26,8
Andre grønnsaker <i>Other vegetables</i>	49,3	41,8	42,4	44,2	45,6

Når det gjeld grønnsaker (figur 5 og tabell 10), så utgjorde importen mindre enn 20 prosent av forbruket i 1972/74. Det har vore auke i importen frå 1948/50 til 1972/74, men ikkje særleg stor. Som for frukt og bær er ein del av importen suppleringsimport utanom sesongen for norsk produksjon, medan resten gjeld kulturar som ikkje blir dyrka her i landet. Importen av tomatar har auka ein god del frå 1948/50 til 1972/74. Av samleposten "andre grønnsaker" er 40-45 prosent importert vare.

I det tidsrommet denne analysen omhandlar, har det ikkje vore nemnande eksport av norske hagebruksprodukt.

III. VEKSTHUS OG BENKEGARTNERI

1. Generelt

Som i mange andre næringer har det også i gartnerinæringa skjedd ei strukturendring til færre og større einingar. Går ein tilbake til 1959, var det nær 3 000 bruk som hadde minst 100 m² areal under glas/plast. I 1969 var det ca. 2 700 slike bruk og i 1974 hadde det minka til vel 2 300.

I 10-årsperioden 1959-1969 auka storleiken på verksemdene frå gjennomsnittleg 667 m² i 1959 til 828 m² i 1969. Det samla arealet under glas/plast auka derfor i denne perioden. I 1974 hadde gjennomsnittstorleiken auka til 938 m², men trass i dette var det ein liten nedgang i det samla arealet frå 1969 til 1974.

Tabell 11. Veksthus og benkegartneri¹⁾. Verksemdar og areal, etter storleiken på verksemdene. 1959, 1969 og 1974 *Greenhouse nurseries*¹⁾. Number and area of establishments, by size. 1959, 1969 and 1974

År Year	I alt Total	100- 499 m ²	500- 999 m ²	1 000- 1 999 m ²	2 000- 4 999 m ²	5 000- 9 999 m ²	10 000 m ² og over and more
Verksemdar Number of establishments							
1959 ²⁾	2 975	1 864	676	308	100	27	
1969	2 705	1 296	771	438	160	31	9
1974	2 323	1 011	676	391	203	33	9
Area. Dekar Area. Decares							
1959 ²⁾	1 983	541	497	428	294	223	
1969	2 239	349	519	575	448	201	147
1974	2 179	276	450	514	554	219	166

1) Tabellane for veksthus og benkegartneri omfattar ikkje verksemdar med mindre enn 100 m² under glas/plast. 2) Ved teljinga i 1959 var inndelinga: 101 - 500 m², 501 - 1 000 m², osv.

1) The data on greenhouse nurseries do not include establishments with less than 100 m² under glass/plastics. 2) In 1959 the classification was: 101 - 500 m², 501 - 1 000 m² and so on.

Utviklinga i brukstal og areal er vist i tabell 11. I perioden 1959-1969 var det berre bruk med mindre enn 500 m² under glas/plast det blei færre av. Frå 1969 til 1974 gjorde nedgangen seg gjeldande for alle bruksstorleikar heilt opp til 2 000 m².

Tabell 12 viser meir i detalj storleiksendringane frå 1969 til 1974 for gartneri av ulik storleik i 1969. Det går fram av tabellen (og av tabell 13) at det var ein langt større del av små enn av store gartneri som blei nedlagt i 5-årsperioden.

Av gartneria som var i drift både i 1969 og 1974 hadde størsteparten om lag uendra storleik dei to åra. Av dei som hadde endra storleik hadde dei fleste gått til næraste storleiksgruppe anten oppover eller nedover. Av gartneria som var små i 1969 var det også nokre få som hadde utvida så mykje at dei i 1974 var forholdsvis store.

Av gartneria som blei nystarta i perioden 1969-1974 var dei fleste små i 1974, men det var også nokre som starta opp med relativt store anlegg.

Tabell 12. Verksemder med minst 100 m² under glas/plast i 1969 og/eller 1974, etter areal under glas/plast i 1969 og 1974 *Establishments with 100 m² and more under glass/plastics in 1969 and/or 1974, by area under glass/plastics in 1969 and 1974*

	1974	Verkse- der i alt 1974 <i>Number of establish- ments in 1974, total</i>	100- 199 m ²	200- 499 m ²	500- 999 m ²	1 000- 1 999 m ²	2 000- 4 999 m ²	5 000 m ² og over and more	Utan areal under glas/plast i 1974 <i>Without area under glass/ plastics in 1974</i>
1969									
Verksemders i alt 1969 <i>Number of establishments in 1969, total</i>		2 705							
		2 323	195	600	622	361	193	39	695
100 - 199 m ²		192	119	62	6	3	2	-	193
200 - 499 "		617	69	442	94	8	4	-	294
500 - 999 "		648	6	90	447	91	14	-	123
1 000 - 1 999 "		379	1	6	72	237	62	1	59
2 000 - 4 999 "		142	-	-	3	22	106	11	18
5 000 m ² og over <i>and more</i>		32	-	-	-	-	5	27	8
Utan areal under glas/plast i 1969 <i>Without area under glass/ plastics in 1969</i>		313	102	114	54	30	10	3	..

Tabell 13. Verksemder som slutta i perioden 1969-1974 og verksemder med oppgaver både i 1969 og 1974, etter areal under glas/plast i 1969. Prosent *Establishments which were discontinued in the period 1969-1974 and establishments with data both in 1969 and 1974, by area under glass/plastics in 1969. Per cent*

	I alt <i>Total</i>	100- 199 m ²	200- 499 m ²	500- 999 m ²	1 000- 1 999 m ²	2 000- 4 999 m ²	5 000 m ² og over and more	Verksemders med areal under glas/plast i 1969 <i>Number of establish- ments with area under glass/ plastics in 1969</i>
Alle verksemder i 1969 <i>All establishments in 1969</i>	100,0	14,2	33,7	28,5	16,2	5,9	1,5	2 705
Verksemders som slutta i perioden 1969- 1974 <i>Establishments discontinued in the period 1969-1974</i>	100,0	27,8	42,3	17,7	8,5	2,6	1,1	695
Verksemders med oppgaver både i 1969 og 1974 <i>Establishments with data both in 1969 and 1974</i>	100,0	9,6	30,7	32,2	18,8	7,1	1,6	2 010

Tabell 14. Verksemder med oppgaver både i 1969 og 1974, etter areal under glas/plast i 1969 og etter areal under glas/plast i 1974. Prosent *Establishments with data both in 1969 and 1974, by area under glass/plastics in 1969 and by area under glass/plastics in 1974. Per cent*

	I alt Total	100- 199 m ²	200- 499 m ²	500- 999 m ²	1 000- 1 999 m ²	2 000- 4 999 m ²	5 000 m ² og over and more	Verk- semder i alt Number of estab- lish- ments, total
					Prosent	Per cent		
1969	100,0	9,6	30,7	32,2	18,8	7,1	1,6	2 010
1974	100,0	9,7	29,9	30,9	18,0	9,6	1,9	2 010

Tabell 15. Verksemder som starta i perioden 1969-1974 og verksemder med oppgaver både i 1969 og 1974, etter areal under glas/plast i 1974. Prosent *Establishments which started in the period 1969-1974 and establishments with data both in 1969 and 1974, by area under glass/plastics in 1974. Per cent*

	I alt Total	100- 199 m ²	200- 499 m ²	500- 999 m ²	1 000- 1 999 m ²	2 000- 4 999 m ²	5 000 m ² og over and more	Verksemder med areal under glas/ plast i 1974 Number of establishments with area under glass/ plastics in 1974
					Prosent	Per cent		
Alle verksemder i 1974 <i>All establishments in 1974</i>	100,0	12,8	30,8	29,1	16,8	8,7	1,8	2 323
Verksemder som starta i perioden 1969-1974 <i>Establishments which started in the period 1969-1974</i>	100,0	32,6	36,4	17,3	9,6	3,2	0,9	313
Verksemder med oppgaver både i 1969 og 1974 <i>Establishments with data both in 1969 and 1974</i>	100,0	9,7	29,9	30,9	18,0	9,6	1,9	2 010

Tabell 16. Verksemder og areal prosentvis fordelt, etter fylke. 1949-1974 *Number and area of establishments, by county. Per cent. 1949-1974*

Fylke County	Verksemder Number of establishments				Areal Area			
	1949	1959	1969	1974	1949	1959	1969	1974
					Prosent	Per cent		
Heile landet <i>The whole country</i>	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0
Østfold	9,6	6,0	5,8	5,8	10,6	8,4	9,2	8,7
Akershus	16,7	8,4	7,4	7,7	23,7	11,6	10,5	10,6
Oslo		3,2	1,7	1,5		7,4	3,1	2,5
Hedmark	4,5	3,4	4,1	3,7	5,0	3,4	3,3	3,1
Oppland	3,7	3,0	3,5	3,3	3,5	3,1	3,0	2,9
Buskerud	9,5	6,6	7,1	7,6	11,6	8,8	8,7	9,5
Vestfold	6,3	6,1	6,6	6,9	8,9	7,8	8,1	9,0
Telemark	3,9	2,7	3,3	3,4	2,9	2,5	2,9	3,0
Aust-Agder	1,7	2,6	3,1	3,3	1,9	2,4	3,4	3,1
Vest-Agder	2,8	2,2	2,2	2,3	1,9	1,8	2,4	2,4
Rogaland	19,6	31,4	30,5	28,3	14,6	25,6	28,1	26,8
Hordaland	6,0	10,1	9,5	8,9	5,2	6,6	6,8	6,6
Sogn og Fjordane	2,3	1,5	2,0	2,2	1,0	1,0	1,2	1,3
Møre og Romsdal	3,4	4,7	4,1	4,2	2,2	2,7	2,7	3,0
Sør-Trøndelag	3,0	3,0	2,6	2,7	3,7	3,3	2,8	3,0
Nord-Trøndelag	3,5	3,0	3,3	4,0	1,8	1,9	1,9	2,1
Nordland	2,3	1,3	1,7	2,4	0,8	1,0	1,1	1,4
Troms	1,0	0,7	1,2	1,5	0,7	0,6	0,7	0,8
Finmark	0,2	0,1	0,3	0,3	0,0	0,1	0,1	0,2

Gartneria er ulikt fordelte geografisk. Dette heng saman med klimatiske og marknadsmessige tilhøve, og delvis også med det faglege miljø. Går ein tilbake til 1949, var ein stor del av arealet under glas konsentrert til Oslo og næraste omland. Særleg av dei store verksemdene var det relativt mange i dette distriktet. Rogaland var det fylket som hadde flest bruk med areal under glas, men einingane var her jamt over mindre.

Konsentrasjonen i Oslo-området hadde nær samanheng med marknadstilhøva. Det var stort sett snakk om produkt med svært lita lagringsevne, og som derfor tålte lite transport. Etter kvart som transportteknikken og kjøleteknikken har utvikla seg, har avstanden frå marknaden fått mindre å seie, jamvel om transporten representerar ein kostnadsfaktor.

I perioden er mykje av gartnerijorda i Oslo-området brukt til utbyggingsformål og ekspansjonen i næringa har skjedd andre stader. Alt i 1959 var Rogaland det klart leiande gartnerifylket i landet, og seinare har fylket halde på denne posisjonen. Det er grønsakdyrkinga som har dominert i Rogaland og det er særleg kommunane Finnøy og Rennesøy som har hatt ein stor produksjon. I 1959 var 18 prosent av tomatarealet og 23 prosent av agurkarealet i heile landet i desse to kommunane. I 1974 hadde tomat-arealet auka til 39 prosent, medan agurkarealet hadde minka til 9 prosent.

Den gradvise auken i blomsterdyrkinga har skjedd i andre strøk, og kanskje særleg i Buskerud (Lier) og Vestfold. Det er elles ein noko anna struktur i blomsterdyrkinga enn i grønsakdyrkinga, i det ein stor del av produksjonen skjer i relativt få, store verksemdar.

Bortsett frå det som er sagt om utviklinga i Oslo-distriktet, har det ikkje skjedd særlege endringar fylka imellom frå 1959 til 1974. Rogaland har heile tida hatt mellom 25 og 30 prosent av arealet under glas/plast. Andre "store" gartnerifylke er Østfold, Akershus, Buskerud og Vestfold.

Tabell 17. Verksemdar og areal, etter sentraliteten til kommunen der verksemda ligg. 1969 og 1974
Number and area of establishments, by centrality of the municipality in which the establishment is situated. 1969 and 1974

Sentralitet <i>Centrality</i>	Tal verksemdar <i>Number of establishments</i>		Areal under glas/plast <i>Area under glass/plastics</i>			
			I alt <i>Total</i>		Pr. verksemd <i>Per establishment</i>	
	1969	1974	1969	1974	1969	1974
			Dekar <i>Decares</i>		m ²	
Heile landet <i>The whole country</i>	2 705	2 323	2 239	2 179	828	938
Mindre sentrale kommunar <i>Municipalities remotely situated</i>	901	788	528	531	586	674
Sentrale kommunar <i>Municipalities centrally situated</i>	741	639	629	593	849	928
Særleg sentrale kommunar <i>Municipalities very centrally situated</i>	1 063	896	1 082	1 055	1 018	1 177

Av tabell 18 kan ein sjå at arealet under glas/plast pr. innbyggjar aukar med aukande sentralitet for kommunen arealet ligg i. Variasjonane innafor gruppene er likevel svært store. Som før nemnt står kommunane Finnøy og Rennesøy i ei særstilling. Skildnadene etter sentralitet har samanheng med at forbruket av veksthusprodukt aukar med aukande sentralitet. Dette er sjølvstøtt eit resultat av både tilbod og etterspurnad.

Frå 1969 til 1974 er arealet under glas/plast om lag uendra i mindre sentrale strøk, medan det har minka noko i meir sentrale strøk.

Tabell 18. Areal under glas/plast pr. innbyggjar i kommunar med ulik sentralitet. 1969 *Area under glass/plastics per inhabitant in municipalities with different centrality. 1969*

Sentralitet <i>Centrality</i>	Folketal 1970 <i>Population 1970</i>	Areal under glas/plast 1969 <i>Area under glass/plastics 1969</i>	Areal under glas/plast pr. innbyggjar <i>Area under glass/plastics per inhabitant</i>
	1 000 personar <i>persons</i>	Dekar <i>Decares</i>	m ²
Alle kommunar <i>All municipalities</i>	3 874	2 239	0,58
Mindre sentrale kommunar, i alt <i>Municipalities remotely situated</i>	1 111	528	0,48
Finnøy og Rennesøy	5	263	56,84
Andre <i>Other</i>	1 106	265	0,24
Sentrale kommunar <i>Municipalities centrally situated</i>	1 072	629	0,59
Særleg sentrale kommunar <i>Municipalities very centrally situated</i>	1 691	1 082	0,64

Tabell 19. Areal under glas/plast fordelt på veksthus (med og utan varmeanlegg) og vekstbenker. Prosent. 1959, 1969 og 1974 *Area under glass/plastics specified on greenhouses (heated and unheated) and forcing frames. Per cent. 1959, 1969 and 1974*

Ar <i>Year</i>	Veksthusareal <i>Area of greenhouses</i>				Vekst- benk- areal <i>Area of forcing frames</i>	Areal under glas/plast, i alt <i>Area under glass/ plastics, total</i>
	I alt <i>Total</i>	Med varme- anlegg <i>Heated green- houses</i>		Utan varme- anlegg <i>Unheated green- houses</i>		
		Prosent	Per cent			
1959	100,0	72,2	61,2	11,0	27,8	1 983
1969	100,0	84,9	74,3	10,6	15,1	2 239
1974	100,0	91,6	83,6	8,0	8,4	2 179

Arealet under glas/plast kan delast i to hovudgrupper: Veksthus og vekstbenker. Innanfor gruppa veksthus er det vidare skilt mellom areal med varmeanlegg og areal utan varmeanlegg. Utviklinga har vore svært ulik for dei ulike gruppene. I 1959 utgjorde vekstbenkarealet 560 000 m² eller 28 prosent av alt areal under glas/plast. I 1974 utgjorde vekstbenkene vel 180 000 m² eller 8 prosent av det samla arealet. Arealet av veksthus utan varmeanlegg har endra seg relativt lite i desse 15 åra, men var litt mindre i 1974 enn i 1969. Arealet av veksthus med varmeanlegg auka også frå 1969 til 1974, jamvel om auken pr. år var noko mindre enn i 10-årsperioden 1959-1969. I 1974 var 84 prosent av alt areal under glas/plast i veksthus med varmeanlegg, mot 74 prosent i 1969 og 61 prosent i 1959. Når ein vurderar utviklinga i arealet under glas/plast, er det klart at denne sterke omlegginga frå benker til veksthus med varmeanlegg har mykje å seie både for kapasiteten og ressursforbruket i næringa.

Tabell 20. Areal under glas/plast fordelt på veksthus (med og utan varmeanlegg) og vekstbenker, ved verksemdar av ulik storleik. Prosent. 1969 og 1974 *Area under glass/plastics specified on greenhouses (heated and unheated) and forcing frames, for establishments of different size. Per cent. 1969 and 1974*

Areal under glas/plast <i>Area under glass/plastics</i>	1969				1974			
	I alt <i>Total</i>	Veksthus med varmeanlegg <i>Heated greenhouses</i>	Veksthus utan varmeanlegg <i>Unheated greenhouses</i>	Vekstbenker <i>Forcing frames</i>	I alt <i>Total</i>	Veksthus med varmeanlegg <i>Heated greenhouses</i>	Veksthus utan varmeanlegg <i>Unheated greenhouses</i>	Vekstbenker <i>Forcing frames</i>
Alle verksemdar <i>All establishments</i>	100,0	74,3	10,6	15,1	100,0	83,6	8,0	8,4
100 - 199 m ²	100,0	36,1	35,9	28,0	100,0	44,9	29,6	25,5
200 - 499 "	100,0	56,0	23,4	20,6	100,0	63,0	21,9	15,1
500 - 999 "	100,0	70,5	13,0	16,5	100,0	75,5	13,6	10,9
1 000 - 1 999 "	100,0	79,3	6,3	14,4	100,0	86,0	5,0	9,0
2 000 - 4 999 "	100,0	79,6	6,4	14,0	100,0	90,1	3,7	6,2
5 000 m ² og over <i>and more</i>	100,0	86,4	4,4	9,2	100,0	97,2	0,7	2,1

Av tabell 20 kan ein sjå at fordelinga på veksthus og vekstbenker varierar nokså mykje etter storleiken på arealet under glas/plast. Ved dei minste gartneria utgjorde benkene fjerdeparten av arealet under glas/plast i 1974, medan dei utgjorde ca. 2 prosent ved gartneri med 5 000 m² og meir. Det er ved store gartneri at bruken av vekstbenker relativt sett har gått mest tilbake frå 1969 til 1974.

Også bruken av veksthus utan varmeanlegg er mest vanleg ved dei mindre gartneria og tilbakegangen for slikt areal har også vore størst ved store gartneri.

I mange av dei små gartneria står dyrkinga under glas/plast i samband med frilandsproduksjon og hovudformålet er då å ale fram planter for utplanting på friland. Det er rimeleg å tru at ein del slik produksjon vil gå føre seg i benk også i framtida. Veksthus med varmeanlegg gir likevel betre kontroll med vekstfaktorane og er mindre arbeidskrevjande, og dette er grunnen til at ein aukande del av produksjonen blir overført dit.

Det er ein større del av gartneria i sentrale og særleg sentrale strom enn av gartneria i mindre sentrale strom som har vekstbenker. Fordelinga av veksthusa utan varmeanlegg ser derimot ikkje ut til å vere særleg påverka av sentraliteten.

Tabell 21. Del av veksthusarealet med varmeanlegg som er avstengt ein del av året eller ikkje i bruk, ved verksemdar av ulik storleik. Prosent. 1969 og 1974 *Area of heated greenhouses not in use part of the year or disused, at establishments of different size. Per cent. 1969 and 1974*

Areal under glas/plast <i>Area under glass/plastics</i>	Veksthusareal med varmeanlegg i alt <i>Area of heated greenhouses, total</i>		Av dette avstengt ein del av året eller ikkje i bruk <i>Of which not in use part of the year or disused</i>	
	1969	1974	1969	1974
	Dekar	Decares	Prosent	Per cent
Alle verksemdar <i>All establishments</i>	1 664	1 821	38,3	37,9
100 - 199 m ²	20	18	59,5	66,3
200 - 499 "	164	148	64,9	66,7
500 - 999 "	366	340	54,5	60,2
1 000 - 1 999 "	456	442	44,8	44,0
2 000 - 4 999 "	357	499	26,4	31,6
5 000 m ² og over <i>and more</i>	301	374	6,8	6,0

Både i 1969 og i 1974 var ca. 38 prosent av veksthusa med varmeanlegg avstengde ein del av vinteren. Prosent av arealet der varmen var avstengt avtok sterkt med aukande storleik på gartneriet. Dette må ein sjå i samanheng med at det i dei store verksemdene er nedlagt meir kapital som skal forrentast og at dei er betre utstyrde for vinterproduksjon. Omsynet til stabil arbeidskraft spelar og ei stor rolle her. Gartneri drevne som einaste leveveg har derfor langt mindre areal som er delvis avstengt enn gartneri drevne i tilknytning til anna jord- og hagebruk eller som attåttnæring til andre yrke. Produktvalet ved gartneria blir sterkt påverka av dette.

Ved hagebruksteljinga i 1974 blei veksthusareal med varmeanlegg for første gong registrert etter byggjeperiode. I alt var 51 prosent bygd før 1960, 30 prosent var bygd i tidsrommet 1960-1969 og 19 prosent etter 1969. Fordelinga varierar ein del etter storleiken på verksemdene. Som ein ser av tabell 22, er bygningsmassen jamt over eldre i små enn i store gartneri. Det er rimeleg å sjå dette i nær samanheng med den utviklinga som pågår mot større einingar.

Tabell 22. Veksthusareal med varmeanlegg ved verksemdar av ulik storleik, etter byggjeperiode. Prosent. 1974 *Area of heated greenhouses at establishments of different size, by building period. Per cent. 1974*

		Veksthusareal med varmeanlegg Area of heated greenhouses				
		Byggjeperiode Building period				
Areal under glas/plast Area under glass/plastics		I alt Total	Før 1960 Before 1960	1960- 1969	Etter 1969 After 1969	I alt Total
		Prosent Per cent				Dekar Decares
Alle verksemdar	All establishments	100,0	51,0	30,2	18,8	1 821
100 -	199 m ²	100,0	60,2	25,0	14,8	18
200 -	499 "	100,0	66,8	20,0	13,2	148
500 -	999 "	100,0	60,7	27,6	11,7	340
1 000 -	1 999 "	100,0	51,0	30,9	18,1	442
2 000 -	4 999 "	100,0	45,6	31,6	22,8	499
5 000 m ² og over	and more	100,0	42,6	34,2	23,2	374

Geografisk merker Oslo seg ut med nesten berre eldre bygningar. Dette kjem som før nemnt av at gartnerijorda i Oslo etter kvart blir brukt til utbyggjingsformål, og at derfor svært få tør satse på nybygg. I det heile er bygningsmassen jamt over av nyare dato i strok med ekspansjon i gartnerinæringa enn i strok med stillstand eller tilbakegong.

Det er tydeleg at brukarar som har gartneriet som attåtinntekt til yrke utanom jordbruket har vesentleg eldre bygningsmasse enn dei andre gruppene.

Det er ein klar samanheng mellom alder på brukaren og alder på bygningsmassen, idet eldre brukarar har eldre bygningsmasse enn yngre brukarar. Dette tyder på at det i den første tida etter at ein ny brukar har overteke, blir utført mykje nybygging. Ein del gartneri blir også nedlagt når den gamle brukaren ikkje lenger er i stand til å drive. Slike gartneri har stort sett gamle bygningar.

Tabell 23. Veksthusareal med varmeanlegg ved verksemder med ulike levevegsforhold for brukar og ekte-make, etter byggjeperiode. Prosent. 1974¹⁾ Area of heated greenhouses at establishments with different sources of livelihood for holder and spouse, by building period. Per cent. 1974¹⁾

Gartneriet som leveveg Greenhouse nursery as source of livelihood	Veksthusareal med varmeanlegg Area of heated greenhouses				
	Byggjeperiode Building period				I alt Total
	I alt Total	Før 1960	1960- 1969	Etter 1969	
		Before 1960	1969	After 1969	
		Prosent	Per cent		Dekar Decares
Alle brukarar All holders	100,0	49,2	30,6	20,2	1 396
Gartneriet er einaste eller viktigaste leveveg Greenhouse nursery is sole or principal source of livelihood	100,0	46,8	36,4	16,8	279
Gartneriet kombinert med anna hagebruk og/eller jordbruk er einaste eller viktigaste leveveg Greenhouse nursery combined with other horticultural and/or agricultural activities is sole or principal source of livelihood	100,0	47,7	30,2	22,1	939
Gartneriet kombinert med anna hagebruk og/eller jordbruk er ikkje viktigaste leveveg Greenhouse nursery combined with other horticultural and/or agricultural activities is secondary source of livelihood	100,0	82,7	10,2	7,1	69
Upersonlege brukarar Impersonal holders	100,0	46,3	32,7	21,0	109

1) Omfattar verksemder med minst 5 dekar jordbruksareal i drift.

1) Including establishments with at least 5 decares agricultural area in use.

Tabell 24. Veksthusareal med varmeanlegg dreve av brukarar i ulike aldersgrupper, etter byggjeperiode. Prosent. 1974 Area of heated greenhouses operated by holders in different groups of age, by building period. Per cent. 1974

Alder på brukaren Age of holder	Veksthusareal med varmeanlegg Area of heated greenhouses				
	Byggjeperiode Building period				I alt Total
	I alt Total	Før 1960	1960- 1969	Etter 1969	
		Before 1960	1969	After 1969	
		Prosent	Per cent		Dekar Decares
Alle brukarar All holders	100,0	51,0	30,2	18,8	1 821
Under 40 år Under 40 years	100,0	39,4	35,4	25,2	383
40 - 59 år years	100,0	50,9	31,1	18,0	899
60 år og over years and more	100,0	63,3	22,1	14,6	414
Upersonlege brukarar Impersonal holders	100,0	46,3	34,7	19,0	125

Tabell 25. Prosent av veksthusarealet under glas og prosent under plast, ved verksemdar av ulik storleik. 1969 og 1974 *Per cent of greenhouse area under glass and per cent under plastics, by size of establishment. 1969 and 1974*

Areal under glas/plast <i>Area under glass/plastics</i>	1969			1974		
	Veksthus-areal i alt <i>Area of green-houses, total</i>	Under glas <i>Under glass</i>	Under plast <i>Under plastics</i>	Veksthus-areal i alt <i>Area of green-houses, total</i>	Under glas <i>Under glass</i>	Under plast <i>Under plastics</i>
	Dekar <i>Decares</i>	Prosent <i>Per cent</i>		Dekar <i>Decares</i>	Prosent <i>Per cent</i>	
Alle verksemdar <i>All establishments</i>	1 900	90,7	9,3	1 995	90,2	9,8
100 - 199 m ²	39	74,0	26,0	31	73,5	26,5
200 - 499 "	233	90,8	9,2	199	83,0	17,0
500 - 999 "	434	91,1	8,9	401	89,8	10,2
1 000 - 1 999 "	492	92,7	7,3	468	90,7	9,3
2 000 - 4 999 "	386	88,6	11,4	519	90,8	9,2
5 000 m ² og over <i>and more</i>	316	91,9	8,1	377	94,5	5,5

I 1969 var 176 dekar eller 9,3 prosent av veksthusarealet under plast. I 1974 var 195 dekar eller 9,8 prosent under plast. Varmhusarealet under plast auka frå 80 til 119 dekar, medan kaldhusarealet minka frå 96 til 76 dekar. Ettersom det i same periode blei nybygd 343 dekar varmhus, tyder det på at val av plasthus har vore lite aktuelt ved nybygging i denne perioden.

Det er på bruk med lite areal under glas/plast at plasthus er forholdsvis mest vanleg. Elles kan ein merke seg at det er relativt svært lite plastveksthus i Rogaland, medan det i andre gartnerifylke som Buskerud og Vestfold er forholdsvis mykje plastveksthus.

Tabell 26. Prosent av veksthusarealet under glas og prosent under plast, for brukarar i ulike aldersgrupper. 1969 og 1974 *Per cent of greenhouse area under glass and per cent under plastics, by age of holder. 1969 and 1974*

Alder på brukaren <i>Age of holder</i>	1969			1974		
	Veksthus areal i alt <i>Area of green-houses, total</i>	Under glas <i>Under glass</i>	Under plast <i>Under plastics</i>	Veksthus areal i alt <i>Area of green-houses, total</i>	Under glas <i>Under glass</i>	Under plast <i>Under plastics</i>
	Dekar <i>Decares</i>	Prosent <i>Per cent</i>		Dekar <i>Decares</i>	Prosent <i>Per cent</i>	
Alle brukarar <i>All holders</i>	1 900	90,7	9,3	1 995	90,2	9,8
Under 40 år <i>Under 40 years</i>	333	86,1	13,9	419	89,3	10,7
40 - 59 år <i>years</i>	1 055	91,4	8,6	982	90,1	9,9
60 år og over <i>years and more</i>	388	95,3	4,7	458	92,6	7,4
Upersonlege brukarar <i>Impersonal holders</i>	124	83,2	16,8	136	85,7	14,3

Rekna etter alder på brukaren har unge brukarar ein forholdsvis større del av veksthusarealet under plast enn eldre brukarar. Skilnaden mellom aldersgruppene var likevel vesentleg mindre i 1974 enn i 1969. Dette tyder på at unge brukarar ei tid fatta interesse for hus av plast, men at interessa dei seinare åra har vore mindre.

Tabell 27. Alder på brukarane pr. 20. juni 1974 innan ulike sektorar av hagebruket *Age of the holders within different sectors of horticulture per 20 June 1974*

Sektor <i>Sector</i>	Personlege brukarar <i>Personal holders</i>				Gjennomsnittsalder <i>Average age</i>		
	I alt <i>Total</i>	Under 40 år <i>Under 40 years</i>	40- 59 år <i>40-59 years</i>	60 år og over <i>60 years and more</i>	Personlege brukarar i alt <i>Personal holders, total</i>	Mannlege brukarar <i>Male holders</i>	Kvinnelege brukarar <i>Female holders</i>
		Prosent <i>Per cent</i>			År <i>Year</i>		
Alle sektorar <i>All sectors</i>	100,0	18,0	50,7	31,3	52,4	52,1	59,0
Veksthus- og benkegartneri <i>Green-house nurseries</i>	100,0	20,0	54,9	25,1	50,8	50,7	55,7
Grønsakdyrking på friland <i>Field-growing vegetables</i>	100,0	24,4	54,3	21,3	49,0	48,9	51,6
Dyrking av bærbuskar <i>Growing of bacciferous shrubs</i>	100,0	13,4	46,6	40,0	55,7	55,1	61,4
Bringebær dyrking <i>Growing of rasp-berries</i>	100,0	17,0	47,1	35,9	53,6	53,4	57,1
Jordbær dyrking <i>Growing of straw-berries</i>	100,0	20,5	52,3	27,2	50,9	50,7	56,2
Fruktdyrking <i>Growing of fruit-trees</i>	100,0	14,9	47,2	37,9	54,5	54,2	59,9

I tabell 27 er brukarane i dei ulike hagebrukssektorane fordelt etter alder. I 1974 var gjennomsnittsalderen for brukarar med veksthus- og benkegartneri 50,8 år. Samanlikna med dei andre sektorane var det berre dyrkarar av grønsaker på friland som hadde lågare gjennomsnittsalder.

2. Tilknytning til anna hagebruk og/eller jordbruk

Nær 70 prosent av arealet under glas/plast var knytta til bruk med mindre enn 5 dekar jordbruksareal i 1974. Berre vel 20 prosent av jordbruksarealet var knytta til så små bruk. Gartneridrift er såleis i svært stor grad knytta til små bruk.

Tabell 28. Omfanget av frilandshagebruk på bruk med areal under glas/plast, samanlikna med omfanget på alle bruk med minst 5 dekar jordbruksareal i drift. Einingar pr. 100 dekar jordbruksareal. 1969 *Cultivation of field-grown horticultural plants on holdings with area under glass/plastics, compared with such cultivation on all holdings with at least 5 decarees of agricultural area in use. Units per 100 decarees of agricultural area. 1969*

Jordbruksareal i drift <i>Agricultural area in use</i>	Grønsaker på friland <i>Field-grown vegetables</i>		Frukttre <i>Fruit-trees</i>		Bærbusker <i>Bacciferous shrubs</i>	
	Bråk med areal under glas/plast <i>Holdings with area under glass/plastics</i>	Alle bruk <i>All holdings</i>	Bråk med areal under glas/plast <i>Holdings with area under glass/plastics</i>	Alle bruk <i>All holdings</i>	Bråk med areal under glas/plast <i>Holdings with area under glass/plastics</i>	Alle bruk <i>All holdings</i>
Alle med 5 dekar . og over <i>All with 5 decarees and more</i>	10	1	92	20	44	20
5-19,9 dekar <i>decares</i>	20	1	156	70	240	89
20-49,9 dekar ...	14	0	183	31	80	32
50-99,9 " ...	11	1	97	21	37	19
100 dekar og over <i>decares and more</i>	9	1	72	10	29	10

Sammanlikna med andre bruk satsar bruka med gartneridrift også etter måten sterkt på hagebruksdrift på friland. Dette går fram av tabell 28.

Tabell 29. Omfanget av husdyrhaldet på bruk med areal under glas/plast, samanlikna med omfanget på alle bruk med minst 5 dekar jordbruksareal i drift. Einingar pr. 100 dekar jordbruksareal. 1969 *The livestock on holdings with area under glass/plastics, compared with livestock on all holdings with at least 5 decarees of agricultural area in use. Units per 100 decarees of agricultural area. 1969*

Jordbruksareal i drift <i>Agricultural area in use</i>	Kyr <i>Cows</i>		Sauer <i>Sheep</i>		Svin <i>Pigs</i>		Høner <i>Hens</i>	
	Bruk med areal under glas/plast <i>Holdings with area under glass/plastics</i>	Alle bruk <i>All holdings</i>	Bruk med areal under glas/plast <i>Holdings with area under glass/plastics</i>	Alle bruk <i>All holdings</i>	Bruk med areal under glas/plast <i>Holdings with area under glass/plastics</i>	Alle bruk <i>All holdings</i>	Bruk med areal under glas/plast <i>Holdings with area under glass/plastics</i>	Alle bruk <i>All holdings</i>
Alle bruk med 5 dekar og over <i>All holdings with 5 decarees and more</i>	4	5	5	9	13	7	78	34
5 - 19,9 dekar <i>decares</i>	0	2	4	22	20	6	424	123
20 - 49,9 " "	3	4	6	15	19	5	176	45
50 - 99,9 " "	6	6	8	11	14	7	69	32
100 dekar og over <i>decares and more</i>	4	4	4	4	11	7	46	23

Mange av dei driv også utstrakt produksjon av flesk og egg, medan dei i liten grad satsar på grovføretande dyr som storfe og sau. Av tabell 29 kan ein sjå at bruka med areal under glas/plast gjennomsnittleg hadde om lag dobbelt så mange svin og høner som gjennomsnittsbuket. Tek ein omsyn til bruksstorleiken etter jordbruksareal, blir skilnaden monaleg større.

Tabell 30. Tal verksemdar og areal under glas/plast, etter storleiken på jordbruksarealet. 1969 og 1974 *Number of establishments and area under glass/plastics, by size of agricultural area in use. 1969 and 1974*

Jordbruksareal i drift <i>Agricultural area in use</i>	Verksemdar <i>Number of establishments</i>		Areal under glas/plast <i>Area under glass/plastics</i>			
			I alt <i>Total</i>		Pr. verksemd <i>Per establishment</i>	
	1969	1974	1969	1974	1969	1974
			Dekar <i>Decares</i>		m ²	
Alle verksemdar <i>All establishments</i>	2 705	2 323	2 239	2 179	828	938
Under 5 dekar <i>decares</i>	752	590	535	497	713	841
5 - 19,9 dekar <i>decares</i>	556	499	552	517	993	1 036
20 - 49,9 " "	539	485	435	495	807	1 021
50 - 99,9 " "	423	393	342	320	809	815
100 - 199,9 " "	245	216	188	167	767	771
200 dekar og over <i>and more</i>	190	140	187	183	984	1 310

Storleiken på arealet under glas/plast er om lag påverka av storleiken på jordbruksarealet i drift. Dette går fram av tabell 30.

3. Gartneriet som leveveg

Etter visse kjenneteikn er gartneria inndelte i grupper etter kva rolle dei spelar som leveveg for brukaren og eventuell ektemake. Det er berre gartneri som har minst 5 dekar jordbruksareal i drift, som er fordelte på denne måten. (Sjå elles Prinsipp og definisjonar, s. 16.)

Etter kriteria som er brukt er det eit lite, men aukande tal brukarar som har gartneri utan tilknytning til anna jord- og hagebruksdrift som einaste eller viktigaste leveveg. Som ein kunne vente, gjeld det særleg store gartneri. Dei aller fleste gartneria (ca. 80 prosent) blir drevne i kombinasjon med anna jord- og/eller hagebruk, slik at driftseininga samla blir einaste eller viktigaste leveveg for brukaren. For vel 10 prosent av verksemdene tek brukaren det meste av inntekta si utanom driftseininga og ca. 5 prosent blir drevne av upersonlege brukarar (stat, kommunar etc.).

Tabell 31. Verksemdar og areal under glas/plast, etter kor viktig gartneriet er som leveveg for brukar og ektemake. Prosent. 1969 og 1974) *Establishments and area under glass/plastics, by greenhouse nursery as source of livelihood for holder and spouse. Per cent. 1969 and 1974)*

Gartneriet som leveveg <i>Greenhouse nursery as source of livelihood</i>	Verksemdar <i>Establishments</i>		Areal under glas/plast <i>Area under glass/plastics</i>			
			I alt <i>Total</i>		Pr. verksemd <i>Per establishment</i>	
	1969	1974	1969	1974	1969	1974
	Prosent	Per cent			m ²	
Alle brukarar <i>All holders</i>	100,0	100,0	100,0	100,0	872	971
Gartneriet er einaste eller viktigaste leveveg <i>Greenhouse nursery is sole or principal source of livelihood</i>	2,7	3,7	13,9	17,1	4 563	4 491
Gartneriet kombinert med anna hagebruk og/eller jordbruk er einaste eller viktigaste leveveg <i>Greenhouse nursery combined with other horticultural and/or agricultural activities is sole or principal source of livelihood</i>	81,9	79,8	73,1	69,3	778	842
Gartneriet kombinert med anna hagebruk og/eller jordbruk er ikkje viktigaste leveveg <i>Greenhouse nursery combined with other horticultural and/or agricultural activities is secondary source of livelihood</i>	9,6	11,0	5,2	5,6	474	497
Upersonlege brukarar <i>Impersonal holders</i> ...	5,8	5,5	7,8	8,0	1 169	1 419

1) Omfattar verksemdar med minst 5 dekar jordbruksareal i drift.

1) *Including establishments with at least 5 decarees of agricultural area in use.*

Av tabell 31 går det fram at ein mindre del av arealet under glas/plast blei dreve saman med anna jord- og hagebruk i 1974 enn i 1969. Det kan sjå ut som produksjon under glas/plast i aukande grad blir overteke av brukarar som har det som einaste eller viktigaste leveveg, og at storleiksauken på verksemdene har nær samanheng med dette.

Grupperer ein verksemdene etter sentralitet, finn ein at det er i mindre sentrale kommunar at kombinasjonen mellom areal under glas/plast og anna jord- og hagebruk er mest vanleg. Gartneri som attåttnæring til andre yrke er om lag upåverka av sentraliteten.

Det er liten skilnad i alderen på brukarane etter gartneriet som leveveg. Dette kan tyde på at rekrutteringa er like god anten brukaren primært satsar på gartneridrift eller på andre yrke.

Tabell 32. Personlege brukarar med areal under glas/plast i kommunar med ulik sentralitet, etter kor viktig gartneridrifta er som leveveg for brukar og ektemake. 1969¹⁾ *Personal holders with area under glass/plastics in municipalities with different centrality, by greenhouse nursery as source of livelihood for holder and spouse. 1969¹⁾*

Sentralitet <i>Centrality</i>	I alt <i>Total</i>	Personlege brukarar <i>Personal holders</i>		
		Prosentvis fordelt <i>Percentages</i>		
		Gartneriet er einaste eller viktigaste leveveg <i>Greenhouse nursery is sole or principal source of livelihood</i>	Gartneriet kombinert med anna jord- og hagebruk er einaste eller viktigaste leveveg <i>Greenhouse nursery combined with other horticultural and/or agricultural activities is sole or principal source of livelihood</i>	Gartneriet kombinert med anna hagebruk og/eller jordbruk er ikkje viktigaste leveveg <i>Greenhouse nursery combined with other horticultural and/or agricultural activities is secondary source of livelihood</i>
Heile landet <i>The whole country</i>	1 839	2,8	87,0	10,2
Mindre sentrale kommunar <i>Municipalities remotely situated</i>	637	0,3	89,8	9,9
Sentrale kommunar <i>Municipalities centrally situated</i>	498	2,4	86,9	10,7
Særleg sentrale kommunar <i>Municipalities very centrally situated</i> .	704	5,4	84,5	10,1

1) Omfattar verksemdar med minst 5 dekar jordbruksareal i drift.

1) *Including establishments with at least 5 decares of agricultural area in use.*

4. Dei enkelte kulturane

a. Grønsaker

Både i 1958, 1968 og 1973 blei rundt halvparten av arealet under glas/plast nytta til grønnsakdyrking. Dette arealet var 1 053 dekar i 1958, 1 072 dekar i 1968 og 1 081 dekar i 1973. Det har såleis ikkje skjedd store endringar i storleiken av dette arealet frå 1958 til 1973. Talet på bruk som dyrka grønnsaker har derimot gått ned frå knapt 1 800 bruk i 1968 til vel 1 400 bruk i 1973. Gjennomsnittleg areal pr. bruk som dyrka grønnsaker under glas/plast har såleis auka frå 606 m² i 1968 til 757 m² i 1973.

Tabell 33. Grønnsakdyrking ved verksemdar av ulik storleik. 1968 og 1973 *Cultivation of vegetables by size of establishments. 1968 and 1973*

Areal under glas/plast <i>Area under glass/plastics</i>	Verksemder med grønnsakdyrking i prosent av alle verksemder <i>Establishments with cultivation of vegetables, as per cent of all estab- lishments</i>	Grønnsakareal <i>Area of vegetables</i>		Prosent av arealet under glas/plast nytta til grøn- saker <i>Per cent of area under glass/ plastics used for vegetables</i>		
		1968	1973	1968	1973	
		Prosent <i>Per cent</i>	Dekar <i>Decares</i>	Prosent <i>Per cent</i>		
Alle verksemder <i>All establishments</i>	65,4	61,5	1 072	1 081	47,9	49,6
100 - 199 m ²	53,0	48,1	27	18	50,2	43,9
200 - 499 "	66,6	62,7	165	134	56,2	57,2
500 - 999 "	73,0	70,4	307	269	59,1	59,7
1 000 - 1 999 "	67,4	60,1	309	266	53,8	51,8
2 000 - 4 999 "	50,6	55,7	158	268	35,2	48,4
5 000 m ² og over <i>and more</i>	47,5	33,3	106	126	30,4	32,7

Produksjon av grønsaker under glas/plast er mest vanleg i gartneri av middels storleik. Dette går fram av tabell 33. Utviklinga dei siste 5 åra av den perioden vi ser på viser likevel ein tydeleg tendens til at dei større gartneria tek over meir av denne produksjonen. I 1968 hadde bruka med 2 000 m² og meir 25 prosent av grønsakarealet, i 1973 hadde så store verksemdar heile 36 prosent av arealet.

Av bruka med grønsakdyrking i 1973 låg 40 prosent i Rogaland. Desse bruka hadde 43 prosent av grønsakarealet. Det er kommunane Finnøy (191 bruk) og Rennesøy (155 bruk) som dominerer grønsakdyrkinga i Rogaland. Desse to kommunane hadde i 1973 ein fjerdedel av alt grønsakareal under glas/plast i heile landet.

Tabell 34. Grønsakdyrking under glas/plast fordelt på kommunar med ulik sentralitet. Prosent. 1968 og 1973 *Cultivation of vegetables under glass/plastics, by municipalities of different centrality. Per cent. 1968 and 1973*

Sentralitet <i>Centrality</i>	Verksemdar med grønsakdyrking <i>Establishments with cultivation of vegetables</i>		Grønsakareal <i>Area used for vegetables</i>		Prosent av areal under glas/plast nytta til grønsaker <i>Per cent of area under glass/plastics used for vegetables</i>	
	1968	1973	1968	1973	1968	1973
Alle kommunar <i>All municipalities</i>	100,0	100,0	100,0	100,0	47,9	49,6
Mindre sentrale kommunar <i>Municipalities remotely situated</i>	39,4	41,2	34,9	35,4	71,0	72,0
Sentrale kommunar <i>Municipalities centrally situated</i>	25,5	25,5	20,8	18,0	35,4	32,9
Særleg sentrale kommunar <i>Municipalities very centrally situated</i>	35,1	33,3	44,3	46,6	43,9	47,8

Ein kan sjå av tabell 34 at særleg sentrale kommunar hadde ein større del av arealet enn av tal verksemdar. Dette betyr at verksemdene her jamt over har større grønsakareal enn verksemdene som ligg i sentrale og mindre sentrale kommunar. På den andre sida går det fram av tabellen at verksemdene som ligg i mindre sentrale kommunar nyttar ein svært stor del av arealet under glas/plast til grønsakproduksjon (vel 70 prosent).

Tabell 35 viser at nesten 90 prosent av grønsakarealet høyrer til på bruk der gartneriet kombinert med anna hagebruk og/eller jordbruk er einaste eller viktigaste leveveg. Tabellen viser og at denne gruppa nyttar svært mykje av arealet under glas/plast til grønsaker i høve til dei andre gruppene. Brukarar med gartneriet som einaste eller viktigaste leveveg skil seg ut den andre vegen med særleg lite av denne produksjonen. Dette skulle tyde på at dyrking av grønsaker under glas/plast høver bra saman med andre driftsopplegg utanom gartneridrifta.

Ved å gruppere brukarane etter alder er det ein liten tendens til at yngre brukarar nyttar noko meir av arealet til grønsakproduksjon enn eldre brukarar (tabell 36).

Tabell 35. Verksemder og grønsakareal, etter kor viktig gartneriet er som leveveg for brukar og ekte-make. Prosent. 1968 og 1973¹⁾ Establishments and area of vegetables, by greenhouse nursery as source of livelihood for holder and spouse. Per cent. 1968 and 1973¹⁾

Gartneriet som leveveg Greenhouse nursery as source of livelihood	Verksemder med grønsakdyrking Establishments with cultivation of vegetables		Grønsakareal Area of vegetables		Prosent av areal under glas/plast nytta til grønsaker Per cent of area under glass/plastics used for vegetables	
	1968	1973	1968	1973	1968	1973
Alle brukarar All holders	100,0	100,0	100,0	100,0	52,9	55,9
Gartneriet er einaste eller viktigaste leveveg Greenhouse nursery is sole or principal source of livelihood	1,4	1,4	3,2	3,6	12,2	11,6
Gartneriet kombinert med anna hagebruk og/eller jordbruk er einaste eller viktigaste leveveg Greenhouse nursery combined with other horticultural and/or agri- cultural activities is sole or prin- cipal source of livelihood	82,9	80,4	86,5	87,3	62,6	70,5
Gartneriet kombinert med anna hagebruk og/eller jordbruk er ikkje viktigaste leveveg Greenhouse nursery combined with other horticultural and/or agricul- tural activities is secondary source of livelihood	9,1	11,4	5,3	4,9	53,4	49,0
Upersonlege brukarar Impersonal holders	6,6	6,8	5,0	4,2	33,8	29,3

1) Omfatter verksemder med minst 5 dekar jordbruksareal i drift.

1) Including establishments with at least 5 decares of agricultural area in use.

Tabell 36. Verksemder og grønsakareal, etter alder på brukaren. Prosent. 1968 og 1973 Number of establishments and area of vegetables, by age of holder. Per cent. 1968 and 1973

Alder på brukaren Age of holder	Verksemder med grønsakdyrking Establishments with cultivation of vegetables		Grønsakareal Area of vegetables		Prosent av areal under glas/plast nytta til grønsaker Per cent of area under glass/plastics used for vegetables	
	1968	1973	1968	1973	1968	1973
Alle brukarar All holders	100,0	100,0	100,0	100,0	47,9	49,6
Under 40 år Under 40 years	18,0	18,8	19,3	23,2	54,6	55,8
40-59 år years	57,7	52,1	55,3	52,6	47,8	53,1
60 år og over years and more	18,5	23,2	20,8	20,4	48,6	43,9
Upersonlege brukarar Impersonal holders	5,8	5,9	4,6	3,8	30,6	26,2

Tabell 37. Verksemdar som dyrka enkelte grønsakvekstar og areal nytta til kvar av vekstane. 1958¹⁾, 1968 og 1973 *Number of establishments which cultivated vegetables and area used for vegetables, by species. 1958¹⁾, 1968 and 1973*

Grønsakvekst <i>Species of vegetables</i>	Tal verksemdar som dyrka <i>Number of establishments which cultivated</i>			Areal <i>Area</i>			Gjennomsnittleg areal pr. verksemd <i>Average area per establishment</i>		
	1958 ¹⁾	1968	1973	1958 ¹⁾	1968	1973	1958 ¹⁾	1968	1973
				Dekar	Decares		m ²		
Alle grønsakvekstar <i>All vegetables</i> ..	..	1 769	1 429	1 053	1 072	1 081	..	606	757
Tomat <i>Tomatoes</i>	2 215	1 401	1 146	685	629	586	309	449	511
Slangeagurk <i>Cucumbers</i>	678	463	404	163	211	217	241	457	539
Salat <i>Lettuce</i>	706	273	235	205	109	185	291	399	787
Andre grønsaker <i>Other vegetables</i> }		370	265		123	93		332	351

1) Verksemdar med meir enn 50 m² under glas/plast.

1) *Establishments with more than 50 m² under glass/plastics.*

i. Tomat

Av tabell 37 går det fram at det har vore nedgang i arealet nytta til tomat i tida frå 1958 til 1973. Dette har ført til at tomatarealet utgjer ein stadig mindre del av det totale grønsakareal under glas/plast, frå 65 prosent i 1958 til 59 prosent i 1968 og berre 54 prosent i 1973. I same perioden har talet på bruk som dyrka tomat blitt om lag halvert. Det var 2 215 slike bruk i 1958 og berre 1 146 bruk i 1973. Gjennomsnittleg areal pr. bruk som dyrka auka frå 309 m² i 1958 til 511 m² i 1973.

Geografisk skil Rogaland seg ut som det store "tomatfylket". Det ser og ut til at dette fylket tek over meir og meir av denne produksjonen. I 1958 låg 45 prosent (312 dekar) av samla tomatareal i Rogaland, mot heile 62 prosent (363 dekar) i 1973. Det er særleg kommunane Finnøy og Rennesøy som har stort tomatareal. I 1973 var 39 prosent (299 dekar) av tomatarealet i landet i desse to kommunane.

ii. Agurk

Areal nytta til agurk auka sterkt frå 1958 til 1968 (sjå tabell 37). I siste 5-årsperiode har ikkje auken vore så stor. Agurkarealet utgjorde 15 prosent av samla grønsakareal i 1958, mot 20 prosent både i 1968 og i 1973. I tida frå 1958 til 1973 er det blitt færre bruk som dyrka agurk, slik at gjennomsnittleg areal pr. bruk har auka frå 241 m² i 1958 til 539 m² i 1973. Utviklinga mot færre og større einingar har altså og gjort seg gjeldande for agurk.

Det er særleg Rogaland som har stort agurkareal. I 1973 låg 25 prosent av arealet i dette fylket. Andre store "agurkfylke" i 1973 var Buskerud og Vestfold, med respektive 21 og 16 prosent av samla agurkareal.

iii. Salat

Areal nytta til salat blei først registrert ved teljinga i 1969 og arealet var då 109 dekar (tabell 37). I 1973 blei det registrert 185 dekar salatareal. Det har altså vore ein sterk auke i dyrkinga av denne kulturen. Likevel er det blitt litt færre bruk som dyrka salat i dette tidsrommet og gjennomsnittleg areal pr. bruk har dermed auka frå 399 m² i 1968 til 787 m² i 1973.

Heile 61 prosent av salatarealet i 1973 låg i Buskerud fylke. Nærare lokalisert låg det aller meste i Lier kommune, som hadde 60 prosent av totalarealet, eller 111 dekar.

Den sterke auken i salatarealet i perioden 1968-1973 tyder på større etterspurnad etter dette produktet. Auke i levestandarden fører til at folk ønskjer eit større utval av grønnsaker heile året. Dyrking i veksthus gjer at salat kan produserast i Noreg det meste av året.

iv. Andre grønnsaker

Det blei registrert nedgang i areal til "andre grønnsaker" frå 1968 til 1973 (tabell 37). Samtidig har talet på bruk som dyrka gått ned. Gjennomsnittleg areal pr. bruk var 332 m² i 1968 og 351 m² i 1973.

I 1973 låg 41 prosent av dette arealet i Rogaland fylke. I Rogaland og på Sørlandet blir det dyrka tidlegkål i veksthus og denne produksjonen blir registrert under "andre grønnsaker".

Ei mogleg årsak til nedgangen i arealet frå 1968 til 1973 er nedgang i melonproduksjonen. På grunn av låge importprisar er det så å seie slutt på dyrking av melon her i landet. Denne produksjonen skjedde stort sett i vekstbenker.

b. Snittblomstrar

Av tabell 43 (sjå s. 44) går det fram at det har blitt nokre færre verksemdar som dyrka snittblomstrar i perioden 1968-1973, medan arealet nytta til snittblomstrar ikkje har endra seg i same tidsrommet. (Laukblomstrar er haldne utanom, sjå Prinsipp og definisjonar s. 16.) Såleis har gjennomsnittleg areal pr. verksemd som dyrka auka frå 767 m² i 1968 til 972 m² i 1973.

Tabell 38. Snittblomstproduksjonen¹⁾ ved verksemdar av ulik storleik. 1968 og 1973 *Cultivation of cut flowers by size of establishments. 1968 and 1973*

Areal under glas/plast <i>Area under glass/plastics</i>	Verksemdar med snittblomstrar ¹⁾ i prosent av alle verksemdar <i>Per cent of establishments cultivating cut flowers¹⁾</i>		Areal til snittblomstrar ¹⁾ <i>Area used for cut flowers¹⁾</i>		Prosent av areal under glas/plast nytta til snitt- blomstrar ¹⁾ <i>Per cent of area under glass/ plastics used for cut flowers¹⁾</i>	
	1968	1973	1968	1973	1968	1973
			Dekar <i>Decares</i>			
Alle verksemdar <i>All establishments</i> ..	24,4	22,4	505	505	22,6	23,2
100 - 199 m ²	8,3	8,1	4	2	7,5	4,4
200 - 499 "	16,5	13,3	20	13	7,0	5,4
500 - 999 "	27,1	23,2	61	42	11,7	9,5
1 000 - 1 999 "	38,6	33,8	119	100	20,7	19,5
2 000 - 4 999 "	45,0	42,4	135	147	30,1	26,6
5 000 m ² og over <i>and more</i>	67,5	61,9	166	201	47,6	52,2

1) Ikkje laukblomstrar.

1) *Not bulb flowers.*

Produksjonen av snittblomstrar er mest vanleg i dei større gartneria (tabell 38). Utviklinga dei siste 5 åra viser og at desse gartneria tek over meir og meir av denne produksjonen. I 1968 hadde verksemdar med 2 000 m² og meir 60 prosent av samla areal nytta til snittblomstrar. I 1973 hadde denne storleiksgruppa 69 prosent. Tabell 38 viser tydeleg at dess større verksemdene er, di meir av arealet blir nytta til snittblomstrar. Til dømes brukte gartneri med mindre enn 500 m² berre rundt 5 prosent av arealet til snittblomstrar i 1973, medan gartneri med 5 000 m² og meir brukte over 50 prosent av arealet til slik produksjon.

Geografisk skil Østfold og Akershus seg ut med mykje slikt areal. Vel 41 prosent av samla areal nytta til snittblomstrar i 1973 låg i desse to fylka. Andre "store" fylke når det gjeld snittblomstproduksjon er Vestfold, Rogaland, Hordaland og Sør-Trøndelag. Kvart av desse fylka hadde mellom 7 og 10 prosent av totalarealet i 1973.

Tabell 39. Snittblomstproduksjonen¹⁾ fordelt på kommunar med ulik sentralitet. Prosent. 1968 og 1973
Cultivation of cut flowers¹⁾ by municipalities of different centrality. Per cent. 1968 and 1973

Sentralitet Centrality	Verksemder med produksjon av snittblomstrar ¹⁾ Establishments with cultivation of cut flowers ¹⁾		Areal til snittblomstrar ¹⁾ Area used for cut flowers ¹⁾		Prosent av areal under glas/plast nytta til snittblomstrar ¹⁾ Per cent of area under glass/plastics used for cut flowers ¹⁾	
	1968	1973	1968	1973	1968	1973
Heile landet The whole country	100,0	100,0	100,0	100,0	22,6	23,2
Mindre sentrale kommunar Municipalities remotely situated	18,7	17,5	8,0	8,2	7,7	7,8
Sentrale kommunar Municipalities centrally situated	36,9	37,9	34,9	29,2	28,0	24,9
Særleg sentrale kommunar Municipalities very centrally situated	44,4	44,6	57,1	62,6	26,7	30,0

1) Ikkje laukblomstrar.

1) Not bulb flowers.

Som venta ligg svært lite av snittblomstarealet i mindre sentrale kommunar. Av tabell 39 kan ein sjå at utviklinga går i retning av at ein stadig større del av arealet blir å finne i gartneri som ligg i særleg sentrale kommunar.

Tabell 40. Snittblomstproduksjonen¹⁾ fordelt etter kor viktig gartneriet er som leveveg for brukar og ektemake. Prosent. 1968 og 1973²⁾ Cultivation of cut flowers¹⁾ by greenhouse nursery as source of livelihood for holder and spouse. Per cent. 1968 and 1973²⁾

Gartneriet som leveveg Greenhouse nursery as source of livelihood	Verksemder med produksjon av snittblomstrar ¹⁾ Establishments with cultivation of cut flowers ¹⁾		Areal til snittblomstrar ¹⁾ Area used for cut flowers ¹⁾		Prosent av areal under glas/plast nytta til snittblomstrar ¹⁾ Per cent of area under glass/plastics used for cut flowers ¹⁾	
	1968	1973	1968	1973	1968	1973
Alle brukarar All holders	100,0	100,0	100,0	100,0	22,3	22,3
Gartneriet er einaste eller viktigaste leveveg Greenhouse nursery is sole or principal source of livelihood	9,0	13,8	40,4	45,2	64,7	59,1
Gartneriet kombinert med anna hagebruk og/eller jordbruk er einaste eller viktigaste leveveg Greenhouse nursery combined with other horticultural and/or agricultural activities is sole or principal source of livelihood	72,5	67,6	44,7	38,6	13,7	12,4
Gartneriet kombinert med anna hagebruk og/eller jordbruk er ikkje viktigaste leveveg Greenhouse nursery combined with other horticultural and/or agricultural activities is secondary source of livelihood .	7,8	9,0	5,6	8,2	23,8	32,4
Upersonlege brukarar Impersonal holders	10,7	9,6	9,3	8,0	26,4	22,3

1) Ikkje laukblomstrar. 2) Omfattar bruk med minst 5 dekar jordbruksareal i drift.

1) Not bulb flowers. 2) Including establishments with at least 5 decares of agricultural area in use.

Ser ein på bruka etter gartneriet som leveveg for brukaren (tabell 40), nytta brukarar med gartneriet som einaste eller viktigaste leveveg mykje meir av arealet til snittblomstrar enn dei andre gruppene. Denne gruppa hadde såleis bortimot halvparten av snittblomstarealet, men berre rundt 10 prosent av verksemdene som dyrka snittblomstrar. Dette må sjølvstast sjåast i samanheng med den høge gjennomsnittsstorleiken for verksemdar med gartneriet som einaste leveveg.

Tabell 41. Produksjonen av snittblomstrar¹⁾ etter alder på brukaren. Prosent. 1968 og 1973 *Cultivation of cut flowers¹⁾ by age of holder. Per cent. 1968 and 1973*

Alder på brukaren <i>Age of the holder</i>	Verksemdar med produksjon av snittblomstrar ¹⁾ <i>Establishments with cultivation of cut flowers¹⁾</i>		Areal til snittblomstrar ¹⁾ <i>Area used for cut flowers¹⁾</i>		Prosent av areal under glas/plast nytta til snittblomstrar ¹⁾ <i>Per cent of area under glass/plastics used for cut flowers¹⁾</i>	
	1968	1973	1968	1973	1968	1973
Alle brukarar <i>All holders</i>	100,0	100,0	100,0	100,0	22,6	23,2
Under 40 år <i>Under 40 years</i>	13,1	14,4	13,8	20,5	18,4	23,0
40-59 år <i>years</i>	54,9	51,8	54,4	52,2	22,1	24,6
60 år og over <i>years and more</i>	23,4	26,7	23,4	20,7	25,7	20,8
Upersonlege brukarar <i>Impersonal holders</i>	8,6	7,1	8,4	6,6	26,7	21,6

1) Ikkje laukblomstrar.

1) *Not bulb flowers.*

Av tabell 41 kan ein sjå at brukarane under 40 år hadde ein større del av samla areal nytta til snittblomstrar i 1974 enn i 1969. Derimot kan ein ikkje registrere denne utviklinga når det gjeld tal verksemdar som produserte. Dette vil seie at brukarane under 40 år gjennomsnittleg har hatt sterk auke i areal til snittblomstrar i perioden 1969-1974.

Tabell 42. Dyrkingsomfang av ulike snittblomstrar¹⁾ for brukarar i ulike aldersgrupper. Prosent. 1968 og 1973 *Cultivation of different cut flowers¹⁾ by age of holder. Per cent. 1968 and 1973*

Ar Alder på brukaren Year Age of holder	Areal til snittblomstrar ¹⁾ Area used for cut flowers ¹⁾						Areal til snitt- blomstrar ¹⁾ Area used for cut flowers ¹⁾
	I alt Total	Rose Roses	Nellik Car- nations	Krys- ante- mum Chrys- anthe- mum	Freesia Freesias	Andre snitt- blomstrar ¹⁾ Other cut flowers ¹⁾	
1968							Dekar Decares
Alle brukarar All holders	100,0	17,2	22,8	39,6	9,2	11,2	505
Under 40 år Under 40 years	100,0	30,0	11,2	28,7	18,3	11,8	70
40-59 år years	100,0	16,8	24,1	40,6	8,9	9,6	275
60 år og over years and more	100,0	10,7	19,8	46,9	6,1	16,5	118
Upersonlege brukarar Impersonal holders	100,0	16,8	42,3	30,4	4,9	5,6	42
1973							
Alle brukarar All holders	100,0	22,2	18,3	40,8	6,9	11,8	505
Under 40 år Under 40 years	100,0	44,0	1,0	45,5	2,7	6,8	104
40-59 år years	100,0	16,7	20,1	41,7	6,7	14,8	263
60 år og over years and more	100,0	12,2	25,9	37,1	13,4	11,4	105
Upersonlege brukarar Impersonal holders	100,0	29,7	34,4	30,6	1,2	4,1	33

1) Ikkje laukblomstrar.

1) *Not bulb flowers.*

Tabell 42 viser arealfordelinga av snittblomstrane for ulike aldersgrupper av brukarar. Det går fram at brukarar under 40 år har endra produksjonsopplegget for snittblomstrar i perioden 1968-1973. I 1973 var mesteparten av produksjonen roser og krysantemum. Det ser ut til at auken for desse to typene har gått ut over produksjonen av nellik og freesia. Brukarar under 40 år brukte berre 1 prosent av snittblomstarealet til nellik i 1973, mot 11 prosent i 1968. Dei eldre brukarane har og endra produksjonen, men ikkje så mykje. Dette viser at det først og fremst er unge brukarar som går inn for nye produksjonsopplegg.

Tabell 43. Verksemdar som dyrka ulike snittblomstrar og areal nytta til snittblomstrar. 1958¹⁾, 1968 og 1973 *Number of establishments which cultivated different cut flowers and area used for cut flowers. 1958¹⁾, 1968 and 1973*

Blomsterslag <i>Species of cut flowers</i>	Tal verksemdar som dyrka <i>Number of establishments which cultivated</i>		Areal <i>Area</i>			Gjennomsnittleg areal pr. verksemd <i>Average area per establishment</i>	
	1958	1973	1958 ¹⁾	1968	1973	1968	1973
			Dekar	Decares		m ²	
Alle snittblomstrar ²⁾ <i>All cut flowers²⁾</i> ...	659	520	..	505	505	767	972
Rose <i>Roses</i>	129	111	57	87	112	673	1 012
Nellik <i>Carnations</i>	87	68	113	115	93	1 327	1 363
Krysantemum <i>Chrysanthemums</i>	496	390	194	200	206	404	528
Freesia <i>Freesias</i>	102	54	..	47	35	457	646
Andre snittblomstrar ²⁾ <i>Other cut flowers²⁾</i>	227	128	..	56	59	248	464
Laukblomstrar <i>Bulb flowers</i>	748	431	..	114	..	152	..

1) Verksemdar med meir enn 50 m² under glas/plast. 2) Laukblomstrar er ikkje medrekna.

1) *Establishments with more than 50 m² under glas/plastics.* 2) *Bulb flowers not included.*

i. Rose

Tabell 43 viser at arealet nytta til rose har auka frå 57 dekar i 1958 til 87 dekar i 1968 og til 112 dekar i 1973. Dette vil seie at rosearealet i perioden 1968 til 1973 er blitt større enn nellikarealet, og at rosekulturen var på 2. plass når det gjaldt areal til snittblomstrar i 1973. Det er blitt nokre færre gartneri som dyrka roser i siste 5-årsperiode, frå 129 verksemdar i 1968 til 111 verksemdar i 1973. Gjennomsnittleg areal pr. gartneri som dyrka har dermed auka frå 673 m² i 1968 til 1 012 m² i 1973.

Geografisk skil Østfold og Akershus seg ut med svært mykje av rosearealet, og i 1973 hadde desse to fylka 55 prosent av samla roseareal. Mesteparten av dette arealet var i kommunane Rygge (28 dekar) og Bærum (20 dekar).

Arsaker til den sterke auken i rosedyrkinga er nye sortar og sterk velstandsauke som har ført til at forbrukarane kjøper "finare" blomstrar enn før.

ii. Nellik

Arealet til nellik var 113 dekar i 1958, 115 dekar i 1968 og 93 dekar i 1973 (tabell 43). Det var såleis nedgang i arealet frå 1968 til 1973. Nellik har tidlegare hatt det nest største areal nytta til snittblomstkultur (etter krysantemum), men i 1973 blei det også registrert større areal nytta til rose. Det var færre gartneri som produserte nellik i 1973 enn i 1968. I 1968 var det 87 verksemdar med nellikproduksjon mot 68 verksemdar i 1973. Gjennomsnittleg areal pr. verksemd som dyrka nellik var 1 327 m² i 1968 og 1 363 m² i 1973.

Akershus var det fylket som produserte mest nellik med 23 dekar eller 25 prosent av alt areal nytta til nellik i 1973. Østfold og Rogaland hadde 14 dekar kvar og Vestfold og Sør-Trøndelag hadde respektive 8 og 9 dekar.

Nellik blir ikkje lenger rekna som "fine" blomstrar og nedgangen i areal må sjåast i samanheng med minka etterspurnad. Likevel er etterspurnaden større enn det norske tilbodet og dette skuldast vanskar med å tilpasse norsk produksjon til etterspurnaden gjennom året. Den norske produksjonen av nelliker på sitt høgste i ferietida og det er på denne tida den blir minst etterspurt.

iii. Krysantemum

Areal nytta til krysantemum var 194 dekar i 1958, 200 dekar i 1968 og 206 dekar i 1973. Det har såleis vore litt auke i arealet i 15-årsperioden og kulturen har dermed halde på l. plassen mellom snittkulturane. Trass i auken i arealet har det vore nedgang i tal gartneri som dyrka krysantemum, frå 496 verksemder i 1968 til 390 verksemder i 1973. Gjennomsnittleg areal pr. bruk som dyrka har dermed gått opp frå 404 m² i 1968 til 528 m² i 1973.

Det var Akershus som hadde størst areal til krysantemum i 1973 med 20 prosent av totalarealet. Deretter følgde Østfold med 16 prosent. Fylka Hedmark, Vestfold, Telemark, Rogaland, Hordaland, Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag hadde og relativt stort areal i 1973.

Det er forholdsvis mange gartneri som dyrkar krysantemum samanlikna med andre snittkulturar (utanom laukblomstrar). Noko av årsaka til dette er den relativt korte veksttida for krysantemum som gjer at kulturen høver bra i produksjonsopplegg der også andre kulturar er med. Andre årsaker til at denne kulturen stadig er like populær, er det store sortimentet som etter kvart har kome på marknaden. Krysantemum "held seg" elles lenge.

iv. Freesia

Arealet til freesia minka frå 47 dekar i 1968 til 35 dekar i 1973 (tabell 43). Samtidig var det reduksjon i talet på gartneri som dyrka freesia frå 102 i 1968 til berre 54 i 1973. Gjennomsnittleg areal pr. gartneri som dyrka var 457 m² i 1968 og 646 m² i 1973.

Fylka Hedmark og Oppland hadde om lag 7 dekar freesia kvar i 1973 og Rogaland hadde omlag 5 dekar. Det særleg kommunane Stange (Hedmark), Søndre Land (Oppland) og Stavanger (Rogaland) som skil seg ut med stort areal nytta til freesia.

Sjukdomsproblem med kulturen er hovudårsaka til det forholdsvis låge arealet i 1973. Ein reknar derfor nedgangen i arealet nytta til freesia som noko mellombels.

v. Andre snittblomstrar (ikkje laukblomstrar)

Arealet nytta til "andre snittblomstrar" endra seg lite i perioden 1968-1973 (sjå tabell 43). Derimot gjekk talet på gartneri som dyrka "andre snittblomstrar" ned frå 227 verksemder i 1968 til 128 verksemder i 1973. Gjennomsnittleg areal pr. gartneri auka såleis frå 248 m² i 1968 til 464 m² i 1973. I 1973 var 42 prosent av arealet i Akershus medan Sør-Trøndelag hadde 22 prosent.

vi. Laukblomstrar

Laukblomstrar blei registrert på ulik måte i 1969 og i 1974, slik at det er uråd med direkte samanlikning (sjå Prinsipp og definisjonar s. 16).

For 1968 blei produksjonen oppgitt til 114 dekar og av dette var 36 dekar eller 31 prosent i Oslo og Akershus. For 1973 blei det oppgitt 16,4 mill. laukblomstrar og av dette var 4,3 mill. eller 26 prosent i Oslo og Akershus.

Talet på verksemder som dyrka laukblomstrar var gått ned frå 748 i 1968 til 431 i 1973.

c. Snittgrønt

Det var berre 43 gartneri som dyrka snittgrønt i 1973 mot 82 i 1968. Arealet var i 1968 på 32 dekar og hadde minka til 22 dekar i 1973. Gjennomsnittleg areal pr. gartneri som dyrka har såleis auka frå 384 m² i 1968 til 501 m² i 1973.

Knappt 1/3 av arealet til snittgrønt låg i 1973 i Akershus fylke. Det meste var i Bærum kommune som hadde 22 prosent av alt snittgrøntarealet i heile landet.

Noko av årsaka til nedgangen i arealet til snittgrønt (*Adiantum* og *Asparagus plumosus*) ligg i at andre typer snittgrønt har kome på marknaden. Dette er stort sett typer som ikkje blir dyrka her i landet.

d. _ _ _ Potteplanter

Det blei produsert 7,1 mill. potteplanter i 1958, 8,9 mill. i 1968 og 12,6 mill. i 1973. Produksjonen av potteplanter har såleis auka mykje i 15-årsperioden og særleg var auken stor frå 1968 til 1973. Trass i auka produksjon blei det registrert færre gartneri som produserte slike planter i 1973 (822 verksemder) enn i 1968 (882 verksemder). Gjennomsnittleg tal potteplanter pr. verksemd som produserte auka dermed frå 10 105 i 1968 til 15 365 i 1973.

Den generelle velstandsutviklinga er truleg viktigaste årsak til den store auken i produksjonen av potteplanter. Det er rimeleg å tru at mesteparten av den auka etterspurnaden er retta mot norsk produksjon, då importert vare blir svært kostbar på grunn av høge fraktutgifter.

Tabell 44. Potteplanteproduksjonen ved verksemder av ulik storleik. 1968 og 1973 *Production of potted plants by size of establishments. 1968 and 1973*

Areal under glas/plast <i>Area under glass/plastics</i>	Verksemder med potteplanter i pro- sent av alle verk- semder <i>Per cent of establishments which produced potted plants</i>		Tal potteplanter <i>Number of potted plants</i>		Tal potteplanter pr. m ² veksthus og benkeareal <i>Number of potted plants per m² area of greenhouse nurseries</i>	
	1968	1973	1968	1973	1968	1973
			1 000 stk. 1 000 no.			
Alle verksemder <i>All establishments ...</i>	32,6	35,4	8 913	12 630	4,0	5,8
100 - 199 m ²	10,1	13,8	51	52	0,9	1,3
200 - 499 "	25,0	25,6	611	592	2,1	2,5
500 - 999 "	38,5	39,5	1 821	1 917	3,5	4,3
1 000 - 1 999 "	46,3	50,4	2 834	3 167	4,9	6,2
2 000 - 4 999 "	56,9	52,2	2 183	3 690	4,9	6,7
5 000 m ² og over <i>and more</i>	60,0	66,7	1 413	3 212	4,1	8,3

Tabell 44 viser at det har vore auke i tal potteplanter pr. m² under glas/plast for gartneri i alle storleiksklasser i perioden 1968-73. Særleg har dei større gartneria auka produksjonen. Gartneri med 5 000 m² og meir hadde i 1968 eit gjennomsnitt på 4,1 potteplanter pr. m² under glas/plast, mot 8,3 potteplanter pr. m² i 1973.

Geografisk er det Akershus som har størst produksjon av potteplanter med vel 2 mill. i 1973, tett følgd av Vestfold der produksjonen var knapt 2 mill. planter.

Rundt halvparten av potteplantene blir produserte i gartneri som ligg i særleg sentrale kommunar (tabell 45). Gartneri som ligg i mindre sentrale kommunar har berre rundt 10 prosent av denne produksjonen.

Tabell 45. Potteplanteproduksjonen fordelt på kommunar med ulik sentralitet. Prosent. 1968 og 1973
Production of potted plants by municipalities of different centrality. Per cent. 1968 and 1973

Sentralitet <i>Centrality</i>	Verksemder med produksjon av potteplanter <i>Establishments with production of potted plants</i>		Tal potteplanter <i>Number of potted plants</i>		Tal potteplanter pr. m ² veksthus og benkeareal <i>Number of potted plants pr. m² area of green- house nurseries</i>	
	1968	1973	1968	1973	1968	1973
	Prosent		Per cent			
Heile landet <i>The whole country</i>	100,0	100,0	100,0	100,0	4,0	5,8
Mindre sentrale kommunar <i>Municipalities remotely situated</i>	22,9	25,9	9,6	10,9	1,6	2,6
Sentrale kommunar <i>Municipalities cen- trally situated</i>	37,1	35,5	39,9	39,3	5,7	8,4
Særleg sentrale kommunar <i>Municipalities very centrally situated</i>	40,0	38,6	50,5	49,8	4,2	6,0

Tabell 46. Potteplanteproduksjonen etter kor viktig gartneriet er som leveveg for brukar og ektemake.
 Prosent. 1968 og 1973¹⁾ *Production of potted plants by greenhouse nursery as source of
 livelihood for holder and spouse. Per cent. 1968 and 1973¹⁾*

Gartneriet som leveveg <i>Greenhouse nursery as source of livelihood</i>	Verksemder med produksjon av potteplanter <i>Establishments with production of potted plants</i>		Tal potteplanter <i>Number of potted plants</i>		Tal potteplanter pr. m ² veksthus og benkeareal <i>Number of potted plants per m² area of green- house nurseries</i>	
	1968	1973	1968	1973	1968	1973
	Prosent		Per cent			
Alle brukarar <i>All holders</i>	100,0	100,0	100,0	100,0	3,0	8,4
Gartneriet er einaste eller viktigaste leveveg <i>Greenhouse nursery is sole or principal source of livelihood</i>	7,9	10,2	25,2	38,0	5,4	11,6
Gartneriet kombinert med anna hagebruk og/ eller jordbruk er einaste eller viktigaste leveveg <i>Greenhouse nursery combined with other horticultural and/or agricultural activities is sole or principal source of livelihood</i>	72,5	72,5	59,3	46,5	2,4	3,5
Gartneriet kombinert med anna hagebruk og/ eller jordbruk er ikkje viktigaste leveveg <i>Greenhouse nursery combined with other horticultural and/or agricultural activities is secondary source of livelihood</i>	6,3	5,7	4,1	2,6	2,4	2,4
Upersonlege brukarar <i>Impersonal holders</i>	13,3	11,6	11,4	12,9	4,4	11,9

1) Omfattar bruk med minst 5 dekar jordbruksareal i drift.

1) Including establishments with at least 5 decares of agricultural area in use.

Av tabell 46 går det fram at den store auken i produserte potteplanter i tida 1968 til 1973 særleg har gjort seg gjeldande på bruk der gartneriet er einaste eller viktigaste leveveg.

Tabell 47. Potteplanteproduksjonen fordelt på brukarar i ulike aldersgrupper. Prosent. 1968 og 1973
Production of potted plants by age of holder. Per cent. 1968 and 1973

Alder på brukaren Age of holder	Verksemder med produksjon av potteplanter <i>Establishments with production of potted plants</i>		Tal potteplanter <i>Number of potted plants</i>		Tal potteplanter pr. m ² veksthus og benkeareal <i>Number of potted plants per m² area of green- house nurseries</i>	
	1968	1973	1968	1973	1968	1973
	Prosent		Per cent			
Alle brukarar <i>All holders</i>	100,0	100,0	100,0	100,0	4,0	5,8
Under 40 år <i>Under 40 years</i>	14,4	16,9	14,1	17,8	3,3	5,0
40 - 59 år <i>years</i>	55,8	52,2	55,0	45,5	3,9	5,4
60 år og over <i>years and more</i>	20,3	22,3	20,9	26,9	4,1	6,8
Upersonlege brukarar <i>Impersonal holders</i> .	9,5	8,6	10,0	9,8	5,6	8,0

Det ser ut til at yngre brukarar nyttar litt mindre av arealet til potteplanter enn eldre brukarar (tabell 47).

Tabell 48. Dyrkingsomfang av ulike potteplanter for brukarar i ulike aldersgrupper. Prosent. 1968 og 1973
Production of different potted plants by age of holder. Per cent. 1968 and 1973

Ar Alder på brukaren Year Age of holder	Potte- planter i alt <i>Potted plants, total</i>	Krys- ante- mum <i>Chrys- santhe- mum</i>	Jule- begonia <i>Begonia chei- mantha</i>	Sykla- men <i>Cycla- men</i>	Hort- ensia <i>Hydran- geas</i>	Poin- settia <i>Poin- settias</i>	Asa- lea <i>Aza- leas</i>	Andre blomst- er- planter <i>Other orna- mental plants</i>	Deko- rasjons- planter <i>Foliage plants</i>
1968									
Alle brukarar <i>All holders</i>	100,0	10,8	26,3	4,8	3,4	5,0	7,6	25,3	16,8
Under 40 år <i>Under 40 years</i>	100,0	13,2	21,9	2,4	0,6	4,4	4,7	18,3	34,5
40-59 år <i>years</i>	100,0	10,0	27,9	5,5	2,7	5,6	7,5	26,7	14,1
60 år og over <i>years and more</i>	100,0	10,9	28,3	5,3	5,5	4,8	11,8	24,9	8,5
Upersonlege brukarar <i>Impersonal holders</i>	100,0	11,7	18,6	3,4	6,5	2,9	4,0	28,6	24,3
1973									
Alle brukarar <i>All holders</i>	100,0	9,3	15,9	2,7	1,5	11,1	8,5	36,3	14,7
Under 40 år <i>Under 40 years</i>	100,0	13,2	14,6	1,3	0,6	11,3	5,6	29,9	23,5
40-59 år <i>years</i>	100,0	7,0	18,6	3,3	1,3	11,2	7,8	36,5	14,3
60 år og over <i>years and more</i>	100,0	9,9	14,5	2,7	1,9	9,1	11,1	37,9	12,9
Upersonlege brukarar <i>Impersonal holders</i>	100,0	11,5	9,7	2,9	2,6	15,7	9,5	41,5	6,6

Ser ein på kva slag potteplanter brukarar av ulik alder produserer, finn ein at dei yngste brukarane produserer relativt meir krysantemum og dekorasjonsplanter enn dei eldre brukarane. Utviklinga frå 1968 til 1973 med minka produksjon av julebegonia og auka produksjon av julestjerne, ser derimot ut til å ha gjort seg gjeldande for alle aldersgrupper av brukarar.

Tabell 49. Verksemdar som produserte ulike potteplanter og tal ferdige potteplanter. 1958, 1968 og 1973 *Number of establishments which produced different potted plants and number of potted plants. 1958, 1968 and 1973*

Slag potteplanter <i>Sort of potted plants</i>	Tal verksemdar som dyrka <i>Number of establish- ments which produced</i>		Tal potte- planter <i>Number of potted plants.</i>			Tal potteplanter pr. verksemd <i>Number of potted plants per establishment</i>	
	1968	1973	1958	1968	1973	1968	1973
			1 000 stk.	1 000 No.			
Alle potteplanter <i>All potted plants</i> .	882	822	7 143	8 913	12 630	10 104	15 365
Krysantemum <i>Chrysanthemum</i>	240	174	..	964	1 176	4 017	6 760
Julebegonia <i>Begonia cheimanthus</i>	703	604	1 499	2 337	2 010	3 324	3 328
Hiemalisbegonia <i>Begonia hiemalis</i>	..	464	..	..	1 535	..	3 308
Syklamen <i>Cyclamen</i>	304	218	475	430	346	1 413	1 587
Hortensia <i>Hydrangeas</i>	273	191	218	300	184	1 099	961
Poinsettia <i>Poinsettias</i>	272	464	..	446	1 402	1 640	3 021
Asalea <i>Azaleas</i>	470	418	..	680	1 069	1 447	2 557
Stuepelargonium <i>Regal pelargonium</i> ...	586	389	..	2 257	406	..	1 045
Hagepelargonium <i>Geraniums</i>		387	..		436	..	1 126
Hengepelargonium <i>Ivy geraniums</i>		298	..		122	..	408
Campanula <i>Campanulas</i>		196	..		149	..	758
Saint paulia <i>African violet</i>		155	..		356	..	2 297
Kalanchoe <i>Kalanchoes</i>		55	..		207	..	3 770
Calceolaria <i>Calceolaria</i>		145	..		150	..	1 037
Andre blomsterplanter <i>Other orna- mental plants</i>	321	368	..	1 499	1 215	..	3 303
Ficus <i>Ficus</i>		70	..		102	..	1 461
Hedera <i>Ivy foliage plants</i>		90	..		207	..	2 296
Codiaeum <i>Codiaeums</i>		43	..		267	..	6 215
Andre dekorasjonsplanter <i>Other foliage plants</i>		226	..		1 291	..	5 714

i. Krysantemum

Produksjonen auka frå knapt 1 mill. planter i 1968 til knapt 1,2 mill. planter i 1973 (tabell 49). På grunn av den sterke auken i samla potteplantetal har krysantemum likevel "tapt terreng" relativt sett. I 1968 representerte krysantemum 10,8 prosent av samla potteplanteproduksjon, i 1973 berre 9,3 prosent. I perioden 1968-1973 er det blitt færre bruk som produserer krysantemum, slik at utviklinga går mot større einingar. Gjennomsnittleg tal planter pr. gartneri som dyrka auka såleis frå 4 017 planter i 1968 til 6 760 planter i 1973.

ii. Julebegonia

Produksjonen av denne planten auka mykje frå 1958 (1,5 mill.) til 1968 (2,3 mill.). Dette går fram av tabell 49. I 1973 var produksjonen gått ned til 2,0 mill. planter. Julebegonia utgjorde dermed 21,0 prosent av samla potteplanteproduksjon i 1958, 26,3 prosent i 1968 og berre 15,9 prosent i 1973. Julebegonia er likevel framleis den mest produserte potteplanta her i landet. Noko av årsaka til at denne planta ikkje er fullt så populær lenger, skuldast truleg konkurransen frå vår andre juleblomst, Poinsettia. Det har og vore noko nedgang i tal gartneri som produserer julebegonia, frå 703 i 1968 til 604 i 1974. Gjennomsnittleg tal planter pr. gartneri som produserte var dermed om lag likt dei to teljingsåra, med 3 324 planter i 1968 og 3 328 planter i 1973.

iii. Hiemalis begonia

Denne planten blei spesifisert for første gong ved hagebruksteljinga i 1974. Det blei då registrert at produksjonen i 1973 var på 1,5 mill. planter og at det var 464 gartneri som produserte. Gjennomsnittet pr. gartneri som dyrka var 3 308 planter.

Hiemalis begonia utgjorde i 1973 12,2 prosent av samla potteplanteproduksjon og var såleis den potteplanta som det blei produsert nest mest av.

iv. Syklamen

Produksjonen av syklamen har gått noko ned i 15-årsperioden 1958-1973. Det blei registrert ca. 475 000 planter i 1958, ca. 430 000 planter i 1968 og berre 346 000 planter i 1973. Av tabell 49 går det fram at også talet på gartneri som dyrka syklamen, har gått ned. Gjennomsnittet pr. gartneri var 1 413 planter i 1968 og 1 587 planter i 1973. Ei av årsakene til nedgang i produksjonen av syklamen er at dette er ein særleg arbeidskrevjande og vanskeleg kultur.

v. Hortensia

Produksjonen av Hortensia auka frå knapt 218 000 planter i 1958 til 300 000 planter i 1968 (tabell 49). Frå 1968 til 1973 gjekk produksjonen ned til 184 000 planter. Samtidig var det nedgang i tal gartneri som dyrka frå 273 verksemdar i 1968 til 191 i 1973. Gjennomsnittleg pr. bruk som dyrka var det 1 099 planter i 1968 og 961 planter i 1973.

Som noko av forklaringa på nedgangen i talet på produserte Hortensia kan nemnast at kulturen har svært lang produksjonstid, krev mykje plass og er særleg arbeidskrevjande. Det er derfor ein kostbar produksjon.

vi. Poinsettia (julestjerne)

Denne planten er forholdsvis ny her i landet, med produksjonen har auka svært raskt. Det blei registrert vel 0,4 mill. planter i 1968, og 1,4 mill. planter i 1973. Dermed kom Poinsettia på 3. plass av potteplantene med 11,1 prosent av samla potteplantetal i 1973. I same tidsrommet har det og blitt fleire gartneri som produserer Poinsettia. Det var 272 slike verksemdar i 1968 og 464 i 1973. Gjennomsnittleg auka tal planter pr. gartneri som dyrka frå 1 640 planter i 1968 til 3 021 planter i 1973.

vii. Asalea

Av tabell 49 går det fram at det blei produsert 0,7 mill. asalea i 1968 og knapt 1,1 mill. i 1973. Det har altså vore stor auke i produksjonen dei siste 5 åra. Talet på gartneri som produserer asalea har gått ned frå 470 i 1968 til 418 i 1973. Gjennomsnittet pr. gartneri som dyrka var 1 447 planter i 1968 og 2 557 planter i 1973.

Ei mogleg årsak til auka produksjon av asalea kan vere at kjenskapet til regulering av vekst og blomstring er langt betre enn tidlegare.

viii. Andre blomsterplanter

Produksjonen av "andre blomsterplanter" auka frå knapt 2,3 mill. planter i 1968 til 3,0 mill. i 1973 - eller retteleg 4,6 mill. planter (*Hiemalis begonia* blei tatt med under "andre blomsterplanter" i 1969, men skilt ut i 1974). Utviklinga med stor auke i denne samleposten er uttrykk for at det både blir foredla nye potteplanter og at auka etterspurnad blir retta mot eit større utval av potteplanter.

Ved Hagebruksteljinga 1974 var det spesifisert langt fleire potteplanter enn tidlegare. Av tabell 49 kan ein sjå kor mykje som vart produsert og kor mange gartneri som dyrka dei ulike slaga.

ix. Dekorasjonsplanter

Det var auke i talet på produserte dekorasjonsplanter frå 1,5 mill. planter i 1968 til 1,9 mill. planter i 1973. Dekorasjonsplanter eller grøne planter blir meir og meir vanleg brukt både i offentlege lokaler og hos vanlege forbrukarar.

Hagebruksteljinga 1974 hadde spesifisert *Ficus*, *Hedera* og *Codiaeum*. Oppgåver for desse finn ein i tabell 49.

e. Småplanter for ferdigproduksjon i andre veksthusgartneri

Tabell 50. Småplanter leverte for ferdigproduksjon i andre veksthusgartneri. 1968 og 1973 *Young plants delivered for further cultivation in other greenhouse nurseries. 1968 and 1973*

Planteslag <i>Species</i>	Verksemdar som leverte <i>Number of estab- lishments which delivered</i>		Tal småplanter <i>Number of young plants</i>	
	1968	1973	1968	1973
			1 000 stk.	1 000 No.
Alle småplanter <i>All young plants</i>	392	231	20 926	18 554
Alle grønsakplanter <i>All vegetable plants</i>	257	129	2 239	1 376
Tomat <i>Tomatoes</i>	227	120	1 180	825
Slangeagurk <i>Cucumbers</i>	67	33	170	79
Andre grønsakplanter <i>Other vegetable plants</i>	46	23	889	472
Alle blomsterplanter <i>All ornamental plants</i> ...	188	132	18 443	16 845
Nellik <i>Carnations</i>	13	11	1 047	723
Krysantemum <i>Chrysanthemums</i>	38	30	10 873	8 277
Julebegonia <i>Begonia cheimantha</i>	50	40	1 922	1 860
Hiemalis begonia <i>Begonia hiemalis</i>	..	23	..	1 515
Pelargonium <i>Pelargonium</i>	52	29	862	663
Poinsettia <i>Poinsettias</i>	18	33	607	1 293
Campanula <i>Campanulas</i>	98	10	3 132	744
Andre blomsterplanter <i>Other ornamental plants</i> }		..		1 770
Dekorasjonsplanter <i>Foliage plants</i>	23	23	244	333

14,5 prosent (392) av verksemdene med areal under glas/plast produserte småplanter for ferdigproduksjon i andre veksthusgartneri i 1968. Av tabell 50 går det fram at talet på gartneri som dyrka slike planter har gått ned i 5-årsperioden. I 1973 hadde 231 eller 9,9 prosent av gartneria slik produksjon. Samtidig blei det produsert litt færre planter (18,6 mill. i 1973 mot 20,9 mill. i 1968). Gjennomsnittet pr. gartneri som dyrka auka frå vel 53 000 planter i 1968 til vel 80 000 planter i 1973.

Grønsakplantene utgjorde i 1968 10,7 prosent av småplantene, mot 7,4 prosent i 1973. Dette vil seie at det er blomsterplantene som utgjør mesteparten av denne produksjonen. I 1973 var det 129 gartneri som produserte grønnsakplanter og 132 gartneri som produserte blomsterplanter for vidarekultur i andre gartneri. Det er såleis stor skilnad i strukturen på produksjonen av grønnsakplanter og blomsterplanter, i og med at gjennomsnittleg tal planter pr. gartneri som dyrka var knapt 11 000 grønnsakplanter og 130 000 blomsterplanter.

Tabell 50 gir tal for dei ulike kulturane.

f. Utplantingsplanter

Tabell 51. Verksemdar som leverte planter for utplanting på friland og tal utplantingsplanter, etter planteslag. 1968 og 1973 *Number of establishments which delivered plants for direct transplanting out of doors and number of plants, by species. 1968 and 1973*

Planteslag <i>Species</i>	Verksemdar som leverte <i>Number of establishments which delivered</i>		Tal utplantingsplanter <i>Number of plants delivered</i>	
	1968	1973	1968	1973
			1 000 stk.	1 000 No.
Alle planter <i>All plants</i>	870	934	33 769	30 974
Alle grønnsakplanter <i>All vegetable plants</i> .	564	514	19 535	14 567
Alle blomsterplanter <i>All ornamental plants</i>	704	844	14 234	16 407
Petunia <i>Petunia</i>	..	751	14 234	3 455
Tagetes <i>Mary-goldes</i>	..	729		2 268
Stemorsblomst <i>Pansies</i>	..	731		2 944
Andre utplantingsplanter (ikkje stauder) <i>Other (not perennial plants)</i>	..	757		7 740

Det var fleire gartneri som leverte planter for utplanting på friland i 1973 (934 gartneri) enn i 1968 (870 gartneri), men talet på utplantingsplanter har gått litt ned i same tidsrommet. I 1968 var det 33,8 mill. planter mot knapt 31,0 mill. planter i 1973. Ser ein på grønnsak- og blomsterplantene kvar for seg (tabell 51), finnein at det er grønnsakplanter det er blitt færre av i dette tidsrommet, medan det var litt auke for blomsterplanter. Såleis utgjorde blomsterplantene 53 prosent av alle utplantingsplantene i 1973, mot berre 42 prosent i 1968. Gjennomsnittet pr. gartneri som dyrka var knapt 39 000 planter i 1969 og vel 33 000 planter i 1973.

Tabell 51 viser fordeling på ulike slag blomsterplanter i 1973.

IV. FRUKTDYR KING

1. Generelt

Det har vore stor nedgang i talet på bruk med minst 50 frukttre frå 1959 til 1974. Ved jordbruksteljinga i 1959 blei det registrert vel 9 000 slike bruk. Ti år seinare var det vel 5 000 og i 1974 berre 3 800 bruk med minst 50 frukttre. Talet på frukttre har og gått ned i same tidsrommet, frå 1,8 mill. tre i 1959 til 1,2 mill. tre i 1974. Gjennomsnittleg talfrukttre pr. bruk med minst 50 tre auka frå 198 i 1959 til 314 i 1974. Utviklinga har såleis gått mot færre og større einingar.

I 1959 utgjorde trea i hagar med minst 50 frukttre 36,4 prosent av alle frukttrea i landet. I 1969 hadde prosentdelen gått ned til 34,9. Dette vil seie at 2/3 av frukttrea er å finne i hagar som hovudsakeleg dyrkar for eige bruk.

Tabell 52. Fruktdyrking¹⁾. Bruk med frukttre og tal frukttre etter hagestorleik. 1959, 1969 og 1974
Cultivation of fruit¹⁾. Holdings with fruit-trees and number of fruit-trees, by size of orchards. 1959, 1969 and 1974

År Year	I alt Total	50- 99 tre trees	100- 199 tre trees	200- 499 tre trees	500- 999 tre trees	1 000 tre og over trees and more
Bruk med frukttre <i>Holdings with fruit-trees</i>						
1959 ¹⁾	9 330	4 228	2 773	1 716	443	170
1969	5 131	2 263	1 336	966	373	193
1974	3 809	1 425	1 022	780	358	224
Frukttre <i>Fruit-trees</i>						
1959 ¹⁾	1 845 813	306 931	389 521	522 540	296 758	330 063
1969	1 290 265	156 526	184 573	295 693	257 704	395 769
1974	1 194 357	99 358	140 105	237 129	246 072	471 693

1) Tabellane for fruktdyrking omfattar berre bruk med minst 50 frukttre. 2) I 1959 var inndelinga: 51-100 tre, 101-200 tre m.v.

1) The data for cultivation of fruit includes only holdings with at least 50 fruit-trees. 2) In 1959 the classification was: 51-100 trees, 101-200 trees and so on.

Av tabell 52 går det fram at det berre er i storleiksgruppa 1 000 tre og meir at talet på frukthagar har auka frå 1959 til 1974. Elles er det i dette tidsrommet blitt færre bruk i alle dei andre storleiksklassene.

Storleiksfordeling av frukthagane etter fruktslag er vist i tabell 53. Ein finn her tydeleg skilnad mellom epletre og dei andre fruktslaga. Dette er rimeleg ettersom det totalt sett er mest epletre og dei fleste frukthagane har tre av fleire fruktslag.

Tabell 53. Bruk med ulike fruktarter etter tal tre av vedkomande art. Prosent. 1969 og 1974
Holdings with different species of fruit by number of trees of different species. Per cent. 1969 and 1974

Art <i>Species</i>		I alt <i>Total</i>	1- 49 <i>tre trees</i>	50- 99 <i>tre trees</i>	100- 199 <i>tre trees</i>	200- 499 <i>tre trees</i>	500- 999 <i>tre trees</i>	1 000 tre og over <i>trees and more</i>	Bruk i alt <i>Holdings, total</i>
Prosent <i>Per cent</i>									
Eple <i>Apple</i>	1969	100,0	35,6	27,3	17,5	13,5	3,9	2,2	5 010
	1974	100,0	29,6	27,6	19,0	15,2	4,9	3,7	3 675
Pære <i>Pears</i>	1969	100,0	78,2	11,1	6,7	3,4	0,5	0,1	4 290
	1974	100,0	73,2	13,6	8,5	4,0	0,5	0,2	3 076
Plomme <i>Plums</i>	1969	100,0	74,5	15,1	7,1	2,7	0,5	0,1	4 754
	1974	100,0	68,3	16,1	9,5	4,8	1,1	0,2	3 235
Søtkirsebær <i>Sweet cherries</i>	1969	100,0	87,3	7,4	4,3	1,0	0,0	-	2 167
	1974	100,0	80,5	10,8	7,0	1,4	0,3	-	1 317
Surkirsebær <i>Sour cherries</i>	1969	100,0	95,7	2,0	1,6	0,7	0,0	-	1 482
	1974	100,0	93,9	2,7	1,8	1,1	0,5	-	960

Tabell 54. Prosent av bruka med frukttre som hadde dei ulike frukttreartene. 1959, 1969 og 1974
Per cent of the holdings with fruit-trees which cultivated different species of fruit. 1959, 1969 and 1974

Ar <i>Year</i>	Bruk i alt <i>Holdings, total</i>	Eple <i>Apples</i>	Pære <i>Pears</i>	Plomme <i>Plums</i>	Søt- kirsebær <i>Sweet cherries</i>	Sur- kirsebær <i>Sour cherries</i>
Prosent <i>Per cent</i>						
1959	9 330	99,3	85,3	94,7	42,8	33,8
1969	5 131	97,6	83,6	92,7	42,2	28,9
1974	3 809	96,5	80,8	84,9	34,6	25,2

Tabell 54 viser at nesten alle bruka med minst 50 frukttre har epletre. Også pære- og plomme-
tre er vanlege i dei fleste frukthagane, medan søt- og surkirsebærtre er noko mindre nytta. Elles kan
nemnast at det i 1974 var ein mindre del av bruka som dyrka alle dei spesifiserte fruktslaga jamført
med 1959. Dette betyr at det i tidsrommet har skjedd ei viss spesialisering.

Forholdet mellom tretalet av dei ulike fruktslaga har ikkje endra seg mykje i 15-årsperioden
(tabell 55). Epletrea utgjør omlag 66 prosent av alle frukttrea. Deretter følgjer plomme med rundt
16 prosent av tretalet, pære med omlag 13 prosent og kirsebærtrea med berre omlag 5 prosent av samla
frukttretal.

Tabell 55. Frukttre etter art. Prosent. 1959, 1969 og 1974 *Fruit-trees by species. Per cent. 1959,
1969 and 1974*

Ar <i>Year</i>	Frukt- tre i alt <i>Fruit- trees, total</i>	Eple <i>Apples</i>	Pære <i>Pears</i>	Plomme <i>Plums</i>	Søt- kirse- bær <i>Sweet cherries</i>	Sur- kirse- bær <i>Sour cherries</i>
Prosent <i>Per cent</i>						
1959	1 845 813	66,6	11,7	17,5	2,6	1,6
1969	1 290 265	65,8	13,6	15,8	3,4	1,4
1974	1 194 357	66,6	12,8	15,8	3,3	1,5

FIGUR 6. LOKALISERING AV FRUKTDYRKINGA I NOREG 1974¹⁾
 LOCATION OF THE FRUITGROWING AREAS IN NORWAY 1974¹⁾

Kommunar med:


200 000 frukttre og over

100 000 - 199 999 frukttre

50 000 - 99 999 "

10 000 - 49 999 "

1 000 - 9 999 "



1) Gjeld hagar med minst 50 frukttre.

1) Includes orchards with at least 50 fruit trees.

Tabell 56. Bruk med frukttre etter fylke. 1959, 1969 og 1974 *Holdings with fruit-trees by county. 1959, 1969 and 1974*

Fylke County	1959	1969	1974	Endring frå 1959 til 1974 Change from 1959 to 1974
				Prosent Per cent
Heile landet <i>The whole country</i>	9 330	5 131	3 809	-59,2
Østfold	320	58	33	-89,7
Akershus	347	120	78	-77,5
Oslo	45	11	10	-77,8
Hedmark	384	135	92	-76,0
Oppland	185	54	22	-88,1
Buskerud	1 189	546	380	-68,0
Vestfold	598	157	131	-78,1
Telemark	714	359	278	-61,1
Aust-Agder	270	102	78	-71,1
Vest-Agder	367	148	74	-79,8
Rogaland	1 148	560	295	-74,3
Hordaland	1 614	1 213	969	-40,0
Sogn og Fjordane	1 739	1 447	1 231	-29,2
Møre og Romsdal	332	174	115	-65,4
Sør-Trøndelag	19	12	6	-68,4
Nord-Trøndelag	56	33	17	-69,6
Nordland	3	2	-	-100,0

Tabell 57. Tal frukttre etter fylke. 1959, 1969 og 1974 *Number of fruit-trees by county. 1959, 1969 and 1974*

Fylke County	1959	1969	1974	Endring frå 1959 til 1974 Change from 1959 to 1974
				Prosent Per cent
		1 000 stk. 1 000 No.		
Heile landet <i>The whole country</i>	1 846	1 290	1 194	-35,3
Østfold	54	12	7	-88,0
Akershus	63	30	26	-58,2
Oslo	11	5	5	-63,5
Hedmark	102	42	38	-62,6
Oppland	39	11	4	-88,9
Buskerud	318	232	227	-28,5
Vestfold	137	69	77	-43,5
Telemark	137	99	109	-20,4
Aust-Agder	44	16	14	-69,0
Vest-Agder	47	29	23	-50,3
Rogaland	173	82	53	-69,4
Hordaland	377	368	353	-6,4
Sogn og Fjordane	283	264	236	-16,8
Møre og Romsdal	52	27	20	-61,4
Sør-Trøndelag	2	1	0	-77,7
Nord-Trøndelag	7	3	2	-73,8

Tabell 58. Bruk med frukttre og tal frukttre, etter fylke. Prosent. 1959, 1969 og 1974 *Holdings with fruit-trees and number of fruit-trees, by county. Per cent. 1959, 1969 and 1974*

Fylke <i>County</i>	Bruk med frukttre <i>Holdings with fruit-trees</i>			Frukttre <i>Fruit-trees</i>		
	1959	1969	1974	1959	1969	1974
Heile landet <i>The whole country</i>	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0
Østfold	3,4	1,1	0,9	2,9	1,0	0,5
Akershus	3,7	2,3	2,0	3,4	2,3	2,2
Oslo	0,5	0,2	0,3	0,6	0,4	0,4
Hedmark	4,1	2,6	2,4	5,5	3,2	3,2
Oppland	2,0	1,1	0,6	2,1	0,8	0,4
Buskerud	12,8	10,7	10,0	17,2	18,0	19,0
Vestfold	6,4	3,1	3,4	7,4	5,4	6,5
Telemark	7,7	7,0	7,3	7,5	7,7	9,2
Aust-Agder	2,9	2,0	2,0	2,4	1,2	1,1
Vest-Agder	3,9	2,9	1,9	2,5	2,3	1,9
Rogaland	12,3	10,9	7,8	9,4	6,3	4,4
Hordaland	17,3	23,7	25,5	20,4	28,5	29,5
Sogn og Fjordane	18,6	28,2	32,3	15,4	20,4	19,8
Møre og Romsdal	3,6	3,4	3,0	2,8	2,1	1,7
Sør-Trøndelag	0,2	0,2	0,2	0,1	0,1	0,0
Nord-Trøndelag	0,6	0,6	0,4	0,4	0,3	0,2

Tabellane 56-58 viser bruk med frukthagar og tal frukttre etter fylke for åra 1959, 1969 og 1974. Det går fram av desse tabellane og av fig. 6 at fruktdyrking i større målestokk er svært ulikt fordelt på fylka. Flesteparten av frukttrea finn ein på Vestlandet. Dessutan er visse område på Austlandet særskilde fruktdistrikt. Årsaka til at fruktdyrkinga er så vidt konsentrert på nokre få område skuldast særleg klimaet.

Tabell 56 viser at Sogn og Fjordane hadde flest frukthagar i landet med vel 1 700 eller 19 prosent av alle hagane i 1959, og vel 1 200 eller 32 prosent av alle hagane i 1974. Hordaland har i heile tidsrommet hatt flest frukttre. Fruktdyrkinga er i perioden 1959-1974 blitt meir konsentrert til visse område. Til dømes hadde Hordaland og Sogn og Fjordane til saman 36 prosent av frukttrea i 1959, og bortimot 50 prosent i 1974. Av andre fylke med mykje fruktdyrking kan nemnast Buskerud, Vestfold og Telemark.

På grunn av den sterke konsentrasjonen i fruktdyrkinga er det av interesse å sjå på tala for ein-skilde kommunar med mykje frukttre. I tabell 59 er kommunane med minst 50 000 frukttre i 1974 med. Det går fram av tabellen at Ullensvang er den kommunen i landet som har flest frukttre. I 1974 var 20 prosent av alle frukttrea i denne kommunen. Lier er fruktkommune nr. 2 med vel 100 000 tre i 1974. Dei tre andre kommunane med over 50 000 tre er Ringerike, Sauherad og Leikanger. Desse kommunane hadde kvar rundt 60 000 frukttre. Tabellen viser vidare at i dei to kommunane på Vestlandet er frukttrea meir fordelte på ulike slag enn i kommunane på Austlandet, der det meste er epletre (forutan noko plummedyrking i Lier).

Det skjer ei stadig utvikling når det gjeld metodane for fruktdyrking. I denne samanheng er frukttretalet pr. dekar av interesse. Tidlegare blei frøstammer nytta til grunnstammer. Dette gav svært store frukttre, noko som gir få tre pr. dekar. I den seinare tid har ein meir og meir gått over til vegetativt formerte grunnstammer som gir meir svaktveksande frukttre. Føremålet med dette er å lette skjerings- og haustarbeidet, ved at alle arbeidsoperasjonar kan utførast frå bakkenivå. Ved at trea blir mindre kan ein plante fleire frukttre pr. dekar. Det er likevel ikkje berre trestorleiken som spelar inn. Arronderinga av jordbruksarealet har og mykje å seie. Tabell 60 viser at tal tre pr. dekar berre

Tabell 59. Bruk med frukttre og tal frukttre i kommunar som hadde minst 50 000 frukttre i 1974
Holdings with fruit-trees and number of fruit-trees in municipalities with at least 50 000 fruit-trees in 1974

Kommune <i>Municipality</i>	Bruk med minst 50 frukttre i alt <i>Holdings with 50 fruit-trees and more, total</i>	Gjennom- snittleg tal frukttre pr. bruk <i>Average number of fruit-trees per holding</i>	Frukttre <i>Fruit-trees</i>				
			Etter art <i>By species</i>				
			I alt <i>Total</i>	Eple <i>Apples</i>	Pære <i>Pears</i>	Plomme <i>Plums</i>	Kirsebær <i>Cherries</i>
			1 000 stk. 1 000 No.		Prosent <i>Per cent</i>		
Ringerike	60	929	56	88,4	0,2	6,6	4,8
Lier	133	763	101	74,8	5,3	19,0	0,9
Sauherad	124	511	63	95,8	1,9	1,1	1,2
Ullensvang	410	577	237	50,5	15,6	20,9	13,0
Leikanger	251	242	61	46,0	32,9	20,0	1,1

Tabell 60. Tal frukttre pr. dekar i dei viktigaste fruktfylka. 1959, 1969 og 1974 *Number of fruit-trees per decare in the main fruit-growing counties. 1959, 1969 and 1974*

Fylke <i>County</i>	Tre pr. dekar <i>Number of trees per decare</i>		
	1959	1969	1974
Heile landet <i>The whole country</i>	27	28	28
Hedmark	37	51	58
Buskerud	31	37	41
Vestfold	29	37	42
Telemark	25	28	32
Rogaland	33	31	31
Hordaland	22	25	24
Sogn og Fjordane	21	22	21

har auka frå 27 i 1959 til 28 tre i 1969 og 1974, rekna for heile landet. Desse tala skjuler likevel store fylkesvisе variasjonar. Det er på Austlandet at tretalet pr. dekar har auka i perioden. Særleg kan nemnast Hedmark med 37 tre pr. dekar i 1959 og 58 tre i 1974. Dette fylket har såleis flest frukttre pr. dekar frukthage. Dei to største fruktfylka, Hordaland og Sogn og Fjordane, har relativt få frukttre pr. dekar.

Tabell 61. Tal frukttre pr. dekar. Bruksstorleik etter tal frukttre. 1959, 1969 og 1974 *Number of fruit-trees per decare. Size of holding by number of fruit-trees. 1959, 1969 and 1974*

Hagestorleik <i>Size of orchard</i>	Tre pr. dekar <i>Number of trees per decare</i>		
	1959	1969	1974
Alle bruk <i>All holdings</i>	27	28	28
50 - 99 tre <i>trees</i>	23	20	18
100 - 199 " "	24	21	19
200 - 499 " "	25	24	22
500 - 999 " "	28	30	29
1 000 tre og over <i>trees and more</i>	40	45	47

Av tabell 61 kan ein sjå at tretalet pr. dekar berre har auka i hagar med 1 000 frukttre og meir. For dei mindre hagestorleikane har tretalet pr. dekar gått noko ned. Dette har samband med at mange små hagar er på veg ut, og at det derfor ikkje blir planta nye tre til erstatning for dei som blir øydelagde av frost o.l.

Tabell 62. Tal frukttre pr. dekar i kommunar som hadde minst 50 000 frukttre i 1974. 1969 og 1974 *Number of trees per decare in municipalities with at least 50 000 fruit-trees in 1974. 1969 and 1974*

Kommune <i>Municipality</i>	Tre pr. dekar <i>Number of trees per decare</i>	
	1969	1974
Ringerike	50	54
Lier	42	43
Sauherad	28	35
Ullensvang	26	26
Leikanger	21	24

Det ville vere naturleg at store fruktkommunar hadde noko høgare tetal pr. dekar enn rekna for heile landet. Tabell 62 viser at dette stort sett stemmer, men ein finn same skilnaden mellom Aust- og Vestland her som rekna etter fylke.

Tabell 63 viser at det er liten skilnad i tretalet pr. dekar rekna etter alder på brukaren. Elles er det tydeleg at frukthagane som blir drevne av upersonlege brukarar ligg langt over dei andre når det gjeld tretalet pr. dekar. Likeeins har denne gruppa auka tretalet frå 36 tre pr. dekar til 45 tre pr. dekar i perioden 1969-1974. Det er mogleg at det er forsøksgardane i fruktdyrking og fagskolane i landbruket som gjer at dette talet blir så høgt. Det må elles nemnast at omlegging av produksjonsopp- legget for fruktdyrking er ein langsiktig prosess på grunn av den lange omløpstida ein rekner for eit frukttre.

Tabell 63. Tal frukttre pr. dekar hos brukarar av ulik alder. 1969 og 1974 *Number of fruit-trees per decare by holders of different age. 1969 and 1974*

Alder på brukar <i>Age of holder</i>	Tre pr. dekar <i>Number of trees per decare</i>	
	1969	1974
Alle brukarar <i>All holders</i>	28	28
Under 40 år <i>years</i>	28	29
40 - 59 år <i>years</i>	28	28
60 år og over <i>years and more</i>	26	26
Upersonlege brukarar <i>Impersonal holders</i>	36	45

Tabell 64. Frukttre etter planteår. Prosent. Fylke. 1974 *Fruit-trees by planting period. Per cent. County. 1974*

Fylke <i>County</i>	Frukttre etter planteår <i>Fruit-trees by planting period</i>			
	I alt <i>Total</i>	Før 1950 <i>Before 1950</i>	1950- 1969	1970- 1974
Heile landet <i>The whole country</i>	100,0	26,4	53,5	20,1
Østfold	100,0	32,9	57,6	9,5
Akershus	100,0	27,3	55,2	17,5
Oslo	100,0	46,4	47,0	6,6
Hedmark	100,0	9,4	72,6	18,0
Oppland	100,0	17,8	75,9	6,3
Buskerud	100,0	17,6	61,8	20,6
Vestfold	100,0	12,1	65,5	22,4
Telemark	100,0	20,1	51,1	28,8
Aust-Agder	100,0	29,5	49,9	20,6
Vest-Agder	100,0	22,2	59,7	18,1
Rogaland	100,0	36,8	53,8	9,4
Hordaland	100,0	28,6	48,9	22,5
Sogn og Fjordane	100,0	36,9	46,5	16,6
Møre og Romsdal	100,0	55,8	38,6	5,6
Sør-Trøndelag	100,0	52,7	44,9	2,4
Nord-Trøndelag	100,0	28,9	56,4	14,7

I tabell 64 er frukttrea grupperte etter planteår og fylke. Forholdet mellom nyplanting og eldre plantingar er ein god indikator på omfanget av fruktdyrkinga i framtida. Ein kan sjå av denne tabellen at fruktfylka på Austlandet og Hordaland skil seg ut med høgare prosent nyplanting enn dei andre fylka. At Sogn og Fjordane har relativt lite nyplanting, kan bety at fruktdyrkinga vil gå attende i dette fylket. Frostskaer o.l. vil elles kunne påverke tala for nyplanting sterkt.

Ser ein på fordeling av trea etter alder i kommunane med minst 50 000 tre i 1974, peiker Sauherad seg ut med stor prosent nyplanting (37 prosent), medan Ringerike har lågaste prosenten for nyplanting (15). Elles ser ein at bortimot 1/3 av trea i Leikanger var planta før 1950 og såleis er svært gamle.

Tabell 65. Frukttre etter planteår. Prosent. Kommunar med minst 50 000 frukttre i 1974 *Fruit-trees by planting period. Per cent. Municipalities with at least 50 000 fruit-trees in 1974*

Kommune <i>Municipality</i>	Frukttre etter planteår <i>Fruit-trees by planting period</i>			
	I alt <i>Total</i>	Før 1950 <i>Before 1950</i>	1950- 1969	1970- 1974
Ringerike	100,0	15,2	70,2	14,6
Lier	100,0	14,8	62,1	23,1
Sauherad	100,0	19,6	43,5	36,9
Ullensvang	100,0	23,0	49,4	27,6
Leikanger	100,0	32,2	41,3	26,5

Tabell 66. Frukttre etter planteår i ulike hagestorleikar. Prosent. 1974 *Fruit-trees by planting period in orchards of different size. Per cent. 1974*

Hagestorleik <i>Size of orchard</i>	Frukttre etter planteår <i>Fruit-trees by planting period</i>			
	I alt <i>Total</i>	Før 1950 <i>Before 1950</i>	1950- 1969	1970- 1974
Alle bruk <i>All holdings</i>	100,0	26,4	53,5	20,1
50 - 99 tre <i>trees</i>	100,0	54,2	39,1	6,7
100 - 199 " "	100,0	45,1	44,6	10,3
200 - 499 " "	100,0	36,6	46,8	16,6
500 - 999 " "	100,0	21,7	52,0	26,3
1 000 tre og over <i>trees and more</i>	100,0	12,4	63,3	24,3

Av tabell 66 går det fram at i dei mindre hagane er 54 prosent av trea planta før 1950, medan berre 7 prosent er planta i tida 1970-1974. Dess større frukthagane er, dess nyare er plantingane. Det er registrert stor nedgang i talet på små hagar i perioden 1959-1974. Slik alderssamansetnaden av trea er, kan ein framleis rekne med nedgang i talet på små hagar.

Om lag 1/3 av surkirsebærtrea er planta i tida 1970-1974 (tabell 67). Ingen av dei andre fruktslaga har så høg prosent med nyplanting. Derimot skil pære seg ut med heile 41 prosent av trea planta før 1950, og relativt lite nyplanting.

Yngre brukarar har høgare prosent med nyplanting enn eldre brukarar. Dette går fram av tabell 68.

Det går fram av tabell 27 (s. 34) at fruktdyrkarane har relativt høg gjennomsnittsalder (54,5 år pr. 20 juni 1974).

Tabell 67. Ulike arter frukttre etter planteår. Prosent. 1974 *Different species of fruit-trees by planting period. Per cent. 1974*

Art <i>Species</i>	Frukttre etter planteår <i>Fruit-trees by planting period</i>			
	I alt <i>Total</i>	Før 1950 <i>Before 1950</i>	1950- 1969	1970- 1974
Æple <i>Apples</i>	100,0	25,6	55,2	19,2
Pære <i>Pears</i>	100,0	40,8	48,4	10,8
Plomme <i>Plums</i>	100,0	20,4	50,7	28,9
Søtkirsebær <i>Sweet cherries</i>	100,0	20,5	52,8	26,7
Surkirsebær <i>Sour cherries</i>	100,0	15,7	50,9	33,4

Tabell 68. Frukttre etter planteår hos brukarar av ulik alder. Prosent. 1974 *Fruit-trees by planting period for holders of different age. Per cent. 1974*

Alder på brukaren <i>Age of holder</i>	Frukttre etter planteår <i>Fruit-trees by planting period</i>			
	I alt <i>Total</i>	Før 1950 <i>Before 1950</i>	1950- 1969	1970- 1974
Alle brukarar <i>All holders</i>	100,0	26,4	53,5	20,1
Under 40 år <i>years</i>	100,0	22,1	53,8	24,1
40 - 59 år <i>years</i>	100,0	24,9	53,6	21,5
60 år og over <i>years and more</i>	100,0	34,2	51,2	14,6
Upersonlege brukarar <i>Impersonal holders</i>	100,0	10,2	64,9	24,9

2. Tilknytning til anna hagebruk og/eller jordbruk

Fruktdyrkinga her i landet foregår stort sett på bruk der ein og driv anna hagebruk og/eller jordbruk.

I tabellane 69 og 70 er bruka med minst 50 frukttre i 1974 fordelte etter leveveg for brukaren. Av tabell 69 går det fram at det er 660 bruk eller 31 prosent av frukthagane med personlege brukarar der bruket er einaste eller viktigaste leveveg og frukthagen står for meir enn 50 prosent av nettoinntekta på bruket. Ser ein derimot på frukthagens del av nettoinntekta på bruket utan omsyn til bruket som leveveg, er det 42 prosent av bruka (med personlege brukarar) der frukthagen står for meir enn 50 prosent av nettoinntekta frå bruket. Denne høge prosenten skuldast for ein stor del at inntekt frå frukthagen utgjør ein stor del av nettoinntekta frå bruket der bruket ikkje er viktigaste leveveg. Dette kan ein sjå av tabellane. Der bruket er einaste eller viktigaste leveveg, må frukthagane vere forholdsvis store for å stå for meir enn 50 prosent av nettoinntekta på bruket, medan sjøl små frukthagar betyr mykje for nettoinntekta der bruket ikkje er viktigaste leveveg.

Tabell 69. Bruka etter frukthagens del av nettoinntekta frå bruket, for brukarar med bruket som einaste eller viktigaste leveveg. Prosent. Bruksstorleik etter tal frukttre. 1974 *Number of holdings by part of net farm income from orchard for holders with the holding as sole or principal source of livelihood. Per cent. Size of holding by number of fruit-trees. 1974*

Hagestorleik Size of orchard	I alt Total	Frukthagens del av nettoinntekta frå bruket Part of net farm income from orchard			Bruk i alt Holdings, total
		Under 10 pst. Under 10 p.c.	10-50 pst. 10-50 p.c.	Over 50 pst. More than 50 p.c.	
		Prosent Per cent			
Alle bruk All holdings	100,0	29,7	39,7	30,6	2 154
50 - 99 tre trees	100,0	67,2	27,1	5,7	564
100 - 199 " "	100,0	35,1	48,5	16,4	555
200 - 499 " "	100,0	10,1	47,6	42,3	534
500 - 999 " "	100,0	1,6	38,3	60,1	308
1 000 tre og over trees and more	100,0	3,1	31,6	65,3	193

Tabell 70. Bruka etter frukthagens del av nettoinntekta frå bruket, for brukarar med bruket som ikkje viktigaste leveveg. Prosent. Bruksstorleik etter tal frukttre. 1974 *Number of holdings by part of net farm income from orchard for holders with the holding as secondary source of livelihood. Per cent. Size of holding by number of fruit-trees. 1974*

		Frukthagens del av nettoinntekta frå bruket <i>Part of net farm income from orchard</i>			Bruk i alt <i>Holdings, total</i>
Hagestorleik <i>Size of orchard</i>	I alt <i>Total</i>	Under 10 pst. <i>Under 10 p.c.</i>	10-50 pst. <i>10-50 p.c.</i>	Over 50 pst. <i>More than 50 p.c.</i>	
Prosent <i>Per cent</i>					
Alle bruk <i>All holdings</i>	100,0	14,0	28,0	58,0	1 571
50 - 99 tre <i>trees</i>	100,0	18,6	26,1	55,3	828
100 - 199 " "	100,0	12,2	31,6	56,2	452
200 - 499 " "	100,0	3,5	30,6	65,9	229
500 - 999 " "	100,0	4,3	19,6	76,1	46
1 000 tre og over <i>trees and more</i>	100,0	6,3	12,5	81,2	16

Tabell 71. Bruk med fruktdyrking, etter om dei driv anna hagebruksproduksjon eller ikkje. Prosent. Bruksstorleik etter tal frukttre. 1974 *Holdings with fruit-trees, by other horticultural production. Per cent. Size of holding by number of fruit-trees. 1974*

Hagestorleik Size of orchard	I alt Total	Bruk med fruktdyrking <i>Holdings with cultivation of fruit</i>	
		Driv berre fruktdyrking <i>Only cultivation of fruit</i>	Driv også anna hagebruk <i>Also other horticultural production</i>
Alle bruk <i>All holdings</i> ..	100	63	37
50 - 99 tre <i>trees</i> ...	100	73	27
100 - 199 " " ...	100	68	32
200 - 499 " " ...	100	55	45
500 - 999 " " ...	100	44	56
1 000 tre og over <i>trees and more</i>	100	35	65

Når det gjeld tilknytning til anna hagebruk går det fram av tabell 71 at 63 prosent av bruken med minst 50 frukttre berre hadde denne eine hagebruksproduksjonen i 1974, medan resten (37 prosent), i tillegg til fruktproduksjon også dreiv anna hagebruk. Fordelinga etter bruksstorleik viser at det er mest vanleg å ha fleire hagebruksproduksjonar for bruk med store frukthagar.

Tabell 72. Bruk med frukttre og tal frukttre, etter storleiken på jordbruksareal i drift. 1969 og 1974
Holdings with fruit-trees and number of fruit-trees, by size of agricultural area in use. 1969 and 1974

Jordbruksareal i drift <i>Agricultural area in use</i>	Bruk med frukttre <i>Holdings with fruit-trees</i>		Frukttre <i>Fruit-trees</i>		Gjennomsnittleg tal tre pr. bruk <i>Average number of trees per holding</i>	
	1969	1974	1969	1974	1969	1974
			1 000 stk. 1 000 No.			
Alle bruk <i>All holdings</i>	5 131	3 809	1 290	1 194	251	314
Under 5 dekar <i>decares</i>	599	328	47	26	79	81
5 - 19,9 dekar <i>decares</i>	1 080	900	138	127	128	141
20 - 49,9 " "	1 520	1 227	367	372	241	304
50 - 99,9 " "	1 352	982	425	392	314	399
100 - 199,9 " "	411	250	175	150	426	598
200 dekar og over <i>decares and more</i>	169	122	138	127	815	1 038

I tabell 72 er bruk med frukttre og tal frukttre fordelte etter jordbruksareal i drift. Dei fleste frukthagane høyrer til på bruk med mellom 5 og 100 dekar jordbruksareal i drift. Gjennomsnittleg jordbruksareal pr. bruk med frukthage var 54,3 dekar i 1969 og 52,9 dekar i 1974.

Tabell 73. Bruken av jordbruksarealet i 1969 i kommunar som hadde minst 50 000 frukttre i 1974. Prosent
Agricultural area by use in 1969 in municipalities with at least 50 000 fruit-trees in 1974. Per cent

Kommune <i>Municipality</i>	Korn, erter og oljevekstar til mogning <i>Grains, dry peas and oil-seed</i>	Potet <i>Potatoes</i>	Grønsaker på friland <i>Field grown vegetables</i>	Jordbær og bringebær <i>Straw- and rasp-berries</i>	Annan åker og hage <i>Other crops (lawns, orchards etc.)</i>	Eng og kulturbeite <i>Meadows and pastures</i>
Ringerike	69	2	1	0	18	10
Lier	34	3	12	1	22	28
Sauherad	47	1	0	0	22	30
Ullensvang	0	1	0	2	47	50
Leikanger	0	1	0	3	35	61

Tabell 73 viser at i fruktkommunane på Vestlandet blir om lag alt jordbruksareal nytta til hage og eng, medan det på Austlandet vert nytta ein stor del av arealet til korn. Dette er naturleg ut i frå klima og arealforhold.

Tabell 74. Jordbruksareal i drift, areal under glas/plast, bærbuskar, frukttre og grønsaker på fri-land. Gjennomsnitt pr. bruk med frukttre i 1969. Kommunar som hadde minst 50 000 frukttre i 1974 *Agricultural area in use, area under glass/plastics, bacciferous shrubs, fruit-trees and field-grown vegetables. Average per holding with fruit-trees in 1969. Municipalities with at least 50 000 fruit-trees in 1974*

Kommune <i>Municipality</i>	Gjennomsnitt pr. bruk <i>Average per holding</i>				
	Jordbruks- areal i drift <i>Agricultural area in use</i>	Veksthus og benker <i>Green- houses and forcing frames</i>	Bær- buskar <i>Bacci- ferous shrubs</i>	Frukt- tre <i>Fruit- trees</i>	Grøn- saker på friland <i>Field grown vegetables</i>
	Dekar <i>Decares</i>	m ²	Stk. <i>No.</i>	Stk. <i>No.</i>	Dekar <i>Decares</i>
Ringerike	110,5	24	48	741	1,4
Lier	96,1	310	33	603	11,1
Sauherad	69,6	5	19	364	0,1
Ullensvang	42,0	13	14	497	0,1
Leikanger	29,5	10	12	238	0,1

Det er stor skilnad på bruken i dei ulike kommunane rekna etter gjennomsnittleg jordbruksareal i drift og gjennomsnittleg tal frukttre pr. bruk. Til dømes kan nemnast at på Ringerike var gjennomsnittleg jordbruksareal i drift 110,5 dekar mot 29,5 dekar i Leikanger, medan gjennomsnittleg tal frukttre pr. bruk var 741 i Ringerike og 238 i Leikanger.

Tabell 75. Husdyr. Gjennomsnitt pr. bruk med frukttre i 1969. Kommunar med minst 50 000 frukttre i 1974 *Livestock. Average per holding with fruit-trees in 1969. Municipalities with at least 50 000 fruit-trees in 1974*

Kommune <i>Municipality</i>	Gjennomsnitt pr. bruk <i>Average per holding</i>			
	Kyr <i>Cows</i>	Sau over 1 år <i>Sheep, 1 year and more</i>	Svin i alt <i>Pigs, total</i>	Høner i alt <i>Hens, total</i>
Heile landet <i>The whole country</i>	2,0	7,0	3,3	33,2
Ringerike	0,3	1,3	4,1	23,0
Lier	2,6	0,3	4,4	77,3
Sauherad	1,2	0,4	2,8	40,5
Ullensvang	0,9	9,2	0,4	17,5
Leikanger	0,7	9,8	0,4	1,4

Tabell 75 viser at hos fruktdyrkarane i dei to kommunane på Vestlandet er sauer viktigaste husdyret.

3. Dei enkelte fruktsortane

a. Eple

I 1974 var det knapt 3 700 bruk med minst 50 frukttre som hadde epletre, mot ca. 5 000 i 1969 og knapt 9 300 i 1959. Det er og blitt færre epletre i denne perioden. Vel 1,2 mill. tre blei registrert i 1959, vel 0,8 mill. i 1969 og knapt 0,8 mill. epletre i 1974. Pr. bruk med epletre auka tal epletre frå gjennomsnittleg 133 tre i 1959 til 217 tre i 1974. Nesten alle bruka med minst 50 frukttre har epletre (tabell 54) og desse trea utgjer om lag 2/3 av det totale frukttretalet (tabell 55).

Tabell 76. Epletre etter fylke. 1959, 1969 og 1974 *Number of apple trees by county. 1959, 1969 and 1974*

Fylke <i>County</i>	1959	1969	1974	Prosent <i>Per cent</i>		
				1959	1969	1974
I alt <i>Total</i>	1 229 433	849 604	795 691	100,0	100,0	100,0
Østfold	41 362	10 029	4 159	3,4	1,2	0,5
Akershus	48 184	23 114	21 211	3,9	2,7	2,7
Oslo	9 308	3 950	4 218	0,8	0,5	0,5
Hedmark	91 541	34 905	31 421	7,4	4,1	4,0
Oppland	34 701	9 309	3 907	2,8	1,1	0,5
Buskerud	240 862	188 404	179 983	19,6	22,2	22,6
Vestfold	106 665	56 107	62 185	8,7	6,6	7,8
Telemark	119 862	90 969	101 675	9,8	10,7	12,8
Aust-Agder	33 777	12 257	10 392	2,7	1,4	1,3
Vest-Agder	32 929	21 434	17 040	2,7	2,5	2,1
Rogaland	55 766	24 403	16 816	4,5	2,9	2,1
Hordaland	184 464	191 174	187 596	15,0	22,5	23,6
Sogn og Fjordane	191 044	165 337	142 838	15,6	19,4	18,0
Møre og Romsdal	31 943	15 222	10 463	2,6	1,8	1,3
Sør-Trøndelag	1 440	752	334	0,1	0,1	0,0
Nord-Trøndelag	5 403	2 168	1 453	0,4	0,3	0,2
Nordland	182	70	-	0,0	0,0	-

Tabell 76 viser utviklinga i talet på epletre i dei ulike fylka. Frå 1959 til 1969 er det berre i Hordaland at talet på epletre har auka. Derimot kan ein registrere nedgang i epletretalet i Hordaland i tida 1969-1974, medan det i dette tidsrommet har vore noko auke i Vestfold og Telemark. Likevel hadde Hordaland flest epletre både i 1969 og 1974. I 1959 var det derimot Buskerud som hadde flest epletre. Elles har Sogn og Fjordane og Telemark ein stor og aukande del av epletrea. Det kan nemnast at i 1959 hadde Buskerud, Telemark, Hordaland og Sogn og Fjordane i alt 60 prosent av epletrea, mot 77 prosent i 1974. Utviklinga har såleis ført til ein sterkare geografisk konsentrasjon. Også Vestfold har forholdsvis mange epletre.

Tabell 77. Bruk med epletre og tal epletre, etter sort. Heile landet. 1959, 1969 og 1974 *Holdings with apple trees and number of apple trees, by sort. The whole country. 1959, 1969 and 1974*

Fruktsort <i>Sort of fruit</i>	Bruk med epletre <i>Holdings with apple trees</i>			Epletre <i>Apple trees</i>			Prosent <i>Per cent</i>		
	1959	1969	1974	1959	1969	1974	1959	1969	1974
Eple i alt <i>Apples, total</i>	9 266	5 010	3 675	1 229 433	849 604	795 691	100,0	100,0	100,0
Sommareple <i>Summer apples</i>									
Transparente blanche	5 075	2 298	1 585	45 608	34 615	30 905	3,7	4,1	3,9
Sävsstaholm, Raud Sävsstaholm ...	5 441	2 318	1 399	40 628	30 188	26 014	3,3	3,6	3,3
Andre sommareple <i>Other summer apples</i>	3 989	1 758	1 153	36 322	32 991	33 834	3,0	3,9	4,2
Tidlege vintereple <i>Early winter apples</i>									
Prins, Raud Prins	2 562	1 780	1 450	38 126	54 789	56 537	3,1	6,4	7,1
James Grieve	4 287	1 808	1 383	105 369	52 817	37 216	8,6	6,2	4,7
Gravenstein	6 521	3 208	2 596	284 543	135 022	123 414	23,1	15,9	15,5
Raud Gravenstein		1 577	1 570		67 503	103 221		7,9	13,0
Andre tidlege vintereple <i>Other early winter apples</i>	3 078	1 446	1 008	60 463	21 525	22 377	4,9	2,5	2,8
Seine vintereple <i>Late winter apples</i>									
Akerø	4 087	1 858	1 439	83 360	54 849	57 174	6,8	6,5	7,2
Filippa	5 517	2 612	1 889	110 024	53 974	41 316	8,9	6,4	5,2
Cox's Pomona	3 711	1 400	952	71 948	24 948	16 507	5,9	2,9	2,1
Lobo	..	380	410	..	42 683	54 230	..	5,0	6,8
Ingrid Marie, Karin Schneider .	2 333	1 666	1 359	52 027	72 212	64 601	4,2	8,5	8,1
Torstein, Raud Torstein	5 606	3 030	2 367	127 578	103 540	82 568	10,4	12,2	10,4
Andre seine vintereple <i>Other late winter apples</i>	..	..	1 796	173 437	67 948	45 777	14,1	8,0	5,7

i. Transparente blanche

Transparente blanche blei dyrka på 55 prosent av bruken med epletre i 1959, mot 43 prosent i 1974. Talet på tre har gått ned frå 46 000 til 31 000 i denne perioden. Sorten utgjør rundt 4 prosent av samla epletretal. Gjennomsnittleg tal tre pr. bruk har auka frå 9 tre i 1959 til 19 tre i 1974. Det er Buskerud som har flest Transparente blanche med 30 prosent av totaltalet i 1974. Dei fleste trea stod i dei to store fruktkommunane i fylket, nemleg Ringerike og Lier. Elles er desse trea forholdsvis fordelte på fylka etter kor mange epletre dei elles har.

ii. Sävsstaholm, Raud Sävsstaholm

Heile 59 prosent av bruken med epletre hadde desse sortane i 1959 mot 38 prosent i 1974. Talet på tre var 41 000 i 1959 og 26 000 i 1974. Både i 1959 og i 1974 utgjorde dette 3,3 prosent av samla tal epletre. Gjennomsnittleg tal tre pr. bruk har auka frå 7 i 1959 til 19 tre i 1974. Knappt 40 prosent av alle Sävsstaholmtrea i 1974 var i Buskerud fylke. Særleg var det mange slike tre i Lier kommune.

iii. Andre sommareple

Det var 43 prosent av bruکا med epletre som hadde tre av "andre sommareple" i 1959, mot 31 prosent i 1974. Tretalet har ikkje endra seg særleg i 15-årsperioden, det var 36 000 tre i 1959 og 34 000 tre i 1974. I 1969 blei det registrert ca. 33 000 tre, slik at det har vore ein liten auke i tida 1969-1974. Desse trea utgjorde 4,2 prosent av alle epletrea i 1974, mot 3,0 prosent i 1959. Gjennomsnittleg tal tre pr. bruk som dyrka auka frå 9 tre i 1959 til 29 tre i 1974. Spesielt Ullensvang har mange slike tre, med vel 8 000 eller 25 prosent i 1974. Elles var det knapt 7 000 slike tre i Buskerud i 1974.

iv. Prins, Raud Prins

Det har i perioden 1959-1974 blitt færre bruk med desse sortane. Relativt sett hadde derimot eir større del av bruکا med epletre desse sortane i 1974 (39 prosent) enn i 1959 (28 prosent). Tretalet har auka frå 38 000 i 1959 til 57 000 i 1974 og utgjorde 7,1 prosent av samla tal epletre i 1974, mot 3,1 prosent i 1959. Denne utviklinga har ført til at gjennomsnittleg tal tre pr. bruk har auka frå 15 i 1959 til 39 i 1974. Desse sortane er nærast å rekne som spesialsortar for Hardanger. Heile 75 prosent av trea var i 1974 i Hordaland. Også i Sogn og Fjordane var det ein del slike tre, medan Austlandet hadde svært få tre av desse sortane.

v. James Grieve

Det var 38 prosent av bruکا med epletre som hadde James Grieve i 1974 mot 46 prosent i 1959. Talet på slike tre har gått sterkt ned, frå 105 000 i 1959 til 53 000 i 1969 og 37 000 tre i 1974. I alt 8,6 prosent av epletrea i 1959 var James Grieve mot berre 4,7 prosent i 1974. Gjennomsnittleg tal tre pr. bruk var 25 i 1959 og 27 i 1974. Denne sorten er mest dyrka på Austlandet. Særleg har Buskerud ein stor del av dette tretalet (32 prosent i 1974), men det er og ein del slike tre på Vestlandet. Nedgangen i tretalet har gjort seg gjeldande både på Austlandet og Vestlandet.

vi. Gravenstein, Raud Gravenstein

I 1959 blei det ikkje spurt særskilt om kvar av desse sortane og det var då vel 6 500 bruk som hadde ein eller begge. Dette utgjorde 70 prosent av alle bruکا med epletre og Gravenstein var såleis den sorten som blei mest vanleg dyrka. Det var i 1959 285 000 slike tre og dette utgjorde 23 prosent av samla tal epletre. I 1969 blei begge desse sortane spesifiserte på skjemaet og det blei registrert 135 000 tre med Gravenstein og 68 000 tre med Raud Gravenstein. Til saman blei det såleis ganske stor reduksjon i tretalet, frå 285 000 i 1959 til 203 000 i 1969. I 1974 hadde tretalet auka til 227 000. Talet på Gravensteintre hadde minka litt, medan talet på Raud Gravenstein hadde auka frå 68 000 tre i 1969 til 103 000 i 1974. Relativt sett har Gravenstein (og Raud Gravenstein) auka frå å utgjere 23,1 prosent av alle epletrea i 1959 til 23,8 prosent i 1969 og 28,5 prosent i 1974.

Det var framleis rundt 70 prosent av bruکا med epletre som hadde Gravenstein i 1974, medan Raud Gravenstein berre blei produsert på 43 prosent av bruکا med eple. Såleis var det 48 Gravensteintre og 68 tre av Raud Gravenstein pr. bruk som hadde sortane i 1974, mot 44 tre i 1959.

Det var i 1974 flest Gravensteintre i Sogn og Fjordane (44 000 tre), medan Hordaland hadde flest Raud Gravenstein (29 000 tre). Elles er desse sortane forholdsvis jamt delte mellom Aust- og Vestlandet.

vii. Andre tidlege vintereple

Av "andre tidlege vintereple" har det vore sterk reduksjon i 15-årsperioden, frå 60 000 tre i 1959 til 22 000 tre i 1974. Talet på frukthagar med slike tre er redusert frå 3 100 i 1959 til 1 000 i 1974. Gjennomsnittleg tal tre pr. bruk var dermed 20 i 1959 og 22 i 1974. Desse trea er relativt jamt fordelte på dei ulike fylka med epletre.

viii. Åkerø

Denne sorten hadde sterk nedgang i talet på tre frå 1959 (83 000 tre) til 1969 (55 000 tre). Frå 1969 til 1974 har derimot tretalet auka til 57 000. Det var 44 prosent av bruka med epletre som dyrka Åkerø i 1959, mot 37 prosent i 1969 og 39 prosent i 1974. Det ser såleis ut til å ha vore auka interesse for produksjon av Åkerø dei seinare åra. Gjennomsnittleg tal tre pr. bruk som dyrka, auka frå 20 i 1959 til 40 i 1974. Dei fleste av desse trea finn ein på Austlandet og særleg mange i Buskerud.

ix. Filippa

60 prosent av bruka med epletre hadde Filippa i 1959, mot 51 prosent i 1974. Talet på tre minka frå 110 000 i 1959 til 41 000 i 1974. I 1959 utgjorde denne sorten 8,9 prosent av alle epletrea mot 5,2 prosent i 1974. Gjennomsnittleg tal tre pr. bruk var 20 i 1959 og 22 i 1974. Vestfold og Hordaland hadde relativt mange slike tre, respektive 9 000 og 10 000 i 1974. Nedgangen i tretalet frå 1959 til 1974 har ikkje gjort seg spesielt gjeldande i noko enkelt fylke.

x. Cox's Pomona

I 1959 hadde 40 prosent av bruka med epletre Cox's Pomona mot 26 prosent i 1974. Talet på tre har gått ned frå 72 000 i 1959 til 17 000 i 1974. Såleis utgjorde tal tre av Cox's Pomona berre 2,1 prosent av tal epletre i 1974 mot 5,9 prosent i 1959. Gjennomsnittleg tal tre pr. bruk har gått ned frå 19 i 1959 til 17 i 1974. Denne sorten var i 1974 mest utbreidd på Austlandet.

xi. Lobo

Lobo blei for første gong spesifisert ved teljinga i 1969 og det var då 380 frukthagar som hadde Lobo. I 1974 var det Lobo i 410 hagar. Samtidig hadde talet på tre auka frå knapt 43 000 i 1969 til 54 000 i 1974 - og utgjør såleis 6,8 prosent av samla epletretal i 1974. Gjennomsnittleg tal tre pr. bruk var 112 i 1969 og 132 i 1974. Samanlikna med andre sortar er dette høge gjennomsnittstal. Denne sorten blei introdusert for dyrking her i landet i førstninga av 1960-åra. Ser ein på det høge gjennomsnittstalet av tre pr. bruk, tyder dette på at det nesten berre er storprodusentar som har denne sorten. Heile 53 prosent av Lobotrea i 1974 var i Buskerud fylke. Elles hadde Hedmark, Vestfold og Telemark relativt mange Lobo-tre. I det heile var det særleg på Austlandet denne sorten blei dyrka.

xii. Ingrid Marie, Karin Schneider

Det var 52 000 tre av sortane Ingrid Marie og Karin Schneider i 1959. Tretalet auka til 72 000 i 1969, men gjekk ned til 65 000 i 1974. Såleis var det flest slike tre i 1969 og sortane utgjorde då 8,5 prosent av alle epletrea, mot 8,1 prosent i 1974 og berre 4,2 prosent i 1959. Talet på bruk med desse sortane gjekk ned i perioden, men det var relativt fleire som produserte i 1974 (37 prosent) enn i 1959 (25 prosent) og i 1969 (33 prosent). Gjennomsnittleg tal tre pr. bruk var 22 i 1959, 43 i 1969 og 48 i 1974. Det var i 1974 flest tre av desse sortane i Hordaland og Buskerud, men det var og relativt mange i Vestfold og Sogn og Fjordane.

xiii. Torstein, Raud Torstein

Desse sortane kjem på 2. plass etter Gravenstein både med omsyn til tal bruk som har dei og talet på tre. I 1959 var det 5 600 bruk eller 61 prosent av alle bruka med epletre som hadde desse sortane. I 1974 hadde talet på bruk gått ned til knapt 2 400, men dette utgjorde 64 prosent av alle hagane med epletre. Talet på tre har gått ned frå knapt 128 000 i 1959 til 83 000 i 1974. I 1959 var dette 10,4 prosent av alle epletrea og prosenten var uendra i 1974. Gjennomsnittleg tal tre pr. bruk var 23 i 1959 og 35 i 1974. Heile 64 prosent av trea i 1974 var i Hordaland og Sogn og Fjordane. Elles var det ein del slik tre i Buskerud og Telemark.

xiv. Andre seine vintereple

Talet på frukthagar med "andre seine vintereple" har ein berre for 1974 og det blei då registrert 1 800 hagar. Talet på tre har gått sterkt ned frå 1959 til 1974. Det var 173 000 tre i 1959 og berre knapt 46 000 tre i 1974. Buskerud, Hordaland og Sogn og Fjordane hadde særleg mange tre av uspesifiserte seine vintereple i 1974.

b. Pære

Talet på bruk med minst 50 frukttre som har pæretre gjekk ned frå knapt 8 000 i 1959 til 4 300 i 1969 og vidare til 3 100 i 1974. Tabell 54 viser at ein stor del av frukthagane har pæretre, 85 prosent i 1959 og 81 prosent i 1974. Talet på pæretre har gått ned i dette tidsrommet. Det blei registrert 216 000 pæretre i 1959, 176 000 tre i 1969 og 152 000 tre i 1974. Dette utgjorde 11,7 prosent av alle frukttrea i 1959 og 12,8 prosent i 1974 (tabell 55). Gjennomsnittleg tal pæretre pr. bruk auka frå 27 i 1959 til 49 i 1974.

Tabell 78. Pæretre etter fylke. 1959, 1969 og 1974 *Number of pear trees by county. 1959, 1969 and 1974*

Fylke <i>County</i>	1959	1969	1974	Prosent <i>Per cent</i>		
				1959	1969	1974
I alt <i>Total</i>	216 333	175 601	152 231	100,0	100,0	100,0
Østfold	3 699	354	231	1,7	0,2	0,2
Akershus	1 998	890	612	0,9	0,5	0,4
Oslo	404	112	125	0,2	0,1	0,1
Hedmark	486	97	50	0,2	0,1	0,0
Oppland	389	49	16	0,2	0,0	0,0
Buskerud	18 389	7 777	6 891	8,5	4,4	4,5
Vestfold	12 393	3 810	3 206	5,7	2,2	2,1
Telemark	5 739	3 057	2 938	2,7	1,7	1,9
Aust-Agder	3 003	846	662	1,4	0,5	0,4
Vest-Agder	2 973	1 764	1 896	1,4	1,0	1,2
Rogaland	27 890	14 400	11 997	12,9	8,2	7,9
Hordaland	73 087	71 334	59 271	33,8	40,6	39,0
Sogn og Fjordane	58 503	66 880	60 668	27,1	38,1	39,9
Møre og Romsdal	7 236	4 176	3 650	3,3	2,4	2,4
Sør-Trøndelag	38	12	6	0,0	0,0	0,0
Nord-Trøndelag	74	33	12	0,0	0,0	0,0
Nordland	32	10	-	0,0	-	-

I tabell 78 er pæretrea fordelte etter fylke. Det går fram at pæredyrkinga er blitt meir og meir konsentrert til Vestlandet. Det er Hordaland og Sogn og Fjordane som er dei store "pærefylka", med ca. 60 000 pæretre kvar i 1974. Dette er ca. 79 prosent av alle pæretrea dette året. I Hordaland har talet på pæretre minka etter 1959, medan det i Sogn og Fjordane blei registrert flest pæretre i 1969. På Austlandet og i Rogaland har nedgangen i talet på pæretre vore stor i perioden 1959-1974.

Det kan nemnast at Austlandet blir rekna som grenseområde for dyrking av pære når det gjeld vinterklimaet. Derimot toler pæretrea nedbør ganske bra og kan derfor dyrkast på Vestlandet.

Tabell 79. Bruk med pæretre og tal pæretre, ettersort. Heile landet. 1959, 1969 og 1974 *Holdings with pear trees and number of pear trees, by sort. The whole country. 1959, 1969 and 1974*

Fruktsort <i>Sort of fruit</i>	Bruk med pæretre <i>Holdings with pear trees</i>			Pæretre <i>Pear trees</i>			Prosent <i>Per cent</i>		
	1959	1969	1974	1959	1969	1974	1959	1969	1974
Pære i alt <i>Pears, total ..</i>	7 961	4 290	3 076	216 333	175 601	152 231	100,0	100,0	100,0
Keiserinne	2 124	1 345	1 070	21 104	20 112	17 343	9,7	11,4	11,4
Andre tidlege pærer <i>Other early pears</i>	2 075	886	737	16 887	10 851	10 340	7,8	6,2	6,8
Amanlis	1 516	968	797	9 713	8 530	7 241	4,5	4,9	4,8
Moltke	6 352	3 524	2 680	99 067	86 057	75 742	45,8	49,0	49,8
Philip	3 396	1 717	1 281	33 487	17 302	14 840	15,5	9,9	9,7
Clara Frijs	4 116	610	540	36 075	11 231	10 208	16,7	6,4	6,7
Andre pærer <i>Other pears ..</i>		1 821	1 265		21 518	16 517		12,2	10,8

i. Keiserinne

Keiserinne blei dyrka på 27 prosent av bruکا med pæretre i 1959 og på 35 prosent av bruکا i 1974. Talet på bruk med Keiserinne hadde likevel gått ned frå 2 100 til 1 100 i dette tidsrommet. Det er og blitt nokre færre tre, vel 21 000 tre blei registrert i 1959, ca. 20 000 i 1969 og vel 17 000 tre i 1974. Sorten utgjorde 11,4 prosent av samla tal pæretre i 1974. Gjennomsnittleg tal tre pr. bruk auka frå 10 i 1959 til 16 i 1974. Nesten alle Keiserinnetrea finn ein på Vestlandet og særleg i Sogn og Fjordane. 70 prosent av trea i 1974 var i dette fylket. Særleg var det mange Keiserinnetre i Leikanger (5 200 tre) og Sogndal (4 600 tre).

ii. Andre tidlege pærer

Det var 26 prosent av bruکا med pæretre som hadde "andre tidlege pærer" i 1959, mot 4 prosent i 1974. Talet på bruk var 2 075 i 1959 mot 737 i 1974. Tretalet har samtidig minka frå knapt 17 000 tre i 1959, til 11 000 tre i 1969 og 10 000 tre i 1974. I 1974 utgjorde trea 6,8 prosent av alle pæretrea. Gjennomsnittleg tal tre pr. bruk auka frå 8 i 1959 til 14 i 1974. Mesteparten av desse trea er på Vestlandet. Ullensvang åleine hadde 32 prosent av tretalet i 1974.

iii. Amanlis

I alt 26 prosent av bruکا med pæretre hadde Amanlis i 1974, mot 19 prosent i 1959. Trass i dette har talet på bruk med Amanlis gått ned frå 1 500 i 1959 til 800 i 1974. Talet på tre var ca. 10 000 i 1959 og vel 7 000 i 1974. I 1974 utgjorde dette 4,8 prosent av pæretrea i alt. Gjennomsnittleg tal tre pr. bruk auka frå 6 i 1969 til 9 i 1974. Denne sorten blir vesentleg dyrka i Hordaland og Sogn og Fjordane.

iv. Moltke

Til saman 87 prosent av bruکا med pæretre hadde Moltke i 1974, mot 80 prosent i 1959. Talet på bruk med Moltke var 6 400 i 1959 og 2 700 i 1974. Denne sorten er såleis den mest vanleg dyrka av pæresortane. Det var 99 000 tre i 1959, 86 000 tre i 1969 og 76 000 tre i 1974. Halvparten av alle pæretrea i 1974 var såleis av sorten Moltke. Gjennomsnittleg tal tre pr. bruk var 16 i 1959 og 28 i 1974. Ser ein på den geografiske fordelinga, har spesielt Ullensvang mange Moltketre med meir enn 21 000 i 1974. Det var og ein del tre på Austlandet. I Lier blei det registrert nær 2 800 tre av Moltke i 1974.

v. Philip

Philip blei dyrka på 42 prosent av bruکا med pæretre i 1974 og på 43 prosent i 1959. Talet på bruk med Philip har gått ned frå 3 400 i 1959 til 1 300 i 1974. I same periode var det sterk nedgang i talet på tre. Det var 33 000 tre i 1959, 17 000 tre i 1969 og berre 15 000 tre i 1974. Såleis utgjorde trea av denne sorten berre 9,7 prosent av samla tal pæretre i 1974, mot 15,5 prosent i 1959. Gjennomsnittleg tal tre pr. bruk var 10 i 1959 og 12 i 1974. Mesteparten av trea i 1974 var på Vestlandet, elles var det ein del tre i Lier kommune.

vi. Clara Frijs

Denne sorten blei først spesifisert ved teljinga i 1969. Det var då 610 bruk som dyrka den mot 540 bruk i 1974. Talet på tre av sorten Clara Frijs var 11 200 i 1969 og 10 200 i 1974. Desse trea utgjorde såleis 6,7 prosent av samla tal pæretre i 1974. I alt 86 prosent av trea i 1974 var i Hordaland og Sogn og Fjordane.

vii. Andre pærer

Det var 300 bruk som hadde "andre pærer" i 1974 mot 1 800 bruk i 1969. Talet på tre var ca. 22 000 i 1969 og knapt 17 000 i 1974. I 1974 utgjorde desse trea 10,8 prosent av samla tal pæretre. Størsteparten av trea i 1974 var på Vestlandet, men det var og ein del slike tre i Buskerud og Vestfold.

c. Plomme

Talet på bruk med minst 50 frukttre som har plomme er gått sterkt ned i 15-årsperioden 1959-1974. Det var 8 800 slike bruk i 1959, 4 800 i 1969 og 3 200 i 1974. Samtidig er talet på plommetre redusert frå 322 000 i 1959 til 204 000 i 1969 og berre 189 000 i 1974. Gjennomsnittleg tal tre pr. bruk auka frå 37 i 1959 til 58 i 1974. Tabell 54 viser at det i 1959 var plommetre på 94,7 prosent av bruکا med minst 50 frukttre, mot berre 84,9 prosent i 1974. Plommetrea utgjorde 17,5 prosent av alle frukttrea i 1959 og 15,8 prosent i 1974 (sjå tabell 55).

Tabell 80. Plommetre etter fylke. 1959, 1969 og 1974 *Number of plum trees by county. 1959, 1969 and 1974*

Fylke County	1959	1969	1974	Prosent Per cent		
				1959	1969	1974
I alt <i>Total</i>	322 436	203 859	189 093	100,0	100,0	100,0
Østfold	7 942	1 248	896	2,5	0,6	0,5
Akershus	10 625	4 357	2 833	3,3	2,2	1,5
Oslo	1 528	685	656	0,5	0,3	0,3
Hedmark	5 884	4 524	5 543	1,8	2,2	2,9
Oppland	2 154	689	253	0,7	0,3	0,1
Buskerud	51 978	31 112	34 447	16,1	15,3	18,2
Vestfold	12 264	6 335	7 724	3,8	3,1	4,1
Telemark	8 892	4 147	2 716	2,8	2,0	1,4
Aust-Agder	6 103	1 631	1 311	1,9	0,8	0,7
Vest-Agder	7 952	5 205	3 337	2,5	2,6	1,8
Rogaland	83 639	40 148	23 000	25,9	19,7	12,2
Hordaland	81 507	67 887	71 674	25,2	33,3	37,9
Sogn og Fjordane	29 804	28 704	29 586	9,2	14,1	15,7
Møre og Romsdal	10 508	6 224	4 758	3,3	3,1	2,5
Sør-Trøndelag	363	240	70	0,1	0,1	0,0
Nord-Trøndelag	1 263	693	289	0,4	0,3	0,2
Nordland	30	30	-	0,0	0,0	-

Tabell 80 viser fordelinga av plommetrea etter fylke. Det går fram at Buskerud og dei tre Vestlandsfylka Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane er store "plommetrefylke". Ser ein på utviklinga frå 1959 til 1974 for dei einskilte fylka, er det berre i Sogn og Fjordane at plommetretalet har halde seg om lag på same nivå i denne tida (rundt 29 000 tre). I Hordaland var det knapt 82 000 plommetre i 1959, 68 000 i 1969 og 72 000 i 1974. I Ullensvang åleine blei det registrert 49 000 plommetre i 1974. I alt 26 prosent av alle plommetrea i landet i 1974 var såleis i denne kommunen. I 1959 hadde Rogaland flest plommetre med ca. 84 000 tre, men tretalet gjekk ned til 40 000 i 1969 og til 23 000 i 1974. Buskerud er det fylket på Austlandet som har flest plommetre. I 1959 var det 52 000 tre i dette fylket og i 1969 var det 31 000 tre. I tida 1969-1974 har talet på plommetre auka litt slik at det blei registrert 34 000 plommetre i 1974. Det er særleg i Lier kommune det er mange plommetre.

Tabell 81. Bruk med plommetre og tal plommetre, etter sort. Heile landet. 1959, 1969 og 1974 *Holdings with plum trees and number of plum trees, by sort. The whole country. 1959, 1969 and 1974*

Fruktsort <i>Sort of fruit</i>	Bruk med plommetre <i>Holdings with plum trees</i>			Plommetre <i>Plum trees</i>			Prosent <i>Per cent</i>		
	1959	1969	1974	1959	1969	1974	1959	1969	1974
Plomme i alt <i>Plums, total ..</i>	8 833	4 754	3 235	322 436	203 859	189 093	100,0	100,0	100,0
Tidlege plommer <i>Early plums</i>	4 917	2 196	1 613	77 225	43 975	44 253	24,0	21,6	23,4
Opal	..	434	620	..	8 807	17 515	..	4,3	9,3
Oullins	5 713	2 577	1 874	80 538	38 508	33 643	25,0	18,9	17,8
Victoria	6 749	3 562	2 526	82 368	57 308	53 089	25,5	28,1	28,1
Andre plommer <i>Other plums ..</i>	5 576	3 251	2 187	82 305	55 261	40 593	25,5	27,1	21,4

i. Tidlege plommer

Det var 50 prosent av bruka med plommetre som hadde tidlege plommer i 1974, mot 56 prosent i 1959. I tidsrommet 1959-1969 gjekk talet på tre sterkt ned, frå 77 000 tre i 1959 til berre 44 000 i 1969. Derimot blei det ikkje registrert nedgang frå 1969 til 1974. Gjennomsnittleg tal tre pr. bruk auka frå 16 i 1959 til 27 i 1974. Elles kan nemnast at 23,4 prosent av alle plommetrea i 1974 var tidlege plomme.

Halvparten av trea i 1974 var i Hordaland fylke. Det var særleg mange tre i Ullensvang.

ii. Opal

Opal blei første gong spesifisert på skjemaet ved teljinga i 1969 og det var då 434 frukthagar med denne sorten. I 1974 blei det registrert 620 hagar med Opal. I 1969 hadde såleis 9 prosent av bruka med plommetre Opal og i 1974 var det 19 prosent som hadde denne sorten. Samtidig har talet på tre auka frå 8 800 i 1969 til 17 500 i 1974. Denne sorten utgjorde dermed 4,3 prosent av samla tal plommetre i 1969 og 9,3 prosent i 1974. Gjennomsnittleg tal tre pr. bruk auka frå 20 i 1969 til 28 i 1974.

Utbreiinga av Opal var i 1974 forholdsvis jamt fordelt mellom Austlandet og Vestlandet. På Vestlandet var sorten konsentrert til Hordaland.

iii. Oullins

Av bruka med plommetre hadde 58 prosent Oullins i 1974 mot 65 prosent i 1959. Samtidig har talet på tre gått sterkt ned, frå 81 000 tre i 1959 til 39 000 tre i 1969 og 34 000 tre i 1974. Denne sorten utgjorde dermed 25 prosent av alle plommetrea i 1959 og berre 18 prosent i 1974. Gjennomsnittleg tal tre pr. bruk var 14 i 1959 og 18 i 1974.

Det var i 1974 flest tre av denne sorten i Hordaland. Elles hadde Sogn og Fjordane og Buskerud relativt mange tre.

iv. Victoria

Til saman 78 prosent av bruka med plommetre hadde Victoria i 1974, mot 76 prosent i 1959. Dette er såleis den sorten som er mest vanleg dyrka. Det var 82 000 tre av denne sorten i 1959, mot 57 000 tre i 1969 og 53 000 tre i 1974. Victoria hadde etter dette 28,1 prosent av samla tal plommetre i 1974. Gjennomsnittleg tal tre pr. bruk auka frå 12 i 1959 til 21 i 1974.

Denne sorten er utbreidd i alle fylka med mange plommetre.

v. Andre plommer

I 1974 var det 2 200 bruk med "andre plommer" mot 5 600 bruk i 1959. Talet på tre er om lag halvert i 15-årsperioden, frå vel 82 000 tre i 1959 til knapt 41 000 tre i 1974.

d. Søtkirsebær

Det var 4 000 bruk med minst 50 frukttre som hadde søtkirsebærtre i 1959, mot 2 200 bruk i 1969 og berre 1 300 bruk i 1974. Av tabell 54 kan ein sjå at dette utgjorde rundt 42 prosent av alle frukthagane i 1959 og 1969 og 35 prosent i 1974. Ser ein på tretalet var det 48 000 tre i 1959, 43 000 i 1969 og 39 000 i 1974. Desse trea utgjer såleis ein liten del (3,3 prosent) av alle frukttrea i 1974 (tabell 55). Gjennomsnittleg tal søtkirsebærtre pr. bruk var 12 i 1969 og 30 i 1974 (tabell 82).

Tabell 82. Søtkirsebærtre (morellar) etter fylke. 1959, 1969 og 1974 *Number of sweet cherries by county. 1959, 1969 and 1974*

Fylke County	1959	1969	1974	Prosent Per cent		
				1959	1969	1974
I alt <i>Total</i>	48 366	43 443	39 262	100,0	100,0	100,0
Østfold	691	205	57	1,4	0,5	0,1
Akershus	752	455	556	1,6	1,0	1,4
Oslo	157	24	16	0,3	0,1	0,0
Hedmark	1 095	259	56	2,3	0,6	0,1
Oppland	474	307	20	1,0	0,7	0,1
Buskerud	1 695	1 311	649	3,5	3,0	1,7
Vestfold	2 128	747	720	4,4	1,7	1,9
Telemark	1 388	605	752	2,9	1,4	1,9
Aust-Agder	862	739	1 138	1,8	1,7	2,9
Vest-Agder	1 643	672	400	3,4	1,5	1,0
Rogaland	3 405	1 931	828	7,0	4,5	2,1
Hordaland	29 847	33 066	31 089	61,7	76,1	79,2
Sogn og Fjordane	2 271	2 007	1 931	4,7	4,6	4,9
Møre og Romsdal	1 898	982	1 025	3,9	2,3	2,6
Sør-Trøndelag	13	12	4	0,0	0,0	0,0
Nord-Trøndelag	37	121	21	0,1	0,3	0,1
Nordland	10	-	-	0,0	-	-

Hordaland er det "store" fylket når det gjeld søtkirsebær. Det blei registrert rundt 30 000 tre i dette fylket både i 1959, 1969 og 1974. I 1959 var dette 62 prosent av alle søtkirsebærtrea i landet og i 1974 79 prosent. Det er Ullensvang kommune som står for det vesentlege av søtkirsebærproduksjonen i dette fylket med 73 prosent av alle søtkirsebærtre i landet i 1974. Årsaka til nedgangen i tal tre på Austlandet skuldast truleg klimaet. Kalde vintrar høver dårleg for søtkirsebærtre.

e. Surkirsebær

Det var 3 200 bruk med minst 50 frukttre som hadde surkirsebærtre i 1959, mot 1 500 bruk i 1969 og 1 000 bruk i 1974. Berre 25 prosent av bruکا med minst 50 frukttre hadde surkirsebær i 1974. Talet på tre har gått ned frå 29 000 i 1959 til 18 000 i 1974. I 1969 var talet på surkirsebærtre knapt 18 000 tre, slik at i siste 5-årsperiode var det tendens til auke i tretalet. Desse trea utgjorde 1,5 prosent av alle frukttrea i 1974.

Tabell 83. Surkirsebærtre etter fylke. 1959, 1969 og 1974 *Number of sour cherries by county. 1959, 1969 and 1974*

Fylke County	1959	1969	1974	Prosent Per cent		
				1959	1969	1974
I alt <i>Total</i>	29 245	17 758	18 080	100,0	100,0	100,0
Østfold	708	433	1 187	2,4	2,4	6,6
Akershus	1 195	761	1 032	4,1	4,3	5,7
Oslo	157	109	79	0,5	0,6	0,4
Hedmark	2 625	1 987	985	9,0	11,2	5,4
Oppland	1 405	388	157	4,8	2,2	0,9
Buskerud	4 644	3 820	4 965	15,9	21,5	27,4
Vestfold	3 536	2 396	3 531	12,1	13,5	19,5
Telemark	1 283	698	1 136	4,4	3,9	6,3
Aust-Agder	366	217	166	1,3	1,2	0,9
Vest-Agder	1 154	400	504	4,0	2,3	2,8
Rogaland	2 098	994	249	7,2	5,6	1,4
Hordaland	7 755	4 111	3 022	26,5	23,1	16,7
Sogn og Fjordane	1 765	1 118	885	6,0	6,3	4,9
Møre og Romsdal	100	55	64	0,3	0,3	0,4
Sør-Trøndelag	4	14	-	0,0	0,1	-
Nord-Trøndelag	447	247	118	1,5	1,4	0,7
Nordland	3	10	-	0,0	0,1	-

Tabell 83 viser surkirsebærtrea etter fylke. I 1959 var det Hordaland som hadde flest surkirsebærtre med 26,5 prosent. I dette fylket kan ein registrere nedgang i tretalet frå 1959 (7 800 tre) til 1974 (3 000 tre). Liknande nedgang har gjort seg gjeldande i dei andre fylka på Vestlandet. Derimot er utviklinga annleis i Buskerud, Vestfold og Telemark. I desse tre fylka var det sterk nedgang i tretalet frå 1959 til 1969, medan det har vore auke i perioden 1969-1974. Denne utviklinga har og gjort seg gjeldande andre stader på Austlandet, som i Østfold og Akershus. Surkirsebærtrea toler godt kalde vintrar, slik at klimaet ikkje skulle vere avgjerande for denne produksjonen på Austlandet. Dette viser og tala tydeleg, i og med at ein større del av produksjonen etter kvart skjer på Austlandet.

V. BÆRDYR KING

1. Generelt

Spesielle oppgaver for bruk med bær dyrking av eit visst omfang er samla inn berre i 1969 og 1974. I dette korte tidsrommet er det likevel skjedd store endringar. I 1969 hadde 9 100 bruk minst 50 bær buskar og/eller minst 0,5 dekar bringebær og/eller minst 0,5 dekar jordbær. I 1974 blei det ikkje registrert meir enn 5 100 slike bruk. Utviklinga mot færre einingar har såleis gått svært raskt idet talet på bruk med bær dyrking er nesten halvert i løpet av ein periode på 5 år.

2. Dei enkelte bærvekstane

a. Bær buskar

Tabell 84. Bær dyrking¹⁾. Bruk med bær buskar og tal bær buskar, etter hagestorleik. 1969 og 1974 *Cultivation of berries¹⁾. Holdings with bacciferous shrubs and number of shrubs, by size of plantage. 1969 and 1974*

Ar Year	I alt Total	50- 99 buskar shrubs	100- 149 buskar shrubs	150- 199 buskar shrubs	200- 299 buskar shrubs	300 buskar og meir shrubs and more
Tal bruk med bær buskar <i>Number of holdings with bacciferous shrubs</i>						
1969	3 907	2 744	481	196	208	278
1974	1 496	891	243	81	112	169
Tal bær buskar, 1 000 stk. <i>Number of bacciferous shrubs, 1 000 No.</i>						
1969	547	175	88	48	236	
1974	278	55	27	13	25	158

1) Tabellane for bær dyrking omfattar berre bruk med minst 50 bær buskar og/eller minst 0,5 dekar jordbær og/eller minst 0,5 dekar bringebær.

1) The data for cultivation of berries include only holdings with at least 50 bacciferous shrubs and/or at least 0.5 decare of strawberries and/or at least 0.5 decare of raspberries.

Det går fram av tabell 84 at talet på bær buskar har minka sterkt frå 1969 til 1974. Det blei registrert knapt 550 000 bær buskar i 1969, mot berre knapt 280 000 i 1974. I same tidsrom var talet på bruk med bær buskar gått ned frå 3 900 til 1 500. Gjennomsnittleg tal buskar pr. bruk som dyrka auka frå 140 buskar i 1969 til 186 buskar i 1974. Tabellen viser vidare at nedgangen i talet på bruk med bær buskar har gjort seg gjeldande for alle storleiksklasser.

Ser ein på kvar i landet bær dyrkinga skjer, er Hedmark fylke leiande med 120 000 bær buskar eller 22 prosent av totaltalet for landet i 1969 og vel 77 000 buskar eller 28 prosent i 1974. Eit anna fylke med mange bær buskar er Nord-Trøndelag. Her var det knapt 36 000 bær buskar i 1974, mot 59 000 i 1969. Elles er bær buskane forholdsvis jamt fordelte ut over landet, dersom ein ser bort frå dei nordlegaste fylka.

Tabell 85. Personlege brukarar med bærbuskar i ulikt omfang, etter kor viktig bruket er som leveveg for brukar og ektemake. Prosent. 1974 *Personal holders with bacciferous shrubs in different numbers, by holding as source of livelihood for holder and spouse. Per cent. 1974*

Tal bærbuskar <i>Number of bacciferous shrubs</i>	I alt <i>Total</i>	Etter bruket som leveveg <i>By holding as source of livelihood</i>			Person- lege brukarar i alt <i>Personal holders, total</i>
		Einaste <i>Sole</i>	Viktig- aste <i>Princi- pal</i>	Ikkje viktig- aste <i>Secon- dary</i>	
Alle bruk <i>All holdings</i>	100,0	21,8	16,0	62,2	1 369
50 - 99 buskar <i>shrubs</i>	100,0	21,1	13,6	65,3	832
100 - 199 " "	100,0	18,5	17,1	64,4	298
200 - 299 " "	100,0	30,2	17,7	52,1	96
300 buskar og over <i>shrubs and more</i>	100,0	27,3	26,6	46,1	143

62 prosent av brukarane med bærbuskar hadde bruket som ikkje viktigaste leveveg i 1974.

Gjennomsnittsalderen for brukarane med bærbuskar var 55,7 år i 1974 (sjå tabell 27 s. 34).

Dette er ein svært høg gjennomsnittsalder.

Tabell 86. Dyrking av bærbuskar etter alder på brukaren. Prosent. 1969 og 1974 *Cultivation of bacciferous shrubs by age of holder. Per cent. 1969 and 1974*

Alder på brukaren <i>Age of holder</i>	Bruk med bær- buskar <i>Number of holdings with bacci- ferous shrubs</i>		Tal bær- buskar <i>Number of bacciferous shrubs</i>		Tal bærbuskar pr. bruk <i>Number of bacciferous shrubs per holding</i>	
	1969	1974	1969	1974	1969	1974
Alle brukarar <i>All holders</i>	100,0	100,0	100,0	100,0	140	186
Under 40 år <i>Under 40 years</i>	12,5	12,2	16,6	24,1	185	366
40 - 59 år <i>years</i>	48,0	42,7	48,1	39,4	140	172
60 år og over <i>years and more</i>	33,1	36,6	25,0	26,3	106	134
Upersonlege brukarar <i>Impersonal holders</i>	6,4	8,5	10,3	10,2	225	224

Det er tydeleg (tabell 86) at dei yngre brukarane satsar noko meir enn eldre brukarar. I 1974 hadde brukarane under 40 år 366 buskar pr. bruk som dyrka, mot 172 for dei mellom 40 og 60 år og 134 buskar pr. bruk for brukarar som var 60 år og eldre.

i. Solbær

Solbær er den mest dyrka arten. I 1969 utgjorde solbærbuskane 75 prosent av alle bærbuskane og i 1974 heile 80 prosent. Talet på solbærbuskar har likevel gått sterkt ned i perioden 1969-1974, frå 410 000 i 1969 til berre 223 000 i 1974. Samtidig har talet på bruk som dyrka gått ned frå 3 800 i 1969 til 1 400 bruk i 1974. Gjennomsnittleg auka tal solbærbuskar pr. bruk frå 108 i 1969 til 158 i 1974.

I 1974 var det spørsmål om solbærbuskane blei hausta mekanisk. Berre 2 prosent av bruka som dyrka solbær (eller 34 bruk) nytta denne metoden. Desse få bruka hadde likevel 69 000 eller 31 prosent av alle solbærbuskane. Gjennomsnittleg var det såleis 2 033 buskar pr. bruk på desse bruka. Dette viser tydeleg skilnaden i strukturen mellom bruk med og utan mekanisk hausting. Over halvparten, 53 prosent, av dei maskinhausta buskane låg i Hedmark og av alle solbærbuskane i Hedmark var det 50 prosent som blei hausta på denne måten. Det kan og nemnast at i Østfold blei heile 84 prosent av solbærbuskane hausta mekanisk.

Fordeler ein solbærbuskane etter alderen på plantefelta i 1974 var 16 prosent under 2 år, 51 prosent var 2-8 år og 33 prosent var over 8 år.

ii. Rips

Det blei registrert knapt 95 000 ripsbuskar i 1969 mot berre 43 000 i 1974 (tabell 87). I 1969 utgjorde dette 17 prosent av alle bærbuskane mot 15 prosent i 1974. Talet på bruk som dyrka har i same tidsrom gått ned frå 3 500 til 1 000 bruk. Gjennomsnittleg tal ripsbuskar pr. bruk var 27 i 1969 og 42 i 1974. Det er såleis jamt over på svært små einingar denne produksjonen foregår.

Geografisk er det Aust-Agder fylke som har mest ripsbuskar med knapt 7 000 eller 16 prosent av alle ripsbuskane i 1974. Det var og relativt mange ripsbuskar i Sogn og Fjordane med vel 5 000 buskar.

Fordeling av ripsbuskane i 1974 etter alder viser at over halvparten (54 prosent) var over 8 år gamle, medan 39 prosent var 2-8 år og berre 7 prosent var under 2 år.

iii. Stikkelsbær

Det har vore ein svært stor reduksjon i talet på stikkelsbærbuskar i 5-årsperioden 1969-1974. Det var 42 000 i 1969 og berre 12 000 buskar i 1974 (tabell 87). I 1969 utgjorde dette 8 prosent av alle bærbuskane mot 4 prosent i 1974. Talet på bruk som dyrka stikkelsbær gjekk i same periode ned frå 2 700 til 600 bruk. Denne produksjonen foregår stort sett på små einingar. Gjennomsnittleg tal stikkelsbærbuskar pr. bruk som dyrka var 16 i 1969 og 19 i 1974.

Hordaland hadde flest stikkelsbærbuskar i 1974, med knapt 2 400. Andre fylke som hadde relativt mange var Rogaland, Sogn og Fjordane og Nord-Trøndelag.

Ser ein på aldersfordelinga, finn ein at i 1974 var heile 75 prosent av buskane over 8 år, 24 prosent var mellom 2 og 8 år og berre 1 prosent var under 2 år. Dette tyder på at denne produksjonen ikkje er særleg aktuell lenger.

Tabell 87. Dyrking av ymse slag bærbuskar etter alder på plantefelt. 1969 og 1974 *Cultivation of different species of shrubs by age of plantage. 1969 and 1974*

Art Species	Bruk med bær- buskar Number of hold- ings with bacci- ferous shrubs		Bærbuskar <i>Bacciferous shrubs</i>				
			I alt Total		Etter alder på plantefelt i 1974 By age of plantage in 1974		
					Under 2 år Under 2 years	2-8 år years	Over 8 år Over 8 years
	1969	1974	1969	1974			
			1 000 stk. 1 000 No.		Prosent Per cent		
Alle <i>All</i>	3 907	1 496	547	278	13,6	48,0	38,4
Solbær <i>Black currants</i>	3 782	1 411	410	223	15,5	51,1	33,4
Rips <i>Red currants</i>	3 537	1 034	95	43	7,3	39,1	53,6
Stikkelsbær <i>Gooseberries</i>	2 659	629	42	12	1,3	24,1	74,6

b. Jordbær

Arealet nytta til jordbær har ikkje endra seg så mykje i 5-årsperioden 1969-1974. Det var 12 075 dekar jordbærareal i 1969 og 11 020 dekar i 1974. Derimot har talet på bruk som dyrka gått sterkt ned, frå 5 100 bruk i 1969 til 3 200 bruk i 1974. Gjennomsnittleg areal pr. bruk har såleis auka frå 2,4 dekar i 1969 til 3,5 dekar i 1974.

Tabell 88. Bruk med jordbær, og jordbærareal, etter omfanget av dyrkinga. 1969 og 1974 *Holdings with strawberries and area used for strawberries, by size of plantage. 1969 and 1974*

Ar Year	I alt Total	0,5- 0,9 dekar decares	1- 1,9 dekar decares	2- 4,9 dekar decares	5- 9,9 dekar decares	10- 14,9 dekar decares	15- 19,9 dekar decares	20 dekar og over decares and more
Bruk med jordbær <i>Number of holdings which cultivated strawberries</i>								
1969	5 097	1 674	1 512	1 354	384	88	33	52
1974	3 163	813	913	856	330	130	50	71
Jordbærareal, dekar <i>Area of strawberries, decares</i>								
1969	12 075	964	1 795	3 713	5 603			
1974	11 120	458	1 081	2 410	2 100	1 463	787	2 821

Nedgangen i talet på bruk som dyrka jordbær har skjedd for einingar med mindre enn 10 dekar jordbærareal, medan det i perioden er blitt nokre fleire bruk med 10 dekar og meir.

Fem fylke hadde i 1974 over 1 000 dekar kvar nytta til jordbær. Dette var Hedmark, Buskerud, Vestfold, Aust-Agder og Nord-Trøndelag. Resten av arealet var jamt fordelt ut over landet.

Tabell 89. Personlege brukarar med jordbær dyrking av ulikt omfang, etter kor viktig bruket er som leveveg for brukar og ektemake. Prosent. 1974 *Personal holders with strawberry plantages of different size, by holding as source of livelihood for holder and spouse. Per cent. 1974*

Jordbærareal <i>Area of strawberries</i>	I alt Total	Etter bruket som leveveg <i>By holding as source of livelihood</i>			Person- lege brukarar i alt <i>Personal holders, total</i>
		Einaste <i>Sole</i>	Viktig- aste <i>Princi- pal</i>	Ikkje viktig- aste <i>Secon- dary</i>	
Alle bruk <i>All holdings</i>	100,0	41,7	23,0	35,3	3 119
0,5 - 0,9 dekar <i>decares</i>	100,0	28,3	19,8	51,9	804
1,0 - 1,9 " "	100,0	37,9	23,1	39,0	903
2,0 - 4,9 " "	100,0	46,3	25,5	28,2	842
5 dekar og over <i>decares and more</i> ...	100,0	59,6	23,9	16,5	570

Jordbær dyrkarane fordelte etter bruket som leveveg er vist i tabell 89. For 65 prosent var bruket einaste eller viktigaste leveveg, medan 35 prosent hadde bruket som ikkje viktigaste leveveg. Gjennomsnittsalderen for brukarar med jordbærareal var i 1974 50,9 år (sjå tabell 27 s. 34).

Tabell 90. Jordbær dyrking etter alder på brukaren. Prosent. 1969 og 1974 *Cultivation of strawberries by age of holder. Per cent. 1969 and 1974*

Alder på brukaren <i>Age of holder</i>	Bruk med jordbær <i>Number of holdings which cultivated strawberries</i>		Jordbærareal <i>Area of strawberries</i>		Jordbærareal pr. bruk <i>Area of strawberries per holding</i>	
	1969	1974	1969	1974	1969	1974
	Prosent <i>Per cent</i>				Dekar <i>Decares</i>	
Alle brukarar <i>All holders</i>	100,0	100,0	100,0	100,0	2,4	3,5
Under 40 år <i>Under 40 years</i>	17,7	20,2	22,0	24,0	3,0	4,2
40 - 59 år <i>years</i>	56,3	51,6	58,1	55,2	2,4	3,8
60 år og over <i>years and more</i>	24,3	26,8	18,2	17,1	1,8	2,2
Upersonlege brukarar <i>Impersonal holders</i>	1,7	1,4	1,7	3,7	2,3	9,3

Tabell 90 viser at gjennomsnittleg areal pr. bruk som dyrka jordbær minka med aukande alder på brukaren.

Tabell 91. Bruk som dyrka ymse sortar jordbær, og jordbærareal etter sort. 1969 og 1974 *Number of holdings which cultivated different sorts of strawberries and area of strawberries, by sort 1969 and 1974*

Sort <i>Sort</i>	Bruk som dyrka <i>Number of holdings which cultivated</i>		Jordbærareal <i>Area of strawberries</i>	
	1969	1974	1969	1974
	Dekar <i>Decares</i>			
I alt <i>Total</i>	5 097	3 163	12 075	11 120
Abundance	1 235	..	1 693	..
Senga Sengana	4 322	2 975	9 518	9 392
Zephyr	..	467	..	963
Andre sortar <i>Other sorts</i>	709	280	864	265

Av tabell 91 går det fram at "Senga Sengana" var den mest dyrka sorten både i 1969 og i 1974. I 1969 utgjorde den 79 prosent av heile jordbæraarealet, og i 1974 89 prosent. I tillegg til "Senga Sengana" blei det i 1974 dyrka om lag berre "Zephyr". Dette er ein relativt ny sort som er karakterisert ved å vere tidleg. I 1974 blei knapt 9 prosent av jordbæraarealet nytta til denne sorten.

Tabell 92. Areal dyrka av ymse sortar jordbær, etter alder på plantefelt. Prosent. 1974 *Area of different sorts of strawberries, by age of plantage. Per cent. 1974*

Sort <i>Sort</i>	Areal i alt <i>Area, total</i>	Ny- planta <i>New planted</i>	1.-3. beregår <i>1-3 years</i>	4. bere- år og eldre <i>4 years and older</i>
Alle sortar <i>All sorts</i>	100,0	21,6	56,4	22,0
Senga Sengana	100,0	21,6	56,3	22,1
Zephyr	100,0	23,5	60,5	16,0
Andre sortar <i>Other sorts</i>	100,0	16,0	43,3	40,7

Arealen fordelt etter alder (tabell 92) viser at i 1974 var 22 prosent nyplanta, 56 prosent var i 1.-3. bereår og 22 prosent var i 4. bereår eller eldre. Ser ein på dei enkelte sortane, hadde samleposten "andre sortar" særleg mykje eldre plantingar.

c. Bringebær

Areal nytta til bringebær var noko mindre i 1974 (1 871 dekar) enn i 1969 (2 087 dekar). Samtidig var det og reduksjon i talet på bruk som dyrka, frå 1 500 bruk i 1969 til 1 300 bruk i 1974. Gjennomsnittleg areal pr. bruk som dyrka var såleis 1,4 dekar både i 1969 og i 1974.

Tabell 93. Bruk med bringebær, og bringebærareal, etter omfanget av dyrkinga. 1969 og 1974 *Holdings with raspberries and area used for raspberries, by size of plantage. 1969 and 1974*

År <i>Year</i>	I alt <i>Total</i>	0,5- 0,9 dekar <i>decares</i>	1-1,9 dekar <i>decares</i>	2-4,9 dekar <i>decares</i>	5-9,9 dekar <i>decares</i>	10 dekar og over decares and more
Bruk med bringebær <i>Number of holdings which cultivated raspberries</i>						
1969	1 527	670	559	246	40	12
1974	1 308	546	453	256	46	7
Bringebærareal, dekar <i>Area of raspberries, decares</i>						
1969	2 087	381	647	632	427	
1974	1 871	302	528	642	272	127

Av tabell 93 går det fram at det er svært få bruk med store areal av bringebær.

Geografisk skil Sogn og Fjordane seg ut når det gjeld bringebærdyrking. I dette fylket auka arealet nytta til bringebær i 5-årsperioden 1969-1974. Sogn og Fjordane hadde 465 dekar eller 22 prosent av bringebærarealen i 1969 og 730 dekar eller 39 prosent i 1974. Andre fylke med forholdsvis stort bringebærareal i 1974 var Hedmark (160 dekar), Buskerud (238 dekar) og Nord-Trøndelag (164 dekar).

Tabell 94. Personlege brukarar med bringebær dyrking av ulikt omfang, etter kor viktig bruket er som leveveg for brukar og ektemake. Prosent. 1974 *Personal holders with raspberry plantages of different size, by holding as source of livelihood for holder and spouse. Per cent. 1974*

Bringebærareal <i>Area of raspberries</i>	I alt <i>Total</i>	Etter bruket som leveveg <i>By holding as source of livelihood</i>			Person- lege brukarar i alt <i>Personal holders, total</i>
		Einaste <i>Sole</i>	Viktig- aste <i>Princi- pal</i>	Ikkje viktig- aste <i>Secon- dary</i>	
Alle bruk <i>All holdings</i>	100,0	38,4	23,9	37,7	1 253
0,5 - 0,9 dekar <i>decares</i>	100,0	29,7	24,1	46,2	526
1,0 - 1,9 " "	100,0	43,4	22,2	34,4	436
2,0 - 4,9 " "	100,0	47,4	26,1	26,5	245
5 dekar og over <i>decares and more</i> .	100,0	43,5	23,9	32,6	46

For 62 prosent av bruka med bringebær dyrking var bruket einaste eller viktigaste leveveg. Dette kan ein sjå av tabell 94.

Gjennomsnittsalderen for brukarar med bringebær dyrking var 53,6 år i 1974, sjå tabell 27, s. 34.

Tabell 95. Bringebær dyrking etter alder på brukaren. Prosent. 1969 og 1974 *Cultivation of raspberries by age of holder. Per cent. 1969 and 1974*

Alder på brukaren <i>Age of holder</i>	Bruk med bringebær <i>Number of holdings which cultivated raspberries</i>		Bringebærareal <i>Area of raspberries</i>		Bringebærareal pr. bruk <i>Area of rasp- berries per holding</i>	
	1969	1974	1969	1974	1969	1974
	Prosent <i>Per cent</i>				Dekar <i>Decares</i>	
Alle brukarar <i>All holders</i>	100,0	100,0	100,0	100,0	1,4	1,4
Under 40 år <i>Under 40 years</i>	15,0	16,3	16,6	18,1	1,5	1,6
40-59 år <i>years</i>	51,2	45,1	52,5	49,4	1,4	1,6
60 år og over <i>years and more</i>	28,5	34,4	22,8	26,6	1,1	1,1
Upersonlege brukarar <i>Impersonal holders</i>	5,3	4,2	8,1	5,9	2,1	2,0

Tabell 95 viser at brukarar over 60 år har noko mindre bringebærareal pr. bruk enn yngre brukarar.

Det går fram av tabell 96 at det har vore svært store endringar i arealet av dei ulike sortane frå 1969 til 1974. "Veten" blei dyrka på 22 prosent av arealet i 1969 og på 59 prosent i 1974. Mesteparten av denne arealauken finn ein i Sogn og Fjordane. Dette fylket hadde i 1969 116 dekar tilplanta med "Veten" og 586 dekar i 1974. Såleis har 74 prosent av auken i arealet til "Veten" kome i dette fylket. For alle dei andre sortane har det vore nedgang i arealet i tidsrommet 1969-1974.

Tabell 96. Bruk som dyrka ymse sortar bringebær, og bringebærareal etter sort. 1969 og 1974 *Number of holdings which cultivated different sorts of raspberries and area used for raspberries, by sort. 1969 and 1974*

Sort <i>Sort</i>	Bruk som dyrka <i>Number of holdings which cultivated</i>		Bringebærareal <i>Area of raspberries</i>	
	1969	1974	1969	1974
			Dekar <i>Decares</i>	
I alt <i>Total</i>	1 527	1 308	2 087	1 871
Asker	352	201	409	239
Preussen	635	261	573	211
Lloyd George	282	136	228	91
Norna	178	..	146	..
Veten	340	834	466	1 103
Andre sortar <i>Other sorts</i>	291	213	265	227

Tabell 97. Areal brukt til ymse sortar bringebær, etter alder på plantefelt. Prosent. 1974 *Area used for different sorts of raspberries, by age of plantage. Per cent. 1974*

Sort <i>Sort</i>	Areal i alt <i>Area, total</i>	Under 2 år <i>Under 2 years</i>	2- 10 år <i>2-10 years</i>	Over 10 år <i>Over 10 years</i>
Alle sortar <i>All sorts</i>	100,0	18,7	70,8	10,5
Asker	100,0	14,2	46,9	38,9
Preussen	100,0	6,1	72,6	21,3
Lloyd George	100,0	3,8	83,1	13,1
Veten	100,0	23,9	74,7	1,4
Andre sortar <i>Other sorts</i>	100,0	15,7	70,8	13,5

Ut i frå alderen på plantefelta kan ein til ein viss grad sjå kva sort brukarane satsar på i framtida. Tabell 97 viser at "Veten" har høgaste prosenten med nyplanting, medan ein for "Asker" har svært mange eldre plantefelt.

VI. GRØNSAKDYR KING PÅ FRILAND

1. Generelt

Ved jordbruksteljinga i 1969 blei det for første gong samla inn oppgaver spesielt for bruk med minst 1 dekar grønsakareal på friland. Det er såleis noko kort tid for å sjå på utviklinga innan grønsakdyrkinga. Det har likevel i perioden 1969-1974 vore sterk utvikling mot færre og større einingar. I 1969 var det vel 5 600 bruk med minst 1 dekar grønsakareal på friland, mot berre knapt 4 000 slike bruk i 1974. Areal nytta til grønsaker endra seg lite i tidsrommet, slik at gjennomsnittleg areal pr. bruk som dyrka auka frå 8,5 dekar i 1969 til 11,6 dekar i 1974.

Tabell 98. Grønsakdyrking på friland¹⁾. Bruk med grønsaker, og grønsakareal, etter storleiken på arealet. 1969 og 1974 *Cultivation of field-grown vegetables¹⁾. Holdings with vegetables and area used for vegetables, by size of area used. 1969 and 1974*

Ar Year	I alt Total	1- 1,9 dekar decares	2- 4,9 dekar decares	5- 9,9 dekar decares	10- 14,9 dekar decares	15- 19,9 dekar decares	20- 29,9 dekar decares	30 dekar og over decares and over
Bruk med grønsaker <i>Number of holdings which cultivated vegetables</i>								
1969	5 639	1 542	1 718	979	490	262	329	319
1974	3 958	781	1 107	722	387	203	321	437
Grønsakareal, dekar <i>Area of vegetables, decares</i>								
1969	48 066	1 859	5 029	6 564	5 641	4 330	7 657	16 986
1974	46 037	930	3 222	4 789	4 384	3 315	7 518	21 879

1) Tabellane for grønsakdyrking på friland omfattar berre bruk med minst 1 dekar grønsakareal.

1) *The data for cultivation of field grown vegetables include only holdings with at least 1 decare of of vegetables.*

Tabell 98 viser tal bruk og grønsakareal fordelt etter storleiken på grønsakarealet. Det går fram at det er bruk med relativt lite grønsakareal det er blitt langt færre av, medan det er blitt fleire bruk med minst 30 dekar grønsakareal.

Ein stor del av grønsakproduksjonen foregår på Austlandet. Til saman hadde denne landsdelen 69 prosent av grønsakarealet i 1974. Vestfold er det "store" grønsakfylket, med 10 500 dekar i 1974 eller 23 prosent av alt areal nytta til grønsaker. Buskerud er og eit stort grønsakfylke. Mesteparten av grønsakarealet i dette fylket finn ein i Lier kommune. Elles kan nemnast at Aust-Agder, Rogaland og Nord-Trøndelag har relativt store areal nytta til grønsakdyrking.

Ser ein på utviklinga for dei enkelte fylka frå 1969 til 1974, har det vore auke i arealet i Hedmark, Oppland, Vestfold, Aust-Agder, Sogn og Fjordane, Nord-Trøndelag og Nordland. I same tidsrommet har det vore særleg sterk nedgang i arealet i Rogaland. Av tabell 99 går det fram at 7 200 dekar blei nytta til grønsaker i Rogaland i 1969, mot berre 4 600 dekar i 1974. Mesteparten av denne nedgangen kjem av at arealet nytta til gulrot var mykje mindre i 1974 enn i 1969. Årsaka til større grønsakareal i Hedmark skuldast først og fremst auke i arealet til konserveserter, medan det i Oppland er registrert sterk auke i kepalaukarealet. Vidare ser det ut til at auke i arealet til dei ulike kålkulturane er årsaka til oppgangen i Sogn og Fjordane.

Tabell 99. Bruk med grønsaker og grønsakareal, etter fylke. 1969 og 1974 *Holdings with vegetables and area used for vegetables, by county. 1969 and 1974*

Fylke County	Tal bruk med grønsaker Number of holdings which cultivated vegetables		Grønsakareal Area used for vegetables			
			I alt Total		Prosent Per cent	
	1969	1974	1969	1974	1969	1974
			Dekar Decares			
I alt Total	5 639	3 958	48 066	46 037	100,0	100,0
Østfold	444	322	5 151	4 522	10,7	9,8
Akershus	253	141	2 631	2 006	5,5	4,4
Oslo	9	6	79	46	0,2	0,1
Hedmark	290	208	3 360	4 545	7,0	9,9
Oppland	223	163	2 208	2 546	4,6	5,5
Buskerud	340	279	6 326	5 818	13,1	12,6
Vestfold	712	588	9 047	10 543	18,7	22,9
Telemark	238	152	2 054	1 651	4,3	3,6
Aust-Agder	305	224	2 966	3 034	6,2	6,6
Vest-Agder	145	91	1 056	879	2,2	1,9
Rogaland	1 225	698	7 210	4 591	15,0	10,0
Hordaland	217	182	561	509	1,2	1,1
Sogn og Fjordane	139	143	404	755	0,8	1,6
Møre og Romsdal	266	177	1 180	836	2,5	1,8
Sør-Trøndelag	126	56	460	257	1,0	0,6
Nord-Trøndelag	436	313	2 507	2 638	5,2	5,7
Nordland	147	128	472	537	1,0	1,2
Troms	117	83	371	314	0,8	0,7
Finmark	7	4	23	10	0,0	0,0

Tabell 100. Dyrking av enkelte grønsakvekstar. 1969 og 1974 *Cultivation of different species of vegetables. 1969 and 1974*

Grønsakvekst Species of vegetables	Bruk som dyrka Number of holdings which cultivated		Areal Area			
			I alt Total		Prosent med plastdekke Under plastic cover as per cent of total	
	1969	1974	1969	1974	1969	1974
			Dekar Decares			
Alle bruk All holdings	5 639	3 958	48 066	46 037	4,0	5,4
Blomkål Cauliflower	1 391	1 150	5 048	5 233	1,6	2,5
Kvitkål White cabbage	2 743	2 030	13 161	11 811	3,9	5,8
Tidlegkål Early cabbage	1 213	987	2 474	2 217	19,9	27,9
Haustkål Autumn cabbage	1 082	725	2 166	1 478	0,7	1,1
Vinterkål Winter cabbage	1 869	1 554	8 521	8 116	0,1	0,5
Rosenkål Brussel-sprouts	235	229	763	601	0,2	0,1
Annan kål Other cabbage and kale ...	193	201	265	483	-	3,9
Gulrot Carrots	3 450	2 079	15 478	10 431	4,8	10,1
Bønner Beans	466	424	680	919	1,4	1,0
Erter Peas	464	374	5 263	8 762	0,4	-
Konserves Conserves	..	285	..	8 684	..	-
Andre Other	..	89	..	78	..	-
Purre Leek	639	549	1 135	1 086	1,4	2,5
Knollselleri Root celery	316	278	502	616	0,7	1,3
Raubete Beet roots	426	356	739	717	0,1	-
Kepalauk Onions	492	436	2 357	3 082	0,6	3,6
Sålauk Onion, directly sown	167	190	858	1 450	1,2	7,7
Planta lauk Planted onion	..	66	..	226	..	-
Stikklauk Onion-sets	391	272	1 499	1 406	0,3	0,0
Agurk Cucumbers	562	323	911	552	51,0	60,2
Salat Lettuce	297	249	385	422	6,4	6,7
Rotpersille Turnips-rooted parsley ..	117	136	217	238	0,2	1,6
Spinat Spinach	20	18	122	91	-	-
Graslauk Chives	26	28	85	87	1,8	1,3
Kruspersille Curled parsley	102	83	72	75	3,2	1,7
Andre grønsaker Other vegetables ...	881	444	883	831	2,7	7,1

Tabell 100 viser omfanget av dyrkinga av dei enkelte grønsakvekstane. Til dels var det store endringar i arealet til dei ymse kulturane frå 1969 til 1974. Truleg vil det alltid vere svingingar frå år til år i arealet nytta til dei enkelte grønsakvekstane, m.a. avhengig av etterspurnad og pris året før, sjukdomsproblem m.v. Det er derfor vanskeleg å seie om tala gir uttrykk for ei utvikling, eller om det akkurat i teljingsåret er særskilde forhold som gjer at oppgåvene ikkje blir representative for ein periode. Det er tydeleg at kvitkål og gulrot er hovudkulturar. Til saman hadde desse to kulturane 60 prosent av alt areal nytta til grønsaker i 1969, men berre 48 prosent i 1974. Det er særleg gulrot-arealet som har minka i denne perioden, frå vel 15 000 dekar i 1969 til vel 10 000 dekar i 1974. I 1969 var arealet til blomkål og erter om lag likt (rundt 5 000 dekar), men i 1974 hadde ertearealet auka til knapt 9 000 dekar eller 19 prosent av samla areal, medan arealet nytta til blomkål ikkje endra seg særleg. Kपालauk er og ein relativt stor kultur og arealet utgjorde 4,9 prosent av samla areal i 1969 og 6,7 prosent i 1974. Det kan elles nemnast at alle dei andre kulturane kvar for seg har frå 0,1 til 2,4 prosent av det totale grønsakarealet.

Av tabell 100 kan ein sjå at plastdekke blei brukt på ein større del av arealet i 1974 enn i 1969. Det er særleg agurk som blir dyrka under plastdekke. Det blei nytta plastdekke på heile 60 prosent av agurkarealet i 1974. For tidlegkål blei plast brukt på 28 prosent av arealet i 1974, medan 10 prosent av gulrotarealet blei dyrka under plastdekke.

Tabell 101. Bruk som dyrka grønsakvekstar utan plastdekke, etter storleiken på arealet. Prosent.
1974 *Number of holdings which cultivated vegetables without plastic cover, by size of area. Per cent. 1974*

Grønsakvekst <i>Species of vegetables</i>	I alt <i>Total</i>	0,1- 1,9 dekar <i>decares</i>	2- 4,9 dekar <i>decares</i>	5- 9,9 dekar <i>decares</i>	10- 19,9 dekar <i>decares</i>	20 dekar og over <i>decares and over</i>	Bruk som dyrka <i>Number of holdings which cultivated</i>
Prosent <i>Per cent</i>							
Blomkål <i>Cauliflower</i>	100,0	50,8	24,9	11,5	7,7	5,1	1 124
Tidlegkål <i>Early cabbage</i>	100,0	67,3	22,1	8,3	2,0	0,3	858
Haustkål <i>Autumn cabbage</i>	100,0	67,0	20,1	9,1	3,1	0,7	717
Vinterkål <i>Winter cabbage</i>	100,0	42,7	23,0	16,9	11,1	6,3	1 534
Rosenkål <i>Brussel-sprouts</i>	100,0	62,4	23,1	7,1	4,8	2,6	226
Annan kål <i>Other cabbage and kale</i>	100,0	67,2	21,2	5,6	4,0	2,0	198
Gulrot <i>Carrots</i>	100,0	41,5	28,9	15,5	9,5	4,6	1 995
Bønner <i>Beans</i>	100,0	63,1	23,2	12,0	1,7	-	418
Konserveserter <i>Peas of conserves</i>	100,0	2,8	1,1	1,8	13,3	81,0	285
Andre erter <i>Other peas</i>	100,0	87,7	10,1	2,2	-	-	89
Purre <i>Leek</i>	100,0	70,4	18,5	7,7	2,6	0,8	534
Knollselleri <i>Root celery</i>	100,0	67,4	18,1	9,3	4,1	1,1	270
Raubete <i>Beet roots</i>	100,0	70,2	17,7	5,9	5,9	0,3	355
Sålauk <i>Onion, directly sown</i> ...	100,0	12,6	26,5	31,9	22,5	6,5	182
Planta lauk <i>Planted onion</i>	100,0	51,5	27,3	9,1	9,1	3,0	66
Stikklauk <i>Onion sets</i>	100,0	44,3	21,3	15,7	10,1	8,6	268
Agurk <i>Cucumbers</i>	100,0	75,1	19,0	4,6	1,3	-	153
Salat <i>Lettuce</i>	100,0	68,3	23,6	6,0	1,7	0,4	233
Rotpersille <i>Turnips-rooted parsley</i>	100,0	69,7	19,7	8,3	2,3	-	132
Spinat <i>Spinach</i>	100,0	22,2	38,9	11,1	27,8	-	18
Graslauk <i>Chives</i>	100,0	59,3	25,9	3,7	7,4	3,7	27
Kruspersille <i>Curled parsley</i> ...	100,0	80,7	16,7	2,6	-	-	78

Tabell 102. Bruk som dyrka grønsakvekstar med plastdekke, etter storleiken på arealet under plast. Prosent. 1974 *Number of holdings which cultivated vegetables under plastic cover, by size of area under plastic cover. Per cent. 1974*

Grønsakvekst <i>Species of vegetables</i>	I alt <i>Total</i>	0,1- 1,9 dekar <i>decares</i>	2- 4,9 dekar <i>decares</i>	5- 9,9 dekar <i>decares</i>	10- 19,9 dekar <i>decares</i>	20 dekar og over <i>decares and over</i>	Bruk som dyrka <i>Number of holdings which cultivated</i>
Prosent <i>Per cent</i>							
Blomkål <i>Cauliflower</i>	100,0	68,0	25,0	4,2	1,4	1,4	72
Tidlegkål <i>Early cabbage</i>	100,0	45,4	31,1	15,8	6,6	1,1	183
Gulrot <i>Carrots</i>	100,0	38,6	30,3	19,1	9,5	2,5	241
Sålauk <i>Onion, directly sown</i>	100,0	13,1	47,8	26,1	8,7	4,3	23
Agurk <i>Cucumbers</i>	100,0	55,8	38,4	4,1	1,7	-	172
Salat <i>Lettuce</i>	100,0	85,7	10,7	3,6	-	-	28

Tabell 101 viser bruka fordelte etter storleiken av arealet av enkelte grønsakvekstar utan plastdekke. Tabell 102 viser det same for dyrking med plastdekke. Det går fram av tabell 101 at dei fleste grønsakvekstane hovudsakeleg blir dyrka på små einingar, men at dette ikkje gjeld for konserverter. Heile 81 prosent av bruka som dyrka konserverter hadde 20 dekar og meir. Gjennomsnittleg areal pr. bruk som dyrka var 30,5 dekar, og er såleis mykje høgare enn for nokon av ein dei andre grønsakkulturane. Til samanlikning kan nemnast sålauk, der gjennomsnittleg areal pr. bruk som dyrka var 7,6 dekar og som har nest høgaste gjennomsnittstal. Når det gjeld dei mest vanlege grønsakslaga som blomkål, vinterkål, gulrot og kepalauk er det også ein del bruk med relativt store einingar. Dette gjeld og for den mindre dyrka spinaten. Elles kan ein sjå av tabell 102 at fleire bruk har til dels store areal av ymse kulturar der plastdekke blei nytta.

Tabell 103. Personlege brukarar med grønsakareal av ulik storleik, etter kor viktig bruket er som leveveg for brukar og ektemake. Prosent. 1974 *Personal holders with area of vegetables of different size, by holding as source of livelihood for holder and spouse. Per cent. 1974*

Grønsakareal på friland <i>Area of field grown vegetables</i>	I alt <i>Total</i>	Etter bruket som leveveg <i>By holding as source of livelihood</i>			Person- lege brukarar i alt <i>Personal holders, total</i>
		Einaste <i>Sole</i>	Viktigaste <i>Princi- pal</i>	Ikkje viktigaste <i>Secon- dary</i>	
Prosent <i>Per cent</i>					
Alle bruk <i>All holdings</i>	100,0	64,0	19,8	16,2	3 849
1 - 1,9 dekar <i>decares</i>	100,0	47,8	21,0	31,2	762
2 - 4,9 " "	100,0	56,2	22,3	21,5	1 083
5 - 9,9 " "	100,0	67,8	20,0	12,2	698
10 - 19,9 " "	100,0	73,8	19,0	7,2	568
20 dekar og over <i>decares and more</i> .	100,0	80,9	15,6	3,5	738

Av tabell 103 går det fram at grønsakproduksjon på friland stort sett er knytta til bruk der bruket er einaste eller viktigaste leveveg for brukaren. Vidare viser tabellen tydeleg samanheng mellom storleiken av grønsakarealet og bruket som leveveg.

I tabell 27, s. 34 er vist at gjennomsnittsalderen for grønsakdyrkarane var 49,0 år i 1974. Dette var lågare gjennomsnittsalder enn for dei andre hagebrukssektorane.

Tabell 104. Tal bruk som dyrka grønsaker og grønsakareal, etter alder på brukaren. Prosent. 1969 og 1974 *Number of holdings which cultivated vegetables and area used for vegetables, by age of holder. Per cent. 1969 and 1974*

Alder på brukaren <i>Age of holder</i>	Tal bruk med grønsaker <i>Number of holdings which cultivated vegetables</i>		Grønsakareal <i>Area of vegetables</i>		Grønsakareal pr. bruk <i>Area of vegetables per holding</i>	
	1969	1974	1969	1974	1969	1974
	Prosent <i>Per cent</i>				Dekar <i>Decares</i>	
Alle brukarar <i>All holders</i>	100,0	100,0	100,0	100,0	8,5	11,5
Under 40 år <i>Under 40 years</i>	21,5	23,7	25,8	27,9	10,2	13,7
40 - 59 år <i>years</i>	55,8	52,7	56,5	53,9	8,6	11,3
60 år og over <i>years and more</i>	19,9	20,8	15,0	15,4	6,4	8,5
Upersonlege brukarar <i>Impersonal holders</i>	2,8	2,8	2,7	2,8	8,1	11,3

Yngre brukarar har gjennomsnittleg større grønsakareal enn eldre brukarar. Dette går fram av tabell 104.

2. Dei enkelte grønsakvekstane

a. Blomkål

Både i 1969 og i 1974 blei rundt 5 000 dekar nytta til blomkål. Dette utgjer ca. 10 prosent av samla grønsakareal. Derimot er det blitt litt færre bruk som produserer blomkål, slik at gjennomsnittleg areal pr. bruk som dyrka auka frå 3,6 dekar i 1969 til 4,6 dekar i 1974. Denne produksjonen foregår særleg i Buskerud fylke og i 1974 låg 30 prosent av alt areal nytta til blomkål her. Mesteparten av dette arealet var i Lier kommune. Akershus har og stort areal, og her var det spesielt stor produksjon i Ski kommune.

b. Kvitkål

Det blei nytta litt mindre areal til kvitkål i 1974 enn i 1969. Likevel var det kvitkål som blei dyrka på størst areal av dei ulike grønsakvekstane i 1974, medan det i 1969 var gulrot som hadde største arealet. Kvitkålaarealet utgjorde i 1974 26 prosent av alt grønsakareal. Det var færre bruk som dyrka kvitkål i 1974 enn i 1969, men rekna i prosent av bruka som dyrka grønsaker på friland, var det begge teljingsåra rundt 50 prosent som dyrka kvitkål. Størsteparten (69 prosent) av kvitkålaarealet i 1974 blei nytta til vinterkål, 19 prosent blei nytta til tidlegkål og 12 prosent til haustkål. Produksjonen av kvitkål er stort sett fordelt etter kor stor grønsakproduksjon fylka elles har. Østre Toten (1 091 dekar) og Lier (1 361 dekar) skil seg ut med særleg stort areal.

c. Rosenkål

Arealet nytta til rosenkål utgjør ein svært liten del av samla grønsakareal, berre vel 1 prosent i 1974. Samtidig var det knapt 6 prosent av alle grønsakbruka som dyrka rosenkål. Gjennomsnittleg areal pr. bruk som dyrka var 3,2 dekar i 1969 og 2,6 dekar i 1974. Geografisk finn ein svært mykje av denne produksjonen i Buskerud. I 1974 hadde Buskerud 60 prosent av rosenkålaarealet og om lag alt saman låg i Lier kommune. Ein annan kommune med stort rosenkålaareal var Lærdal i Sogn og Fjordane. Denne kommunen hadde svær auke i 5-årsperioden, frå 3 dekar i 1969 til 47 dekar i 1974.

d. Annan kål

Mesteparten av "annan kål" er raudkål. Arealet til "annan kål" utgjør berre rundt 1 prosent av samla grønsakareal, medan det var 5 prosent av grønsakbruka som dyrka "annan kål" i 1974. Gjennomsnittleg areal pr. bruk auka frå 1,4 dekar i 1969 til 2,4 dekar i 1974. Vel halvparten av arealet låg i 1974 i Buskerud og Vestfold.

e. Gulrot

Arealet til gulrot minka frå 15 000 dekar i 1969 til 10 000 dekar i 1974. Samtidig var det og langt færre bruk som dyrka i 1974 (2 100 bruk) enn i 1969 (3 450 bruk). Gjennomsnittleg areal pr. bruk som produserte gulrot var 4,5 dekar i 1969 og 5,0 dekar i 1974. Gulrotarealet utgjorde 32 prosent av samla grønsakareal i 1969 og berre 23 prosent i 1974. Såleis var det gulrot som blei dyrka på størst areal av grønsakkulturane i 1969, medan det i 1974 blei nytta størst areal til kvitkål. Svært mange av bruka med grønsakdyrking dyrkar gulrot, 61 prosent i 1969 og 53 prosent i 1974. Rogaland er stor produsent av gulrot. Heile 65 prosent av grønsakarealet i dette fylket blei nytta til gulrot i 1974, mot 72 prosent i 1969. I 1974 hadde Rogaland 29 prosent av gulrotarealet. Særleg hadde kommunane Hå og Klepp stort gulrotareal. Elles er Østfold, Hedmark, Vestfold og Nord-Trøndelag fylke med relativt store areal nytta til gulrot. Den registrerte nedgangen i arealet frå 1969 til 1974 er fordelt på dei ulike fylka om lag etter kor stort areal dei hadde i 1969.

f. Bønner

Arealet nytta til bønner auka frå 680 dekar i 1969 til 918 dekar i 1974. På den andre sida var det færre bruk som dyrka i 1974 enn i 1969, slik at gjennomsnittleg areal pr. bruk auka frå 1,5 dekar til 2,2 dekar. I 1974 utgjorde arealet nytta til bønner 2 prosent av samla grønsakareal og det var då 11 prosent av grønsakbruka som dyrka bønner. Denne produksjonen er vesentleg konsentrert til Østfold, Vestfold og Aust-Agder. Spesielt kan nemnast kommunane Kygge (72 dekar), Sem (100 dekar) og Grimstad (350 dekar). Som årsaker til den sterke konsentrasjonen i dyrkinga kan nemnast at bønner er ein særleg varmekrevjande vekst. Dessutan går mykje av produksjonen til konserver, og det er derfor naturleg at ein finn mykje av arealet i nærleiken av konserverfabrikkar.

g. Erter

Det blei registrert mykje større areal nytta til erter i 1974 (8 800 dekar) enn i 1969 (5 300 dekar). Talet på bruk som dyrka gjekk derimot ned frå 464 i 1969 til 374 i 1974. Ved hagebruksteljinga i 1974 blei det skilt mellom konserverserter og andre erter. Mesteparten av ertearealet (99 prosent) blei nytta til konserveredyrking. Gjennomsnittleg areal pr. bruk som dyrka var 30,5 dekar for konserverserter og 0,5 dekar for andre erter. Dette viser tydeleg skilnaden i strukturen i dyrkinga av erter for to ulike formål. Under nemninga "andre erter" kjem stort sett dyrkinga av sukkererter. Dette er ein svært arbeidskrevjande kultur, der mesteparten av arbeidet foregår manuelt. Ertedyrking for konserverindustrien er basert på maskinell drift. Denne dyrkinga skjer oftast i nært samarbeid mellom brukar og konserverfabrikk, og avansert hausteutstyr vert nytta. Arealet nytta til erter utgjorde 11 prosent av samla grønsakareal i 1969 og 19 prosent i 1974. Auka interesse for konservering ved frysing eller hermetisering er truleg årsaka til oppgangen i dette arealet. Produksjonen av erter er sterkt konsentrert til visse område. I 1974 låg vel halvparten av ertearealet i Vestfold fylke (4 800 dekar). Også

Hedmark har stort areal med 2 000 dekar. Her var produksjonen særleg konsentrert til Ringsaker kommune med vel 1 500 dekar. Resten av arealet nytta til erter låg stort sett i Østfold, Telemark og Aust-Agder. Den sterke auken i arealet frå 1969 til 1974 er stort sett skjedd i Hedmark og Vestfold.

h. Purre

Arealet nytta til purre var omlag 1 100 dekar både i 1969 og i 1974. Talet på bruk som dyrka purre gjekk litt ned, slik at gjennomsnittleg areal pr. bruk auka frå 1,8 dekar i 1969 til 2,0 dekar i 1974. Purrearealet utgjorde vel 2 prosent av samla areal til grønsaker i 1974 og 14 prosent av grønsakbruka dyrka purre. Denne produksjonen er særleg stor i Lier kommune, med 397 dekar eller 37 prosent av heile purrearealet i 1974.

i. Knollselleri

Arealet nytta til knollselleri utgjorde ikkje meir enn rundt 1 prosent av samla grønsakareal dei to teljingsåra. Det var noko auke i arealet i perioden samtidig som det blei færre bruk som dyrka, slik at gjennomsnittleg areal pr. bruk auka frå 1,6 dekar i 1969 til 2,2 dekar i 1974. Heile 66 prosent av arealet nytta til knollselleri i 1974 var i Buskerud og Vestfold. Lier kommune hadde mesteparten av arealet i Buskerud.

j. Raudbete

Arealet nytta til raudbete var om lag like stort i 1969 og i 1974, men talet på bruk som dyrka gjekk noko ned. Såleis har gjennomsnittleg areal pr. bruk som dyrka auka frå 1,7 dekar i 1969 til 2,0 dekar i 1974. Arealet til raudbete utgjorde rundt 1,5 prosent av samla grønsakareal dei to teljingsåra. Ein stor del av arealet nytta til raudbete i 1974 (68 prosent) låg i Østfold og Vestfold. Det var særleg kommunane Rygge (112 dekar) og Sem (171 dekar) som hadde stort areal.

k. Kepalauk

Arealet nytta til kepalauk auka frå 2 400 dekar i 1969 til 3 100 dekar i 1974. Dette tilsvara 6,7 prosent av samla areal nytta til grønsaker i 1974, mot 4,9 prosent i 1969. Samtidig er det blitt nokre færre bruk som dyrka kepalauk. Gjennomsnittleg areal pr. bruk har dermed auka frå 4,8 dekar i 1969 til 7,1 dekar i 1974. 41 prosent av alt laukarealet i 1974 låg i Vestfold fylke, medan Oppland hadde 28 prosent. Nesten alt laukarealet i Oppland låg i Østre Toten. I denne kommunen auka laukarealet meir over 400 dekar frå 1969 til 1974.

Det blir nytta ulike metodar for å produsere kepalauk: stikklauk, sålauk og planta lauk. I 1974 registrerte ein om lag like mykje areal nytta til sålauk som til stikklauk. Utviklinga frå 1969 har såleis ført til auke i sålaukarealet og litt nedgang når det gjeld stikklaukarealet. Arealet av planta lauk blei registrert for første gong i 1974 og det utgjorde då 7 prosent av laukarealet. I Hedmark og Oppland blei det for det meste nytta stikklauk. I dei andre fylka med stort areal til kepalauk i 1974 blei sålauk nytta på større areal enn stikklauk. Dette må truleg sjåast i samband med klimaet på dei ulike stader, idet sålauk har lenger utviklingstid enn stikklauk.

l. Agurk

Berre vel 1 prosent av samla areal til grønsaker blei nytta til frilandsagurk i 1974, mot knapt 2 prosent i 1969. Talet på bruk som dyrka var gått noko ned i perioden. Gjennomsnittleg areal pr. bruk som dyrka var 1,6 dekar i 1969 og 1,7 dekar i 1974. Østfold og Vestfold hadde mesteparten av agurkarealet i 1974, men det var og ein del slikt areal i Aust-Agder. Frilandsagurk blir vesentleg nytta av konserverindustrien, og det ser ut til at dyrkinga er konsentrert til område kring konserverfabrikkar.

m. Salat

Areal nytta til salat utgjorde under 1 prosent av samla areal til grønnsaker begge teljingsåra, men arealet var likevel litt større i 1974 enn i 1969. Samtidig var det blitt færre bruk som dyrka salat. Såleis har gjennomsnittleg areal pr. bruk auka frå 1,3 dekar i 1969 til 1,7 dekar i 1974. Buskerud er det fylket som dyrka mest salat med 25 prosent av salatarealet i 1974. Mesteparten av dette (87 dekar) låg i Lier kommune.

n. Rotpersille

